

Laksdøla

Laksdøla

1899 oversettelse til norsk av Stefan Frieh fra islandske 'Laxdæla saga'.

Kapittel 1

Kjetil flatnev, son av Bjørn buna, var ein megtug og ættstor herse i Noreg; han budde i Raumsdal i Raumsdølafylke, millom Sunnmøre og Nordmøre. Kjetil flatnev var gift med Yngvild, dotter aat ein framifraa mann som heitte Kjetil ver. Dei hadde 5 born, 2 søner og 3 døtrar. Sønerne var Bjørn den austrøne og Helge bjolan; døtrarne var Torunn hyrna, Unn den djuprike og Jorunn mannvitsbrekka. Torunn hyrna vart gift med Helge den magre, son aat Øyvind austmann og Rafarta, dotter aat Kjarfal irarkonge. Unn den djuprike vart gift med Olav den kvite, son aat Ingjald, son aat Frode den frøkne, som Sveitingssønerne drap. Jorunn mannvitsbrekka vart mor aat Kjetil fivlske, som tok land i Kirkjubø; son hans var Aasbjørn, far aat Torstein, far aat Surt, far aat Sighvat log-sogumann.

Kapittel 2

Den tid Kjetil vart gamall, voks rike aat kong Harald haarfagre upp, so ingen fylkeskonge elder annan stormann kunde halda seg i lande, minder han raadde for rangen deira. Daa no Kjetil fekk spurt at kong Harald hadde etla honom same kaar som andre stormenner: aa hava frendarne sine ubøtte og endaatil sjølv verta gjort til leiglending, daa stemnde han frendarne sine til ting og sagde: "De kjenner til kva eg hev havt med kong Harald aa gjera, so eg tarv ikkje gjeta meir paa det; men det gjeld meir um aa linna raad for den vanden me no er komne i. Eg hev spurt for visst, at kong Harald er vaar fiende; fraa honom hev me inkjenoko godt aa venta. So vidt eg ser, hev me berre tvo kaar: aa røma lande elder verta drepne, kvar i sitt rom. Eg er mest huga paa same dauden som frendarne mine; men ikkje vil eg leida dykk i so stor ein faare utan aa spyrja dykk fyrst, for eg kjenner huglynde aat frendom og venom mine, at de vil ikkje skilja dykk fraa oss, um det og skal røyna noko paa aa fylgja meg. Bjørn Kjetilson svara: "Eg skal snøgt segja ifraa, kva eg vil. Eg vil gjera som gjæve menner hev gjort fyrr, og røma dette lande. Eg tykkjer ikkje eg veks av di, um eg bider her heime paa trælarnes kong Harald og læt dei jaga oss fraa eignom vaare elder reint drepa osa." Desse ordi vart mottekne med fagnadrop, og dei tykte det var karsleg tala. Dei vart samstelte um det, at dei skulde fara utor lande; for sønerne hans Kjetil talde mykje til, og ingen mælte imot. Bjørn og Helge vilde fara til Island, for dei hadde spurt mykje gildt derifraa; dei sagde der var godt for jord, som dei kunde faa for inkjenoko, der rak mykje kval inn til lande, der var laksefiskje, og anna fiskje var der heile aare um. Men Kjetil sagde: "Til den fiskjestaden kjem eg aldri paa mine gamle dagar," og kom daa fram med si meining, at han vilde helder fara i Vesthave, der han likte seg godt og var vel kjend lange leider, av di han hadde herja der vidt umkring.

Kapittel 3

Etter dette heldt Kjetil eit stort gjestebod; daa gifte han Torunn hyrna, dotter si, med Helge den magre, som fyrr sagt. So budde han seg til ferdi si vestyver have. Unn, dotter hans, for med honom, og mange andre av frendom hans. Kjetilssønerne og Helge magre, maagen deira, for same sumaren til Island. Bjørn Kjetilson kom med skipe sitt vest i Breidafjorden; han siglde innerter fjorden nær det søre lande, til dei kom einstad der ein fjord skar seg inn i lande; paa nese innan-for fjorden var eit høgt fjell, og lite fraa land laag der ei øy. Bjørn sagde dei skulde dvelja der ei tid. Han gjekk paa land med nokre menner og reika frammed sjøen; der var ikkje langt millom fjell og fjøra; han tykte der var byggjande. Der fann Bjørn høgsættestolparne sine i ei vik, der dei hadde reke inn; dei tykte daa dei hadde fenge synt seg bustaden. Sidan tok Bjørn aat seg alt lande millom Stavaa og Raunfjorden og bygde den

garden som sidan heiter Bjarnarhavn. Han var kalla Bjørn den austrøne. Kona hans var Gjavlaug, dotter aat Kjallak den gamle; sønerne deira var Ottar og Kjallak; son hans Kjallak var Torgrim, far aat Viga-Styr og Vermund, og dotter hans Kjallak heitte Helga, som vart gift med Vestar paa Øyre, son aat Torolv bladra-skalle, som tok Øyre; son deira var Torlaak, far aat Steintor paa Øyre. Helge bjolan kom med skipe sitt sør i lande; han tok heile Kjalarnes millom Kolla-fjorden og Kvalfjorden og budde paa Esjuberg til sin alderdom. Helge magre kom med sitt skip nord i lande; han tok heile Øyjafjorden millom Siglunes og Røynesnes og budde paa Kristnes. Fraa Helge og Torunn or Øyfjordinga-ætti komi.

Kapittel 4

Kjetil flatnev kom med skipe sitt til Skotland og vart godt motteken av hovdingom, av di han var ein namngjeten og storætta mann, og dei baud honom der dei kaar som han vilde. Kjetil slo seg ned der med alt frendefolke sitt, so nær som Torstein, dottersonen hans; for han gav seg straks paa herferd og herja vidt omkring i Skotland og fekk jamnan siger. Sidan gjorde han forlik med skottarkongen og fekk halve Skotland og vart konge yver. Han vart gift med Turid Øyvindsdotter, syster aat Helge magre. Skottarne heldt ikkje lenge forlike, for dei sveik honom mot all folkerett. Are Torgilson den frode segjer um Torstein at han fall paa Katanes. Unn djuprike var paa Katanes, daa Torstein, son hennar, fall, og daa ho spurde det, at Torstein var fallen og far hennar daaen, daa trudde ho ikkje ho kunde faa nokor oppreising der. Daa fekk ho løyneleg bygt ein knarr i skogen og hadde all rikdomen sin um bord. Ho fekk med seg alle dei frendarne sine der som enno var i live. So segjer folk, at dei knapt veit dømme paa at eit kvinnfolk hev kome seg burt fraa ein slik ufred med so mykje gods og so stort eit fylgje. Av di kann ein sjaa at ho hev vore framifraa til kvinna. Ho hadde og med seg mange store og høgætta menner; den gjævaste av dei var Koll, som var herse. Ein annan høgætta og stor mann, som var med Unn paa ferdi, var Hord. Unn siglde aat Orknøyom og dvalde der ei liti rid. Der gifte ho burt Groa, den eine dotteri hans Torstein raude; ho vart mor aat Greilod, som vart gift med Torfinn jarl, son hans Torv-Einar jarl, son hans Ragnvald Mørejarl; son deira var Lodve, far aat Sigurd jarl, som var far aat Torfinn jarl, og fraa honom kjem heile Orknøyjarla-ætti. Deretter heldt Unn med skipe sitt til Færøyom og dvalde noko der; der gifte ho burt Olov, den andre dotteri hans Torstein; fraa dei kjem den gjævaste ætti der i lande, som dei kallar Gotuskjeggjerne.

Kapittel 5

No budde Unn seg til aa fara fraa Færøyom, og gjorde kunnigt for skipsfolke sitt, at ho etla seg til Island; ho hadde med seg Olav feilan, son hans Torstein raude, og dei ugifte systarne hans. Deretter sette ho til havs, og det gjekk vel med yverferdi, til dei kom sunnanfor lande ved Vikraaskeid; der vart skipe sundbrote; men alt folke og godse vart berga. Daa for ho til Helge, bror sin, med 20 mann; han gjekk imot henne og baud henne til seg med 10 mann. Ho vart vreid og svara at ho ikkje hadde visst han var so lite til mann, og for derifraa. No etla ho seg til Bjørn, bror sinn, i Breidafjorden; men daa han fekk spurt at ho kom, for han imot henne med mange menner og helsa henne velkomi og baud henne til seg med alt mannskape hennar; for han kjende syster si og visste at ho var storfelt. Det likte ho godt og takka honom for det stormannslege bode. Ho var der um vinteren og livde stort; for Bjørn hadde nok aa taka av og spara ikkje paa det. Um vaaren for ho yver Breidafjorden og kom til eit nes, der dei aat dagverd; det vart sidan kalla Dogurdarnes og gjeng ut fraa Medalfellsstrandi. Sidan heldt ho med skipe sitt innerter Kvamsfjorden og kom der til eit nes, der dei vart liggjande ei rid; der tapte Unn kamben sin, og soleis vart det heitande Kamsnes. Deretter for ho um alle Breidafjordsdalarne og tok seg land so vidt ho vilde. Sidan heldt ho med skipe sitt inn i fjordbotnen, og der var høgsetestolparne hennar rekne i land; ho tykte daa det var greidt aa vita, kvar ho skulde taka bustad. Ho bygde daa den garden som sidan heiter Kvam, og busette seg der. Same vaaren som Unn sette bu i Kvam, fekk Koll Torgjerd, dotter hans Torstein raude; det gjestebode kosta Unn og gav Torgjerd heile Laksaadalen i

heimanfylgja. Koll busestte seg der sunnanfor Laksaai; han var ein mann som hadde godt vit paa aa koma seg fram. Son deira var Hoskuld.

Kapittel 6

Deretter gav Unn fleire menner av landnaame sitt. Hord gav ho heile Hordadal ut til Skraamu-laupsaa; han budde paa Hordabolstad og vart ein merkeleg mann og fekk ei stor ætt etter seg. Son hans var Aasbjørn den rike, som budde paa Aasbjørn-stad i Ørnolvsdal; han fekk Torbjørg, dotter aat Midfjord-Skjegge; dotter deira var Ingebjørg, som fekk Illuge den svarte, og sønerne deira var Hermund og Gunnlaug ormstunga. Den ætti vert kalla Gilsbak-kingarne. Unn sagde til mennerne sine: "No skal de faa løn for arbeide dykkar; det skortar oss no ikkje paa raad til aa betala dykk dykkar stræv og godvilje. De veit at eg hev gjeve fri den mannen som heiter Erp, son aat Meldun jarl; det var langt ifraa at eg vilde ein so storætta mann skulde bera trælenamn." Deretter gav Unn honom Saudafellsland millom Tunguaa og Midaa; borni hans var Orm og Aasgeir og Gunnbjørn og Halldis, som vart gift med Dala-Alv. Sokkolv gav ho Sokkolvldal, der han budde so lenge han livde. Humle heitte ein mann som ho hadde gjeve fri; han var skotsk av ætt; honom gav ho Hundadal.

Osk heitte den fjerde dotteri aat Torstein raude; ho vart mor aat Torstein surt den spake, som fann upp sumar-auken. Torhild heitte den femte dotteri aat Torstein; ho vart mor aat Alv i Dalom, og mange er dei som reknar ætti si fraa honom. Dotter hans var Torgjerd, som vart gift med Are Maarsson paa Røykjanes, son aat Maar Atleson, son aat Atle den skjolge og Bjørg Øyvindsdotter, syster aat Helge den magre; fraa dei er Røyknesingarne komme. Vigdis heitte den sjettede dotteri aat Torstein raude; fraa henne kjem Hovdamennerne i Øyafjorden.

Kapittel 7

Olav feilan var den yngste av bornom hans Torstein. Han var stor og sterk, væn og ein framifraa dugande kar. Honom vyrde Unn framfyre alle andre menner, og difor lyste ho til, at ho etla honom alle eigner etter seg i Kvam. Unn var no so gamall at alderen hadde teke mykje paa henne. Ho kalla Olav feilan aat seg og sagde: "Eg tykkjer du skulde setja bu sjølv og gifta deg, frende!" Olav tok det vel upp og sagde han vilde lita paa hennar umtanke med den saki. Unn sagde: "Eg hev tenkt det var best, at brudlaupe ditt vart no i sumar, men sist paa sumaren; for daa er det lettast aa faa i alt det som skal til, og daa er det meir von at venerne vaare kann koma mykje mannsterkare. For eg trur dette vert det siste lage eg kjem til aa halda." Olav sagde: "Detta er vel tala; men den som eg vil hava til kona. skal ikkje rana fraa deg korkje godse ditt eider styringi." Same hausten fekk han Olav feilan Alvdis til kona; brudlaupe deira stod i Kvam. Unn kosta mykje paa lage; for ho let bjoda stormenner vidt omkring fraa andre sveiter. Ho bad brørarne sine, Bjørn og Helge bjolan, og dei kom og hadde mange med seg. Dala-Koll, maagen hennar, kom og, og Hord fraa Hordadal og mange andre stormenner. Det vart eit framifraa stort lag, og endaa kom det ikkje paa langt nær so mange som Unn hadde bede; for Øyfjordingarne hadde lang veg aa fara. Alderen hadde daa teke so hardt paa Unn, at ho ikkje var uppe fyrr ved middagstid, og ho lagde seg tidleg. Ingen fekk lov aa spyrja til henne fraa ho hadde gjenge i seng um kvelden og til ho var klædd um dagen, og um nokon spurde korleis det var med henne, svara ho vreidt. Denne dagen sov Unn i lengste lage; men ho var daa paa fottom likevel, daa gjesterne kom, og gjekk imot dei og tok sømelegt imot frendarne og venerne sine, og sagde det var snildt gjort av dei, at dei hadde kome den lange vegen. Ho nemnde serleg Bjørn og Helge, men sagde og at ho vilde takka alle dei andre som var komme. So gjekk ho inn i skaalen, og ein stor flokk fylgde henne. Og daa alle hadde fenge seg sess, vanta der ikkje ord um dette lage, kor stort og gildt det var. Daa sagde Unn: "Bjørn, bror min, og Helge og dei andre frendarne og venerne vaare tek eg til vitne paa dette: denne garden, med all den bunaden som de no kann sjaa, gjev eg Olav, frenden min, til odel og eige." Deretter stod ho upp og sagde ho vilde gaa til soverome sitt, og bad dei alle moroa seg som dei best

vilde, og baud at aalmugen skulde faa munngaat aa moroa seg med. Det er sagt, at Unn hev vore baade høg og trek; ho gjekk med faste stig inn gjenom skaalen, og alle sagde ho var ei vyrdeleg kona enno. Dei drakk utyver kvelden, til dei tykte det var tid til aa sova. Men dagen etter gjekk Olav feilan til soverome hennar Unn, og daa han kom inn der, sat Unn uppe ved hovudgjerdi og var daai. Olav gjekk daa aat skaalen og fortalde det som var hendt, og folk tykte det var merkelegt som Unn hadde halde vyrdnaden sin til det siste. No vart brudlaupe hans Olav og arveøle hennar Unn drukke samstundes, og den siste dagen i lage vart Unn flutt til den haugen som var tillaga til henne. Ho vart lagd i eit skip i haugen, og mykje gods med henne, og so vart haugen atkasta. Olav tok daa ved garden i Kvam og alt godse, med sam-tykkje av dei frendom sine som daa var hjaa honom. Daa lage var slutt, gav han dei gjævaste menner store gaavor fyrr dei for.

Olav vart ein megtug mann og ein stor hovding; han budde i Kvam so lenge han livde. Borni hans med Alvdis var Tord gjelle, Tora, Helga og Tordis. Tord gjelle vart gift med Rodny, dotter aat Midfjord-Skjegge; sønerne deira var Øyolv den graa, Torarin fylsenne og Torkjel kugge. Tora vart gift med Torstein torskabit, son aat Torolv mortrarskjegg; sønerne deira var Bork den digre og Torgrim, far aat Snorre gode.

Helga vart gift med Gunnar Livson; døtrarne deira var Jofrid, som fyrst vart gift med Torodd, son hans Tungu-Odd, og sidan med Torstein Egilson, og Torunn, som vart gift med Herstein, son hans Torkjel Blund-kjetilson. Tordis, den tredje dotteri hans Olav feilan, vart gift med Torarin Ragebror logsogumann.

Medan Olav budde i Kvam, fekk Dala-Koll, maagen hans, sott og døydde. Hoskuld, sonen hans Koll, var ung daa faren døydde, men var mykje meir framkomen i vit enn ventande var etter alderen. Han var baade ein væn og dugande mann. Han tok farsarven og garden som Koll hadde butt paa, og som no fekk namn etter Hoskuld og vart kalla Hoskuldstad. Han vart straks vensæl, for han fekk god studnad baade av frendar og dei vonom som Koll, far hans, hadde vunne seg. Torgjerd Torsteinsdotter, mor hans Hoskuld, var enno ung og framifraa væn. Ho leiddest ved Island, etter Koll var daaen. Ho segjer difor aat Hoskuld, son sin, at ho vil fara or lande med den parten av godse som hennar var. Hoskuld tykte det var ille dei skulde skiljast, men sagde likevel han vilde ikkje gjera henne meir imot i detta enn i anna. Deretter kjøpte han aat mor si halvt i eit skip som stod paa Dogurdarnes. Torgjerd drog daa dit og hadde mykje gods med seg; deretter siglde ho til havs, hadde lukka paa ferdi og kom til Noreg. Ho hadde i Noreg mykje av ætti si og mange gjæve frendar; dei tok vel imot henne og baud henne alt ho vilde taka av dei, og ho tok vel imot bode og sagde at ho etla aa busetja seg der i lande. Torgjerd vart ikkje lenge enkja; ein mann som heite Herjolv fridde til henne; han var lendermann, rik og velvyrd; han var ikkje væn, men stor og sterk, og karsleg saag han ut, og framifraa stridfør var han. Av di Torgjerd var enkja, skulde ho sjølv svara paa detta; ho gjorde som frendarne hennar vilde, og drog seg ikkje undan, men gifte seg med Herjolv og flutte heim aat honom. Det gjekk godt millom dei. Torgjerd synte snart at ho var ei dugande kvinna, og Herjolv kom seg no so mykje betre upp enn fyrr og vart mykje gjævare mann, daa han hadde fenge ei slik kona som Torgjerd.

Kapittel 8

Herjolv og Torgjerd hadde ikkje vore lenge saman fyrr dei fekk ein son; han vart aust med vatn og fekk namne Rut. Han voks upp og vart tidleg stor og sterk; han var betre vaksen enn alle andre menner, høg og herdebreid, smal um live og godt lema paa hender og føter. Rut var den vænaste mannen ein kunde sjaa, liksom Torstein, morfar hans, og Kjetil flatnev hadde vore, og han var ein dugande mann i alle maatar. Herjolv fekk sott og døydde, og folk tykte det var stor skade. Daa fekk Torgjerd hug til Island; ho vilde vitja Hoskuld, son sin, for ho elska honom framfor alle andre. Rut vart att hjaa frendom sine og hadde det godt der; men Torgjerd drog til Island og kom til Laksaadal til Hoskuld. Han tok imot mor si som han best kunde; ho hadde stor rikdom paa gods og var hjaa Hoskuld

so lenge ho livde. Nokre vintrar etter vart ho sjuk og døydde og vart lagd i haug. Hoskuld tok alt godse, men det halve hørde Rut, bror hans, til.

Kapittel 9

Den tidi raadde Haakon Adalsteinsfostre for Noreg. Hoskuld var hirdmannen hans og ein namngjeten mann baade i Noreg og paa Island.

Bjørn heitte ein mann; han budde i Bjarnarfjorden, der lian hadde teke seg land; etter honom hev den fjorden fenge namn som skjer seg inn i nordaust fraa Steingrimsfjorden, berre med ein hals imillom. Bjørn var baade storætta og rik. Ljuva heitte kona hans. Dotter deira var Jorunn, ei væn og storfelt kvinna, og som hadde framifraa godt vit. Ho vart haldi for det beste gifte i alle vestfjordom. Denne kvinna, fekk Hoskuld høyrte gjete, og det med, at Bjørn var den beste bonden i alle Strendom. Hoskuld reid heimanfraa med 10 mann og kom til Bjørn bonde i Bjarnarfjorden. Han vart godt motteken, for Bjørn visste god greida paa kven mann han var. Hoskuld bar fram bøni si, og Bjørn gav honom eit godt svar; han tykte dotter hans kunde ikkje verta betre gift, sagde han; men han vilde lata henne sjølv raada. Daa Jorunn vart spurd, svara ho soleis: "Alt det eg hev spurt um deg, Hoskuld, er slikt at eg vil svara godt paa dette, for eg trur ikkje den kvinna vil lida naud som fær deg til mann; men far min skal avgjera det likevel, for eg vil samtykja i det som han vil." Anten no detta varde lenge elder stutt, so vart daa enden den, at Jorunn vart fest til Hoskuld med mykje gods; brudlaupe skulde staa paa Hoskuldstad. Hoskuld reid heim, og vart heime til dess gjestebode skulde vera. Daa tidi kom, drog Bjørn nordantil med gildt fylgje; Hoskuld hadde og mange som han hadde bode, baade vener og frendar, og der vart eit gildt lag. Daa lage vart slutt, drog alle heim til sitt med god venskap og sømelege gaavor. Jorunn Bjørnsdotter vart att paa Hoskuldstad og tok ved hus-halde der med Hoskuld, og det synt seg snart paa stelle hennar, at ho var klok og hadde godt fyre seg og kunde mykje; men so var ho nokolite stor paa det og. Samlive millom henne og Hoskuld var godt; men dei var ikkje mykje saman til kvardags. Hoskuld vart no ein stor hovding; han hadde mykje aa segja og lagde seg mykje frami, og det skorta honom ikkje paa gods; han vart ikkje i nokon maate mindre mann enn Koll, far hans, hadde vore. Hoskuld og Jorunn hadde ikkje livt lenge saman fyrr dei fekk born. Den eldste var ein son som fekk namne Torleik; den andre heitte Baard; døtrarne deira var Hallgjerd langbrok og Turid. Dei var alle emnelege born. Torleik var stor og sterk og mykje ruvande, men faamælt og tver, og folk tykte ikkje han var god aa koma utav det med; Hoskuld sagde jamnan at han liktest mykje paa Strandefolke. Baard var ein staut og sterk mann, og han saag ut til aa likjast meir paa farfrendom sine; han var god og mild i oppvokstren og vensæl, og Hoskuld elska honom mest av alle bornom sine. Hoskuld stod no paa sitt høgste i magt og æra. Paa denne tidi gifte han Groa, systeri si, med Veleiv gamle; son deira var Holmgangs-Berse.

Kapittel 10

Kapp heitte ein mann som budde i Laksaadal nordanfor aai; garden hans fekk sidan namne Rapp-stad; no ligg han i øyde. Rapp var son aat Sumarlide, dei kalla honom Viga-Rapp; farsætti hans var skotsk, men all morætti hans var paa Suderøyom, og der var han fødd. Han var ein stor og sterk mann, og vilde aldri gjeva seg, um han so hadde yvermagti mot seg; difor vart han ein illgjerningsmann, som fyrr er sagt;

men likevel vilde han ikkje bøta sine misgjerningar. Han flydde daa vestyver have og kjøpte seg den jordi han budde paa. Kona hans heitte Vigdis Hallsteins-dotter, og dei hadde ein son som heitte Sumarlide; bror hennar heitte Torstein surt, som daa budde paa Torsnes, og hjaa honom vart Sumarlide fostra; han var ein emneleg gut. Torstein hadde vore gift, men kona var daai. Han hadde tvo døtrar, Gudrid og Osk. Gudrid var gift med Torkjel trovil, som budde i Svignaskard. Han var ein stor hovding

og ein klok mann; han var son aat Rauda-Bjarne. Osk, den andre doteri hans Torstein, var gift med ein mann fraa Breida-fjorden som heitte Torarin; han var djerv og vensæl, og var hjaa Torstein, værfar sin, for Torstein var gamall og laut hava hjelp. Kapp var ille likt av dei fleste og fæl til aa egla seg innpaa grannarne sine; han ymta og stundom paa det, at det skulde verta dei tungt aa halda hus nær honom, um dei heldt nokon annan for betre mann enn honom. Daa tok alle bønderne ei raad; dei for til Hoskuld og sagde honom kor ille dei var stelt. Hoskuld bad dei segja honom, naar Rapp gjorde dei noko mein, "for ikkje skal han rana korkje menner elder gods fraa meg," sagde han.

Kapittel 11

Tord godde heitte ein mann som budde i Laksaa-dalen; han var mykje rik, men barnlaus. Han hadde kjøpt jordi han budde paa. Han var grannen hans Kapp og vart ofte nauva av honom; men Huskuld hjelpte honom, so han fekk sitja paa bustaden sin likevel. Kona hans heitte Vigdis og var dotter aat Ingjald, son hans Olav feilan; ho var brordotter aat Tord gjelle og systerdotter aat Torolv raudnev fraa Saudafell. Torolv var ei stor kjempa og stod seg godt, og frendarne hans gjekk ofte til honom, naar dei trong hjelp. Vigdis vart gjevi Tord meir for rikdomen hans enn for di han elles var noko til mann. Tord hadde ein træl som heitte Aasgaut, som hadde fylgt honom til Island; det var ein stor og dugande mann, og endaa han berre var træl, kunde faae frie menner staa paa maal med honom; han tente husbonden sin vel. Tord hadde nok fleire træljar og; men berre denne eine er nemnd. Straks ovanfor garden hans Tord budde ein mann som heitte Torbjørn skrjup; han var stor og sterk og mykje rik, mest paa gull og sylv; men han gav ikkje mykje burt til aalmugefolk.

Hoskuld Dalakollsson slo stort paa; men han tykte garden hadde laakare hus enn han vilde. Han kjøpte daa eit skip av ein hjaltnesing; det stod uppe i Blandaosen. Det skipe gjorde han reidugt, og gjorde kunnugt at han etla seg utanlands; men Jorunn skulde stella mod garden og bornom. Dei sette til havs; det gjekk godt med ferdi deira, dei tok Noreg noko sud-paa, og kom til lands paa Hordaland, der no kjøpstaden Bjørgvin er; der sette han upp skipe sitt. Han hadde der mange frendar; men dei er ikkje her nemnde. Kong Haakon sat daa i Viki, og Hoskuld drog ikkje dit, av di frendarne hans tok imot honom med baee hender. Um den vinteren er ikkje noko aa fortelja.

Kapittel 12

Fyrstnads paa sumaren bar det so til, at kongen for i stemneleiding aust aat Brennøyom og skulde halda ved lag freden for lande sitt, etter dei logom som daa var. Tridje kvar sumar skulde hovdingarne hava detta møte millom seg og gjera av dei sakerne som kongarne hadde aa døma i. Det tyktest ei moroferd aa fara til detta møte, for dit kom folk mest fraa alle land som den tid var kjende. Hoskuld sette skipe sitt ut; han vilde og fara til dette møte; han hadde ikkje raaka kongen um vinteren, og der skulde vera kjøpstemma og. Der samla seg ovende mykje folk; der var mykje moro, drykk og leikar og gleda av alle slag. Elles er det ikkje stort aa fortelja derifraa. Hoskuld raaka der mange av dei frendom sine som aatte heime i Danmark. Ein dag, som Hoskuld og nokre andre menner var ute og gjekk for moro skuld, fekk han sjaa eit staselegt telt noko av leid fraa dei andre budom. Hoskuld gjekk dit og inn i telte, og der sat ein mann, fint klædd og med ein gjerdske hatt paa hovude. Hoskuld spurde honom etter namne hans. Han sagde han heitte Gille den gjerdske. "Daa hev eg ofte høyrte gjete deg," sagde Hoskuld, "og eg hev spurt du skal vera den rikaste av alle kjøpmenner; du hev fulla noko aa selja oss, som me vil kjøpa?" Gille spurde kva dei vilde hava. Fylgjesmennerne hans Hoskuld sagde daa at han vilde kjøpa ei trælkinna, um han hadde nokor slik aa selja. "Eg skynar de vil setja meg i beit no," segjer Gille, "med aa spyrja etter noko som de trur eg ikkje hev; men det er ikkje so visst." Tvert yver budi var der hengt eit tjeld; Gille lyfte paa tjelde, og Hoskuld saag at 12 kvinnor sat innanfor. Daa sagde Gille at Hoskuld fekk gaa inn og sjaa paa dei, um han vilde kjøpa nokor av dei. Hoskuld gjorde so. Han saag vel paa dei; han saag at burtmed enden av tjelde sat det ei som var laakt klædd, men væn,

so vidt han kunde sjaa. Daa sagde han: "Kor dyr er denne kvinna?" "Du skal faa henne for 3 merker sylv," svarar Gille. "Du held henne for dyr," sagde Hoskuld; "det er tri gonger so mykje som ho er verd." "Det er sant," segjer Gille, "eg held henne dyrare enn andre, og du skal faa kven du vil av dei andre elleve for ei mork." Hoskuld segjer: "Eg lyt fyrst faa visst kor mykje sylv det er i pungen som eg hev i belte mitt," og bad Gille taka fram vegti. "Eg vil ikkje fara med svik," segjer Gille; "denne kvinna hev eit stort lyte, og det vil eg du Hoskuld skal vita, fyrr me gjer av handelen." Hoskuld spør kva det var. "Ho er maallaus," svarar Gille, "eg hev freista paa mangeslags vis aa faa henne til aa tala, men aldri fenge eit ord av henne; difor trur eg visst ho er maallaus." "Tak fram vegti," segjer Hoskuld, "og lat oss sjaa kor mykje pungen min veg!" Gille gjorde so, og sylve vog 3 merker. Daa segjer Hoskuld: "Det hev no laga seg so, at det kann verta handel av; tak du ditt av sylve, og eg tek denne kvinna! Du hev æra av denne handelen, for du hev synt at du ikkje vilde snyta meg." Dermed gjekk Hoskuld heim til budi si. Same kvelden gjekk han i seng med trækvinna, og morgonen etter, daa folk klædde paa seg. sagde Hoskuld: "Det er ikkje for fine klæde Gille den rike hev gjeve deg; men so er det daa so og, at det skal meir til aa klæda tolv enn ei." Deretter let han upp ei kista og tok upp gode kvinneklæde og gav henne, og det sagde alle, at gode klæde hevde henne godt.

Daa hovdingarne hadde gjort av dei sakerne som var framme, vart det slutt paa møte. Daa gjekk Hoskuld til kong Haakon og helsa honom med vyrndad, som skaplegt var. Kongen saag paa honom og sagde: "Me skulde hava teke vel imot deg, Hoskuld, um du hadde helsa paa oss lite fyrr og; men endaa skal du vera velkomen."

Kapittel 13

Kongen vilde hava Hoskuld med seg til Noreg paa sitt eige skip, og baud honom vera hjaa seg so lenge han vilde vera i Noreg. Hoskuld takka, men sagde han hadde mykje aa gjera; at han hadde drygt so lenge, fyrr han hadde kome til kongen, kom seg ogso mykje av di at han skulde kjøpa seg hustimber. Kongen bad honom halda til Viki med skipe sitt. Hoskuld vart verande hjaa kongen ei tid, og kongen let honom faa hustimber og ladde skipe hans. Daa sagde kongen til Hoskuld: "Ikkje skal eg hefta deg lenger her hjaa oss enn du sjølv vil; men det vert vondt um aa faa ein mann i staden din." Deretter fylgde kongen honom til skipe og sagde: "Eg hev freista deg so mykje, at eg hev set du er ein heidersmann; men det kjem fyre meg, at det er siste gongen du sigler fraa Noreg, med eg er herre her i lande." Dermed drog kongen ein gullring av handi si og gav honom; han vog ei mork; han gav honom og eit sverd som kom paa ei halv mork gull. Hoskuld takka kongen for gaavorne og all den æra han hadde vist honom, gjekk so um bord og siglde til havs. Dei fekk god bør og kom til Island paa søre sida; dei siglde vest um Røykjanes og Snæfellsnes, og inn i Breidafjorden. Hoskuld lagde til lands i Laksaaosen. Han let bera ladningi av skipe og sette skipe upp innanfor Laksaa og bygde eit skur yver det. Det syner enno tufti, der han let byggja skure. Han sette upp buder der; difor vart det kalla Budardal. So let han flytja heim timbre, og det gjekk lett, for det var ikkje lang vegen. Deretter reid han heim med nokre menn og vart godt motteken, som von var. Der hadde det gjenge vel med alt, medan han var burte. Jorunn spurde kven den kvinna var som var med honom. "Du trur fulla eg berre vil halda deg for narr," svara Hoskuld; "men eg veit ikkje namne hennar." Jorunn sagde: "Daa lyt anten det folkesnakke vera lygn, som hev kome for meg, elder du hev tala ved henne so mykje at du lyt hava spurt henne um namne." Hoskuld sagde han vilde ikkje trætta med henne um detta, men segjer henne sanningi og bed dei vera god med denna kvinna; han hadde hug til at ho skulde vera heime der hjaa dei. Daa sagde Jorunn: "Ikkje vil eg hava noko med frilla di, som du hev ført med deg fraa Noreg, um ho var aldri so tekkjeleg aa vera i lag med; men no tykkjer eg det vert verre enn verst, naar ho er baade dauv og maallaus." Hoskuld sov hjaa kona si kvar natt, sidan han var heimkomen, og var lite i lag med frilla; men det var lett aa sjaa for alle, at ho kunde te seg fint og stormannslegt og ikkje var fraa eit avhol. Sist paa vinteren fødde frilla Hoskuld ein gut; det vart sendt bod paa honom, at han skulde sjaa barne, og han tykte daa som andre, at han aldri hadde set vênare og finare barn. Han vart spurd, kva

guten skulde heita, og han bad dei kalla honom Olav, for daa var Olav feilan, morbror hans, nyst daaen. Olav vart ein framifraa gut, og Hoskuld lagde stor elsk paa honom. Sumaren etter sagde Jorunn, at anten skulde frilla taka paa seg eitkvart arbeide elder so flytja derifraa. Hoskuld baud henne tena honom og Jorunn og passa guten sin attaat. Daa guten var 2 aar gamal, kunde han segja kva han vilde, og sprang einsleg som 4 aars gamle born. ? Det hende seg ein morgon, at Hoskuld hadde gjenge ut og vilde sjaa paa bøen sin; vere var godt, og soli skein, men var berre sovidt paa himlen komi. Han hørde mannamaal i bekkjedalen nedanfor tunbakken; han gjekk dit og saag tvo menneskje nedi der, og daa var det Olav, son hans, og mor hans. Fekk han daa visst at ho ikkje var maallaus; for ho svalla mykje med guten. Hoskuld gjekk burtaat dei og bad henne segja kva ho heitte; no kunde det ikkje nytta aa dylja det lenger. Ho sagde ho skulde so gjera, og dei sette seg ned paa bakken. Daa sagde ho: "Vil du vita namne mitt, daa heiter eg Melkorka." Hoskuld bad henne fortelja meir um ætti si. Ho sagde: "Myrkjartan heiter far min; han er konge i Irland; eg vart herteki derifraa daa eg var 15 aar gamall." Hoskuld sagde ho hadde tagt for lenge med so god ei ætt. Han gjekk inn og sagde Jorunn kva nytt han hadde spurt. Jorunn sagde ho visste ikkje um gjenta sagde sant, "og eg kann ikkje hava greida paa alle merkelege folk," sagde ho. Dermed vart det slutt paa samtalen, og Jorunn var ikkje snillare med henne enn fyrr; men Hoskuld møtte henne noko meir. Ein kveld ikkje lenge etter, som Jorunn skulde leggja seg og Melkorka drog skorne og hosorne av henne og lagde dei paa golve, daa tok Jorunn sokkarne og kørde dei i hovude paa henne. Daa vart Melkorka vreid og sette neven i nasa paa henne, so blode rann. Hoskuld kom burtaat og skilde dei. Etter detta let Hoskuld Melkorka flytja derifraa og gav henne bustad lenger upp i Laksaadalen. Den garden fekk sidan namne Melkorkastad, men ligg no i øyde; han laag paa søre sida av Laksaai. Der sette Melkorka bu, og Hoskuld gav henne alt det ho turvte til hushalde. Olav, sonen, var med henne; det synte snøgt paa honom i oppvokstren, at han kom til aa verta mykje vænare og finare i alt sitt lag enn andre folk.

Kapittel 14

Ingjald heitte ein mann; han budde paa Saudøyom i Breidafjorden og vart kalla Saudøyargode; han var ein rik mann og mykje fyre seg. Han hadde ein bror heitte Hall, ein stor og emneleg mann, men berre fatig; likevel vart han ikkje halden for ein stakar av dei fleste. Han og Ingjald var for det meste ikkje godt forlikte; Ingjald tykte at Hall tedde seg for lite som ein stormann, og Hall tykte at Ingjald var for lite kar til aa bruka magti si. I Breidafjorden er det ein veidestad som heiter Bjørnøyarne; der er mange øyar i ein krull, og dei var stor-rike paa fisk. Den tidi drog folk mykje dit paa fiskje, og det var folksamt der stødt. Vituge menner tykte det var mykje um aa gjera, at folk var godt forlikte paa slike utvær; for dei sagde at det gjekk ikkje so godt med fiskje, naar nokon vart usamde, og dei fleste gav god gaum etter det. Ein sumar kom Hall, bror hans Ingjald Saudøyargode, aat Bjørnøyom og etla seg til fiskje; han hadde baatlag med ein mann som heitte Torolv og var Breidafjording; han var lauskar og aatte mest inkjenoko, men var likevel ein glup kar. Hall var der ei tid, og tykte um seg sjølv at han var mykje likare enn dei andre. Ein kveld, som Hall og Torolv kom til lands og skulde skifta fengdi si, vilde Hall baade velja og skifta, av di han tykte seg sjølv størst. Men Torolv vilde ikkje gjeva seg han helder, og brukte store ord; skifte dei daa nokre ord og heldt kvar paa sitt. Daa treiv Hall eit hoggvaapn, som laag frammed honom, og vilde setja det i hovude paa Torolv. Folk lagde seg no imillom og heldt atti Hall; han var rasande, men kunde ikkje faa gjort noko den gongen, og fengdi deira vart ikkje skift. Torolv gjekk daa burt um kvelden; men daa tok Hall aaleine all den fengdi som dei aatte baae, og let det kjennast, kven som hadde magti; deretter fekk han seg ein mann paa baaten i staden for Torolv og heldt ved med fiskje som fyrr. Torolv likte seg ille og tykte seg fælt svivurd ved detta; men han vart verande der paa øyom, og hadde sett seg visst fyre, at han skulde bøta den skaden som med vald var honom gjord. Hall var like trygg og meinte at ingen mann torde vaaga seg mot honom der i ættargrendi hans. Ein godversdag rodde Hall ut, og dei var tri paa baaten; det beit godt um dagen, og daa dei rodde heim um kvelden, var dei svært glade. Torolv hadde fenge visst kva Hall for med um dagen, og stod nede med baatstødi um kvelden, daa Hall og mannskape hans kom til lands.

Hall, som rodde i fremste tofta, sprang i sjøen og vilde taka mot baaten; men med det same han kom paa land, stod Torolv der og hogg straks til honom; han raaka honom i halsen ved herdom, og hovude fauk av. Torolv hadde seg undan; roen fylgjesveinarne hans Hall for umkring like og var reint forfjamsa. Draape hans Hall vart no spurt utyver øyarne, og det tyktest ei stor tidend; for mannen var av stor ætt, um han ikkje hadde vore nokon riking. Torolv freista no aa koma burt fraa øyom, for han visste seg ingi von til aa finna livd hjaa nokon der etter eit slikt storverk; han hadde ingen frendar der helder, som han kunde venta seg hjelp av, og dei mennerne var ikkje langt undan som han kunde vita vilde honom til livs, og som hadde stor magt, fyrst og fremst Ingjald Saudøyargode, bror hans Hall. Han fekk seg skyss yver til fastlande og dulde seg vel, der han for. Um ferdi hans er inkjenoko spurt, fyrr han ein dag ved kveldstider kjem til Goddastad. Vigdis, kona hans Tord godde, var noko skyld Torolv; difor kom han dit til gards. Han hadde spurt fyrr, korleis det var der, at Vigdis var mykje meir til menneskja enn Tord, husbonden hennar; difor gjekk han aat henne, straks han var komen um kvelden, og sagde henne vanden sin og bad henne um hjelp. Vigdis svara soleis: "Ikkje vil eg negta skyldskapen vaar, og ikkje tykkjer eg helder at dette verke som du hev gjort er slikt at eg difor held deg for laakare kar; men det ser ut til det, at dei mennerne som gjev deg hjelp lyt vaaga baade liv og gods, so store menner som her hev ettermaal, og Tord, bonden min," sagde ho, "er ikkje noko storkjempa, og dei raaderne me kvinnor kann hitta paa vert jamnan ikkje gode nok naar det gjeld. Men eg nenner ikkje reint aa slaa handi av deg helder, naar du hev venta deg nokor hjelp her." Deretter førde Vigdis honom aat eit utbur og bad honom bida paa henne der; ho sette laas for døri og gjekk so til Tord og sagde: "Her er komen ein mann som heiter Torolv, som vil gjesta seg her. Han er skyld meg noko. Han vilde gjerne faa vera her ei tid, um du vilde at so skulde vera." Tord sagde han var ikkje um aa hava framande i huse lenge, men han kunde faa kvila seg der ein dag elder tvo, um det ikkje var noko gale med honom; var det det, skulde han skunda seg derifraa so snøgt han kunde. Vigdis segjer: "Eg hev alt teke imot honom som gjest, og eg vil ikkje taka ordi mine att, um han ikkje hev alle til vener." Deretter sagde ho Tord at Hall var drepen vorten, og at det var denne Torolv som no var komen der som hadde drepe honom. Tord vart sint og sagde det var greidt aa vita, at Ingjald vilde taka mykje gods fraa honom for den hjelpi som denne mannen no hadde fenge, so framt han hadde vorte gøymd der innanfor læst dør. Daa sagde Vigdis: »Ikkje skal Ingjald taka betaling av deg for ei natt; for Torolv skal vera her i all vinter." "Slikt kann du snyta meg reint snaud," sagde Tord, "og det er meg reint imot, at ein slik ulukkefugl skal vera her." Men Torolv vart likevel verande der um vinteren. Dette spurde Ingjald, som hadde ettermaale etter bror sin. Daa det leid mot slutten av vinteren, gjorde han seg reiden til aa fara inn i Dalarne; han sette ut ei ferja som han aatte, og drog i vegen 12 mann sterk. Dei siglde vestantil med ein kvass nordvest og landa i Laksaosen um kvelden, sette upp ferja og for til Goddastad same kvelden. Dei kom ikkje uventande og vart godt mottekne. Ingjald fekk Tord i tale og sagde honom erendi si, at han hadde spurt at Torolv, banemannen aat bror hans, var der. Tord sagde det var berre noko snakk. Ingjald bad honom ikkje trætta; nlat oss gjera ein handel", sagde han; "du gjev meg mannen med det gode, og her hev eg tri merker sylv som du skal faa, og eg skal ettergjeva deg den saki som eg hev paa deg med di at du hev hyst Torolv." Tord tykte sylve var fagert, og at det var gildt sleppa undan den saki som han hadde gruvt so mykje for skulde verta honom til kostnad, og so sagde han: "Eg vil faa skamord av folk for denne samtalen vaar; men eg gjeng med paa denne handelen likevel." Deretter lagde dei seg til aa sova.

Kapittel 15

Daa det leid til dag, stod Ingjald og mennerne hans upp og klædde seg. Vigdis spurde Tord kva han og Ingjald hadde rødt um kvelden. Han sagde dei hadde rødt mangt, og hadde vorte samde um det, at dei skulde faa ransaka som dei vilde; men fann dei ikkje Torolv der, skulde han og Vigdis vera saklause, "og no let eg Aasgaut, trælen min, fylgja mannen hurt," sagde han. Vigdis sagde at ho heldt ikkje av lygn, og at ho tykte det var leidd, at Ingjald skulde fara og snaka umkring i huse hennar; men han fekk daa raada for dette som han vilde likevel. Sidan ransaka Ingjald og fann ikkje mannen der. I det bile

kom Aasgaut att, og Vigdis spurde kvar han skildest fraa Torolv. "Eg fylgde honom til saudhusi vaare, som Tord sagde meg fyre," sagde Aasgaut. Vigdis sagde: "Kann du segja meg noko som ligg meir i vegen hans Ingjald, naar han fer til skipe sitt, enn dei? Eg ottast for at dette er noko dei hev lagt yver millom seg i gaarkveld. No skal du straks fara stad og fylgja honom burt det snøggaste du kann; du skal fylgja honom til Torolv paa Saudafell. Og gjer du so som eg byd deg, skal du faa god løn for det: eg skal gjeva deg fridomen og so mykje gods at du kann fara kvar du vil." Aasgaut lova det, og for til saudhuse og fann Torolv der, og sagde honom at dei laut fara derifraa so snøgt dei kunde. I det bile reid Ingjald fraa Goddastad, for han etla seg daa til aa henta vara han hadde kjøpt Men daa dei var nedom garden komne, saag dei tvo menner fara imot seg, og det var Aasgaut og Torolv; det var tidleg paa morgonen, so det hadde ikkje ljøsna mykje av dag endaa. Aasgaut og Torolv var no i ei stygg klemma komne; dei hadde Ingjald paa den eine sida og Laksaai paa den andre. Aai var ovleg stor; det laag fast is paa baae sidor, men var ope etter midten, og det var stygt aa setja aat. Daa sagde Torolv til Aasgaut: "No tykkjer eg me hov berre tvo ting aa velja millom: anten aa bida paa dei her ved aai og verja oss so djervt og karslegt som me kann, endaa det daa er størst von at Ingjald og mennerne hans gjer det snøgt av med oss, ? elder ogso lyt me freista aai, og det er fulla noko lite faarlegt det og." Aasgaut bad honom raada, og sagde at no vilde han ikkje skiljast fraa honom, kva raad han vilde taka. Torolv sagde: "Lat oss setja aat aai" og so gjorde dei. Dei tok av seg, so dei vart berre lett klædde, og gjekk ned paa isen og lagde til sums, og daa dei var friske karar og det var so laga at dei skulde faa liva lenger, kom dei seg yver aai og upp paa den faste isen paa andre sida. Nett som dei var yver aai komne, kom Ingjald og fylgjesveinarne hans nedaat aai. Daa tok Ingjald til orde og sagde til fylgje sitt: "Kva skal me no gjera? Skal me setja aat aai elder ikkje?" Dei sagde at han fekk raada; dei vilde lita paa honom og hans umtanke; men dei tykte det saag raadlaust ut aa koma yver aai. Ingjald sagde at det fekk so vera daa, og at dei fekk snu seg fraa aau Men daa Torolv og Aasgaut saag at Ingjald og flokken hans ikkje vaaga seg paa aai, daa vreid dei fyrst klaedi sine, og gav seg so paa gonga og gjekk heile den dagen og kom um kvelden til Saudafell. Der vart dei godt mottekne, for der var alle gjester velkomne, og straks um kvelden gjekk Aasgaut aat Torolv raudnev og sagde honom korleis det hadde seg fraa fyrst til sist med erendi deira, at Vigdis, frenka hans, hadde sendt denne mannen, som var komen der, aat honom, so han kunde faa trygt tilhald. Han fortalde og, korleis Tord godde hadde fare aat, og bar fram dei jarteigner som Vigdis hadde sendt til Torolv. Torolv svarar soleis: "Ikkje vil eg negta aa kjennast ved desse jarteigner, og eg skal visseleg taka imot denne mannen paa hennar ord. Eg tykkjer Vigdis hev fare karsleg aat i denne saki, og det er stor harm, at ei slik kona skal vera so skrøpeleg gift. Du Aasgaut skal og faa vera her, so lenge du vil." Aasgaut sagde han vilde ikkje heftast der lenge. Torolv tok no imot namnen sin og gjorde honom til sin fylgjesmann; han skildest med Aasgaut som gode vener, og Aasgaut gav seg paa heimvegen.

No er aa fortelja um Ingjald, at han snur heim til Goddastad, daa han hadde skilst fraa Torolv. Der hadde det daa kome menner fraa granngardom etter bodsending fraa Vigdis, so det var ikkje færre enn 20 karar der. Daa Ingjald kom paa garden med fylgje sitt, kalla han Tord til seg og sagde til honom: "Du hev ikkje fare aat som ein mann imot oss, Tord; for det held me for visst, at du hev hjelpt mannen undan." Tord sagde seg skuldlaus i detta. No kom det upp alt det Ingjald og Tord hadde lagt yver millom seg; Ingjald vilde no hava att det sylve sitt som han hadde gjeve Tord. Vigdis var nær dei, daa dei talast ved, og sagde at det hadde gjenge dei som det høvde dei.

Ho bad Tord at han skulde gjeva fraa seg detta sylve; "for det hev du ikkje tent paa karsleg vis," sagde ho. Tord sagde han vilde at ho skulde raada i detta. Deretter gjekk Vigdis inn og burtaat kista hans Tord og fann nedi der ein diger pung; den tok ho upp og gjekk ut til Ingjald med honom og bad honom taka mot sylve. Andlite hans Ingjald klaarna, og han rette handi ut mot pungen. Vigdis lyfte pungen og dreiv til honom i nasa, so blode rann paa jordi, og gav honom mange hædeord med paa kjøpe, og det med, at han aldri skulde faa detta sylve; bad ho honom so hava seg derifraa. Ingjald skyna det var det likaste aa koma seg burt so snøgt han kunde; difor gjorde han daa det, og stana ikkje fyrr han kom heim, og var ille nøgd med ferdi si.

Kapittel 16

No kom Aasgaut heim. Vigdis helsa honom velkomen og spurde um dei hadde vorte godt mottekne paa Saudafell. Han let vel um det og sagde henne dei ordi som Torolv hadde sagt til slutt, og dei var henne til stor hugnad. nNo, Aasgaut," sagde ho, "hev du gjort det du kunde, baade trutt og vel, og no skal du straks faa visst løni di og. Eg gjev deg fridom, so du fraa denne dag skal heita fri mann, og so skal du atpaa faa det sylve som Tord tok for hovude hans Torolv, frenden min; det kjem daa i betre hender." Aasgaut takka henne med fagre ord for denne gaava. Sumaren etter tok Aasgaut seg far paa Dogur-darnes. Dei drog til havs, fekk sterk vind og var ikkje lenge um yverferdi; dei tok land i Noreg. Sidan for Aasgaut til Danmark og busette seg der og vart halden for ein god kar. Dermed endar saga um honom.

Men etter dei raaderne Tord godde og Ingjald Saudøyargode hadde lagt millom seg, daa dei vilde raada Torolv, frenden hennar Vigdis, bane, let ho det koma til fiendskap og sagde seg skild fraa Tord godde og for til frendarne sine og sagde dei detta. Tord gjelle likte ikkje detta, men gjorde ikkje noko med det likevel. Vigdis hadde ikkje med seg meir fraa Godda-stad enn dei kostelegaste eignerne sine. Kvamværingarne let falla ord um at dei etla henta det godse som Tord godde sat mod. Det klokk i honom, daa han hørde det, og han reid straks til Hoskuld og sagde honom vanden sin. Hoskuld sagde: "Du hev fenge rædsla i bringa, ser eg, av di du hev inkjenoko aa setja imot ei slik yvermakt." Daa baud Tord Hoskuld gods for hjelp, og sagde han skulde ikkje vera smaa av seg. Hoskuld sagde: "Det hev synt seg, at du ikkje forliker deg slikt med nokon mann so han fær godt av godse ditt." Tord sagde: "Ikkje skal det ganga so til no, for eg vil gjerne yverlata deg alt godse. Og so vil eg bjoda meg til aa taka Olav, son din, til fostring, og gjeva honom alt det som vert etter meg; for eg hev ingen arving her i lande, og eg tenkjer det kjem i betre hender daa, enn um frendarne hennar Vigdis skulde faa klørne sine i det." Dette segjer Hoskuld ja til og let det verta fast avgjort; men Melkorka mislikte det og tykte fostringi vart for ring. Hoskuld spurde henne kvar ho hadde augo sine; "Tord er ein gamall mann," sagde han, "og barnlaus, og eg etlar Olav alt godse, naar han er daaen; og du kann faa sjaa honom so tidt du vil." Tord tok daa den sjuuarsgamle guten aat seg og lagde stor elsk paa honom. Dette fekk dei spurt som hadde krav paa Tord godde, og tykte no det var verre aa faa tak i godse enn fyrr. Hoskuld sende Tord gjelle gode gaavor og bad honom ikkje verta vond for detta, for dei hadde ikkje rett etter logi til aa taka godse fraa Tord, sagde han; Vigdis hadde ikkje slik sak paa Tord, at ho kunde hava fullgod grunn til aa ganga fraa honom, og Tord var ikkje laakare mann for di han freista verta av med ein mann som var paa eign hans, og som hadde so mange saker paa seg som ein tistel hev piggjar. Daa desse ordi fraa Hoskuld kom til Tord gjelle, og store gaavor fylgde med, spakna han og sagde han tykte det godse var i gode hender som Hoskuld varda, og tok imot gaavorne. Sidan vart det stilt med detta; men det vart noko kaldare med venskapen millom dei. Olav voks upp hjaa Tord godde og vart stor og sterk, og so vaen var han, at ikkje maken fanst. Daa han var 12 vintrar gamall, reid han til tings, og folk fraa andre sveiter tykte det var eit under aa sjaa, kor væn han var paa skapnad. Han hadde no og so gilde vaapn og klaede, at han var lett aa kjenna fraa alle andre. Tord godde kom seg mykje betre upp sidan Olav var komen til honom. Hoskuld gav guten kjenningsnamn og kalla honom "Paa", og det namne vart hangande ved honom.

Kapittel 17

Det er sagt um Rapp, at han vart fæl aa hava med aa gjera, og gjekk paa grannarne sine so at dei snaudt kunde berga seg for honom. Men paa Tord fekk ikkje Rapp tak, etter Olav hadde vorte vaksen. Rapp hadde same viljen som fyrr; men det skorta paa magti, for alderen tok honom, so han laut leggja seg til sengs. Daa kalla han Vigdis, kona si, til seg og sagde: "Eg hev ikkje vore brælesjuk," sagde han; "og det er von til det, at denne sotti vil gjera ende paa samlive vaart. Men naar eg er daaen, daa vil eg de skal grava gravi mi i eldhusdøri og setja meg ned standande der i døri; daa kann eg endaa sjaa yver

huse mitt vel." Deretter døyrrapp, og det vart gjort med honom som han hadde fyresagt. Men so ill som han hadde vore aa hava med aa gjera, med han livde, so var han mykje verre no, daa han var daud; for han gjekk mykje att, og det er sagt, at han drap dei fleste husfolki sine mod attergonga si, og at han gjorde dei fleste som budde derikring mykje bry. Soleis vart Rappstadgarden lagt i øyde. Vigdis, kona hans Rapp, drog vestpaa til Torstein surt, bror sin; han tok imot baade henne og godse hennar. No gjorde folk som dei fyrr hadde gjort; dei for til Hoskuld og sagde honom kor mykje ilt Rapp gjorde dei, og bad honom finna paa raad. Hoskuld sagde han skulde so gjera, for med nokre mann til Rappstad og let grava upp Rapp og føra honom burt ein stad, der korkje fe elder folk plaga ferdast. Etter dette tok det mykje av med attergongom hans Rapp. Sumarlide, son hans Rapp, tok godse etter honom, og det var baade stort og fagert. Han busette seg paa Rappstad vaaren etter; men han hadde ikkje butt der lenge, fyrr han gjekk fraa vite, og lite etter døydde han. No var Vigdis, mor hans, aaleine um alt dette godse; ho vilde ikkje fara til Rappstad og driva jordi der. Torstein surt tok daa detta godse i forvaring. Han var daa noko til aars, men før og sterk likevel.

Kapittel 18

Paa denne tidi kom frendarne hans Torstein, Bork den digre og Torgrim, bror hans, seg upp til heider og æra paa Torsnes, og det synt seg snart, at dei vilde vera dei største og mest vyrde der. Daa Torstein skyna det, vilde han ikkje bægjast med dei; difor gjer han kunnigt for folk, at han etlar skifta bustad og flytja til Rappstad i Laksaadal. Han gjorde seg reiden til aa fara etter vaartinge. Sauerne vart jaga innerter strandi; men sjølv tok lian ei ferja og gjekk um bord, 12 mann sterk. Torarin, maagen hans, var med honom, og Osk Torsteinsdotter og Hild Helgesdotter, som var berre 3 vintrar gamall. Dei fekk ein kvass sudvest og siglde etter straumom inn i Kolkistestraumen, ein av dei sterkaste straumom i Breidafjorden. Der vart det ugredt med siglingi deira, av di at sjøen fall og vinden ikkje var god; for det var skurver, kvast naar det reiv i, men mest stilt dessimillom. Torarin styrde og hadde brasen um akslerne sine, av di det var trongt paa skipe; det var mesto ladet med kistor og slikt, som stod høgt i vere, og lande var nær paa baae sidor. Det gjekk smaatt, for straumen var strid imot; dei siglde upp paa eit skjer, men skipe vart ikkje sundbrote. Torstein bad dei faa sigle ned, so snøgt dei kunde, taka baatshakar og faa skipe laust. Dette vart freista, men gjekk ikkje, for det var so djupt paa baae sidor, at hakarne ikkje tok botn, og dei laut daa bida paa floi. Skipe vart no meir og meir oppfjóra. Dei saag ein sel i straumen um dagen, mykje større enn andre; han for i ring og ring um skipe, og det saag ut for dei alle som hadde han mannsaugo. Torstein bad dei skjota selen; dei freista, men fekk ikkje raam paa honom. Sidan flødde sjøen; men daa skipe var nær paa aa flota, kjem det eit ovende kvast vér og kvelver skipe, og dei drukna alle som paa skipe var, nær som ein mann som heitte Gudmund; han dreiv i land med rake, paa den staden som sidan heiter Gudmundsøyarne. Gudrid, kona hans Torkjel trevil, hadde no erveretten etter Torstein surt, som hadde drukna, og alle dei andre som hadde sett live til der. Torkjel sender straks bod aat denne Gudmund, som hadde kome seg paa land, og daa han kjem, gjer Torkjel løyenleg ein handel med honom, at han, naar han vart spurdt korleis det hadde bore til med denne ulukka og mannsapilla, skulde fortelja det soleis som Torkjel sagde fyre. Dette lova Gudmund. Torkjel spør honom no ut um detta, so mange folk høyrde det. Daa segjer Gudmund at Torstein hadde drukna fyrst, og so Torarin, maagen hans, og soleis hadde Hild daa erveretten, for ho var dotter hans Torarin; so, sagde han, drukna gjenta, for etter henne var Osk næraste ervingen, og ho døydde sist av dei. Soleis fall alt godse til Torkjel trevil, for Gudrid, kona hans, hadde erveretten etter syster su No vart detta utyver havt av Torkjel og folke hans; men Gudmund hadde fyrr fortalt det noko onnorleis. Frendarne hans Torarin tykte no denna soga ikkje var so reint viss, og sagde dei vilde ikkje tru henne, minder ho vart sanna. Dei kravde helvti av arven med Torkjel; men Torkjel meinte han aatte honom aaleine, og baud seg til aa gjera skirsel, som sed var. Detta brukte dei den tidi aa gjera soleis, at dei gjekk under ei torvremsa; ei torva vart lausskori or grasvollen, mens soleis at baae endarne var faste, og so skulde den mannen som vilde gjera skirli, gaa under henne. Torkjel trevil tvila nok paa at det hadde ikkje gjenge slikt til med dauden aat desse folkom som Gudmund og han hadde sagt siste

gongen. Ikkje trudde heid-ningarne at dei sette mindre i vaagan, naar dei skulde gjera slikt, enn dei kristne no gjer, naar skirsler vert gjorde. Den som gjekk under torvremsa, vart rein, naar torva ikkje datt ned paa honom. Torkjel lagde yver med tvo menner, at dei skulde vorta usamde um eitkvart og halda seg nær, naar skirsli vart gjord, og koma nær torva, so mykje at alle kunde sjaa at det var dei som gjorde ho datt. Den som skulde gjera skirsli, tok daa til med det; men nett som han var komen under jordremsa, sprang desse mennerne mot kvarandre med vaapn, og møttest ved torvbogen og vart liggjande der, medan torvremsa datt ned, som ventande var. Folk gjekk straks millom dei og skilde dei, og det var ikkje vondt um aa faa gjort, for det var ikkje for aalvor dei slost. Torkjel trevil spurde daa dei som saag paa, kva dei tykte um skirsli, og daa sagde alle mennerne hans at det hadde gjenge vel, um ingen hadde spilt det. So tok Torkjel all lausøyren, og jordi vart lagd attaat Rappstad.

Kapittel 19

Hoskuld var ein stor hovding og raadde yver mykje; men mykje av det han hadde under hender hørde Rut Herjolvsson, bror hans, til, og mange sagde at det vilde gjera noko-mykje mink i rikdomen hans, um han skulde betala honom mor-arven hans fullt ut. Rut var hirdmann hjaa kong Harald Gunhildson, og vart mykje vyrd av honom, og det kom seg mest av di han var slik ein utifraa kar; men dronning Gunhild sette honom so høgt, so ho korkje i ord elder paa andre maatar heldt nokon i hirdi jamgod med honom, og naar det vart halde mannjamning, og nokon fekk ros, daa var det lett for alle aa skyna, at Gunhild tok det anten for vitløysa elder ovund, naar nokon mann vart likna med Rut. Rut vart huga paa aa fara til Island, av di han hadde so mykje eigedom og gjæve frendar der. Han bur seg no til denne ferdi, og daa dei skildest, gav kongen honom eit skip og sagde han hadde kjent honom som ein god kar. Gunhild fylgde honom til skipe og sagde: "Ikkje skal dette segjast laagt, at eg hev kjent deg som ein ovkar, for i dug er du jamgod med dei beste menner her i lande, og i vit stend du langt framum dei." Dermed gav ho honom ein gullring og bad honom vel fara, drog so kappaa yver hovude og gjekk snøgt heim til garden; men Rut steig um bord paa skipe og siglde til havs. Han fekk god bøl og kom til Breidafjorden, siglde inn Breidasund og lagde til lands ved Kamsnes. So reid han til Hoskuld og kravde morarven sin. Hoskuld sagde han skyldte honom inkjenoko; mor hans hadde ikkje fare snaud fraa Island, den tid ho raaka paa Herjolv. Rut vart harm og reid derifraa. Alle frendarne hans for sømeleg aat mot honom, so nær som Hoskuld. Rut budde 3 vintrar paa Kamsnes og kravde jamnan arven sin av Hoskuld paa ting og andre logmøte. Han tala si sak godt, og dei fleste meinte Rut hadde rett. Hoskuld heldt fram det, at det var ikkje med hans vilje at Torgjerd hadde gift seg med Herjolv; men Rut meinte at mor hans raadde seg sjølv etter logi. Same hausten vart Hoskuld beden til Tord godde til eit lag; detta fekk Rut spurt og reid til Hoskuldstad sjølv tolvte og dreiv med seg 20 naut derifraa; likso mange let han vera att. Sidan sende han ein mann til Hoskuld med bod um kvar krøteri var aa finna. Huskararne hans Hoskuld tok straks vaapni sine og sende bod aat dei næraste graonom; dei vart daa 15 mann ihop, og reid etter, so kvast dei kunde. Rut og mennerne hans saag ikkje, at dei var ettersette, fyrr dei var mest framkomne til Kamsnes. Dei steig daa straks av hestom sine og batt dei og gjekk fram paa ein mel; der sagde Rut dei skulde taka imot dei; det gjekk seint for honom aa faa det han skulde hjaa Hoskuld, sagde han, men ikkje skulde det spyrjast, han flaug undan for trælom hans. Mennerne hans Rut sagde dei fekk fleire mot seg; men Rut meinte det gjorde inkjenoko; dei skulde fara dess verre ferd, dess fleire dei var. Laksdølerne sprang av hestom sine og gjorde seg reidne; men Rut bad mennerne sine ikkje sæta yermagti, og for fram imot dei, med hjelm paa hovude og drege sverd i den eine handi og skjold i den andre. Han var ein svær krigsmann, og no gjekk han so rasande paa, at faa kunde fylgja honom. Dei slost godt ei stund paa baae sidor; men Laksdølerne saag snart dei hadde med yvermannen sin aa gjera, der Rut var; for han drap tvo mann i eitt skov. Dei bad daa um grid. Rut sagde at det skulde dei faa. Daa var alle huskararne hans Hoskuld saara, og 4 var drepne. Rut for heim; han var noko saara, men fylgjesveinarne hans lite elder inkje, for han hadde sjølv halde seg fremst. Staden der dei slost vart sidan kalla Orrostudal. Sidan let Rut slagta fee. Daa Hoskuld spurde rane, samla han folk aat seg og reid heim. Straks etter kom huskararne heim og; dei

fortalde kor ille det hadde gjenge dei. Hoskuld vart galen og sagde han var ikkje meint paa aa lata Rut faa rana fe og drepa folk for seg tidare. Heile den dagen samla han menner aat seg. Daa gjekk Jorunn aat honom og spurde kva han no hadde fyre seg.

"Det er ikkje noko vidare," segjer han; "men eg vilde gjerne folk skulde faa anna aa tala um enn draape paa huskararne mine." Daa segjer Jorunn: "Stygt er det, um du vil drepa ein slik mann som bror din, og der er dei som segjer at Rut med god rett kunde hava henta detta fee fyrr. No hev han synt at han ikkje lenger vil reknast som ein lausunge, men hava det som hans er, og som han er ættboren til. Og ikkje hev han no vaaga seg til detta, aa kappast med deg, fyrr han visste seg von um hjelp av dei mennom som sterre er; for det er meg sagt, at det hev gjenge løynlege bod millom Tord gjelle og Rut. Slikt tykkjer eg lyt agtast paa; Tord tykkjer fulla det er godt aa hjelpa i ei sak som er so klåar og greid, og det veit du og, Hoskuld, at Tord er ikkje so blid paa deg som fyrr, sidan saki millom Tord godde og Vigdis kom paa, um du og i fyrstning! greidde deg fraa fiendskapen med honom og frendom hans med gaavor. Og sant aa segja trur eg og det, Hoskuld, at dei i grunnen tykkjer at du og Olav, sonen din, sit inne med den luten som høyrer dei til. Difor trur eg det er raadlegast, at du gjer Rut, bror din, sømelege bod; for graadig ulv er hard aa takast med. Det ventar eg og, at Rut vil taka vel imot det, for han hev ord for aa vera ein klok mann, og han skynar nok at dette or til æra for dykk baae." Hoskuld slakna mykje ved det Jorunn sagde, og tykte ho hadde rett. Gjekk daa menner som var vener med dei baae millom dei og bar fram forliksbod fraa Hoskuld, og Rut tok vel imot det og sagde at han gjerne vilde verta forlikt med Hoskuld; han hadde lenge ynskt dei skulde halda frendskapen, som høvelegt var, naar berre Hoskuld vilde unna honom retten hans; han vilde og bøta Hoskuld den skaden han hadde gjort honom. Saki vart daa upp gjord millom dei, og dei livde sidan som gode frendar. Rut agta no bruke sitt og kom seg mykje upp; han lagde seg ikkje frami mykje som ikkje kom honom sjølv ved; men der han lagde seg frami, vilde han raada. Han flutte bustaden og budde sidan paa Rutsstad til han døydde. Han hadde eit hov i tune, som ein endaa ser merke etter; no kallar dei det Trollaskeid, og aalmannvegen gjeng der. Rut var gift med Unn, dotter hans Mord gigja; ho gjekk fraa honom, og av di kom det upp trøttor millom Laksdølom og Fljotslidingom. Andre kona hans Rut var Torbjørg Aarmodsdotter. Endaa ein gong vart Rut gift; men me veit ikkje namne paa denna kona. 16 søner og 10 døtter hadde Rut med desse tvo konom sine. Det er sagt, at han var paa tinge ein sumar og hadde med seg 14 søner; dei var alle dugande karar, og det gjekk stort ord av dette.

Kapittel 20

Hoskuld sat no heime; han tok til aa eldast, og sønerne hans var no vaksne. Torleik busette seg paa Kamsnes, og Hoskuld reidde ut arven hans; han vart gift med Gjavlaug, dotter aat Arnbjørn Sleitu-Bjørnsson og Torlaug Tordsdotter fraa Hovde; det var eit gjævt gifte, og Gjavlaug var ei væn og storlaati kvinna. Torleik var ein strid kar og ikkje god aa koma til rettes med. Han og Rut vart ikkje gode vener. Baard Hoskuldson var heime og dreiv garden i lag med far sin. Døtterne hans Hoskuld er her ikkje mykje gjetne, endaa gjæve menner er komne fraa dei. Olav Hoskuldson var no og i framvokstren og var den vænaste guten nokon hev set; han budde, som fyrr sagt, paa Goddastad. Hoskuld syrgde no ikkje so godt for Melkorka som fyrr; han sagde han tykte at Olav, sonen hennar, var likso nær til det, og Olav sagde han skulde hjelpa henne alt det han kunde. Melkorka tykte at Hoskuld svivyrde henne; kom henne daa i hugen aa gjera noko som han ikkje vilde lika betre. Torbjørn skjup hadde havt mykje umsut for Melkorka og hjelpt henne mykje med bruke. Daa han hadde vore hjaa henne ei tid, fridde han til henne; men ho var uhuga paa det. Det stod eit skip uppe ved Bordøyre i Rutafjorden; Ørn heitte styremannen, han var hirdmann hjaa kong Harald Gunhildson. Melkorka talar til Olav, son sin, daa dei raakast, og segjer at ho vil han skal fara utanlands og vitja dei gjæve frendarne sine; "for det er sant, som eg hev sagt, at Myrkjartan irarkonge er far min, og no hev du greidt for aa koma med skip fraa Bordøyre." Olav svarar: "Eg hev tala med far min um detta; men han likar det ikkje, og det som eg og fosterfar min eig er mest i jord og krøter, so han hev ikkje mykje

islandske varor liggjande." Daa sagde Melkorka: "Ikkje nenner eg at du skal kallast trælkvinneson lenger. Er det det um aa gjera, at du tykkjer du ikkje hev varor nok, daa vil eg helder gaa med paa aa gifta meg med Torbjørn, dersom du daa helder vil fara; for eg trur at han vil gjeva deg dei varorne du treng, dersom han fær meg. Og so kjem det attaat, at Hoskuld vil mislika alt dette, naar han fær spurt det, baade at du hev fare utor lande, og at eg hev gift meg." Olav bad mor si raada som ho vilde. Sidan rødde Olav med Torbjørn og bad um aa faa varor til laans av honom; han vilde gjera seg mykje fyre med dei. Men Torbjørn svara: "Det vil eg ikkje gjera, minder eg fær Melkorka; men daa skai du faa det, for daa er det von til at det eg eig kjem deg likso mykje ved som det du fyrr hev under hender." Olav sagde det fekk daa vera so, og dei vart daa forlikte um detta; men det skulde gjerast stilt av alt saman. Hoskuld sagde til Olav at han vilde hava honom med seg paa tinge; men Olav letst som han ikkje kunde for gardsbruke; han vilde gjera ein sauhage nedmed Laksaai, sagde han. Detta likte Hoskuld godt, at han hadde slik umsut for gardsstelle, og so reid han til tings; men paa Lambastad vart det laga til brudlaups, og Olav raadde aaleine for vilkaari. Han fekk 30 hundrad i varor uskift, og han skulde ikkje gjeva noko for dei. Baard Hoskuldson var med i brudlaupet og fekk vita um alt ihop; men daa lage var slutt, reid Olav ned aat skipe og raaka Ørn, styremannen, og tinga seg far med honom. Men fyrr Melkorka og Olav skildest, gav ho honom eit stort fingergull og sagde: "Detta gav far min meg i tanngaava, og eg vonar han vil draga kjendsel paa det, naar han fær sjaa det. Endaa gav ho honom ein kniv med belte og bad honom gjeva dei aat fostermor hennar; "eg trur ho vil kjennast ved desse," sagde ho. Og til slutt sagde ho: "Eg hev butt deg heimanfraa so godt eg kunde, og lært deg aa tala irsk, so du kann greida deg, kvar du kjem paa Irland." Dermed skildest dei. Dei fekk bør straks Olav kom um bord, og siglde straks til havs.

Kapittel 21

No kom Hoskuld heim ifraa tinge og fekk spurt dette. Det harma honom mykje; men daa hans eigne skyldfolk hadde vore med i det, spakna han og let det

vera stilt. Olav og Ørn fekk god bør og kom til Noreg. Ørn talde Olav til aa fara til hirdi hans kong Harald; han hadde gjort stor rora paa dei som ikkje var betre mannsemne enn Olav, sagde han. Olav sagde at det vilde han gjera. Dei for daa til hirdi og vart godt mottekne der; kongen gav straks ans paa Olav, daa han kjende til frendom hans, og baud honom straks vera hjaa seg. Gunhild vyrde honom mykje, daa ho fekk visst at han var brorson aat Rut; men sume meinte ho tykte det var moro aa tala ved Olav likevel um det ikkje var for andre si skuld. Daa det leid paa vinteren, vart Olav uglad. Ørn spurde kva det var som gjorde honom hugsjuk. Olav svara: "Eg lyt fara vest yver have, og du gjorde meg ei stor tenesta, um du kunde hjelpa meg til med di no i sumar." Ørn bad honom ikkje stunda paa detta; han visste ikkje von til noko skip som skulde paa vesthavsferd, sagde han. Gunhild gjekk burtaat dei og lagde seg i tale deira. "No høyrer eg noko som eg ikkje hev høyr't fyrr," sagde ho, "at de ikkje er samde i talen, men vil kvar sin veg." Olav tok vel imot Gunhild og heldt tale uppe like fullt. Daa gjekk Ørn; men Gunhild og Olav tok daa til aa talast ved, og Olav sagde daa kvar han etla seg, og kor mykje det var honom um aa gjera, av di kong Myrkjartan var morfar hans. Daa sagde Gunhild: "nEg skal hjelpa deg til denne ferdi, so du kann fara dit so stormannslegt som du sjølv vil." Olav takka henne for detta. Sidan let Gunhild reida til eit skip og bad Olav segja ifraa, kor mange menner han vilde hava med seg. Han gat paa 60 mann, og sagde endaa at det var honom mykje um aa gjera, at dei liktest meir hermänner enn kjøpmänner. Ho sagde at det skulde han faa, og Ørn vart oppnemnd til aa vera med paa ferdi. Det var velbudde folk han fekk. Kong Harald og Gunhild fylgde honom ned aat skipe, og sagde at dei hadde fyrr gjeve honom venskapen sin, no vilde dei leggja lukka si attaat; for ingen mann var komen fraa Island i deira dagar som gav betre voner. Kong Harald spurde daa kor gamall han var. "No er eg attan vintrar," segjer Olav. Daa sagde kongen: "Mykje kann ein venta seg av slike menner som deg; for enno er du ikkje langt yver barnalderen komen. Kom aat oss straks, naar du kjem att!" Dermed bad kongen og Gunhild farvel med honom; men dei steig um bord og siglde straks til havs.

Dei fekk ikkje god bør um sumaren; det vart tjukk skodda og liten vind, og den som var bar imot; dreiv dei daa vidt um paa have, og dei fleste visste ikkje kvar dei for. Sistpaa letna skodda, og det vart vind; tok dei daa til segli, og umraadde seg, kvar Irland kunde vera; men dei kunde ikkje verta samde um det. Ørn var av ei onnor meining enn dei fleste; men dei sagde at han tok reint i mist, og at dei laut raada som flest var. Men daa dei spurde Olav, sagde han at dei laut raada som hadde meste vite; det toskaar fann paa dugde dess mindre, dess fleire dei var. Dermed var saki avgjord, og sidan raadde Ørn for leidi. Dei siglde baade natt og dag, og hadde jamnan liten vind. Ei natt sprang vakt-mennerne upp og bad folk vakna snøgt; dei saag land so nær seg at dei mest naadde burti det med stammen, sagde dei; men segle var uppe og vinden reint liten. Mannskape sprang straks upp og bad Ørn styra undan lande, um det var raad. Olav segjer: "Det er ugjerande, for eg ser bodar paa baae sidor, og framanfyre skoten med. Ned med segle, det foraste de vinn! naar det vert ljøs dag, kann me halda raad." Dei visste ikkje kva land detta var. Dei kastar daa ankeri, og dei fester seg straks i botnen. Um natti vert det rødt mykje um kvar dei vel kunde vera; men daa det vart ljøs dag, kjende dei det var Irland. Daa sagde Ørn: "Eg tenkjer me er ille farne, der me no er komne, for detta er langt fraa hamnar og dei kjøpstadom der utanlandsfolk skal hava fred, og no er me fjøra upp som hornsild, og etter dei loger som irarne hev, vil dei visst taka fraa oss alt det me hev aa fara med; for dei plar rekna det for vrak som stend mindre uppe i fjøra med bakskoten." Olav sagde det var ikkje so faarlegt; "men eg hov set det hev samla seg folk uppi lande her i dag, so irarne tykkjer visst det er noko verdt, at dette skipe er kome. Eg vart og var i dag, med det var fjøra, at her var ein os ved detta nese, og at straumen stod strid utigjenom; er ikkje skipe vaart skadt, so vil me skuva baaten vaar ut og flytja skipe dit." Det var leira under, der dei hadde lege for anker, og ikkje eit bord var skadt i skipe. Flutte dei daa skipe dit og kasta ankeri. Men daa det leid ut paa dagen, daa kom ei stor mannafjöld drivande ned til strandi. Tvo menner for i baat ut til skipe og spurde paa irsk, kven som raadde for detta skipe. Olav svara dei paa irsk, han og. Men daa irarne fekk visst at dei var nordmenner, daa kravde dei etter logi at dei skulde gaa ifraa skipe og ladningi, daa skulde dei ikkje gjera dei noko ilt, fyrr kongen fekk dømt i saki. Olav sagde at denna logi galdt berre kjøpmenner som ingen tolk hadde med seg; men eg kann segja dykk for visst, at dette er fredelege folk; men gjeva oss vil me ikkje ufreista. Daa sette irarne i her-rop og vod tit i sjøen og vilde draga skipe til lands under dei. Det var ikkje djupare enn at vatne tok oppunder henderne deira elder til belte paa dei som størst var; men der skipe flaut var ein djup poll, der dei ikkje kjende botn. Olav baud daa mennerne sine aa taka vaapni og fylkja paa heile skipe fraa stamn til stamn, og so tett at det var dekt med skjoldar heilt rundt, men under kvar skjold stakk ein spjotsodd fram. x Olav gjekk daa fram i stammen. Han hadde brynja, og paa hovude ein gullslegjen hjelm; i belte hadde han sverd med gullnagla hjalt, og i handi eit velprydt haugteke krokspjot; framfyre seg heldt han ein raud skjold med ei gyllt løva i. Daa irarne saag denna tilbunaden, vart dei fælne, og tykte ikkje veidni vart so lettfengd som dei hadde trutt. Dei drog seg attende og samla seg i eit torp, og der vart staak millom dei, for dei jtykte det var greidt aa vita, at detta var herskip, og det kunde vera von det kom mange fleire. Dei sende snøgt bod til kongen; det var ikkje vandt um, for han var paa veitsla ikkje langt derifraa. Han kom straks med ein flokk ridande dit som skipe var. Det var ikkje lenger millom lande og der skipe flaut, enn ein vel kunde høyra mannamaal imillom. Irarne hadde ofte sett paa nordmennerne med skotvaapn; men dei hadde ikkje havt mein av det. Olav stod i slik bunad som fyrr er sagt, og folk gav mykje ans paa, for ein drusteleg mann detta var, som var hovding for detta skipe. Men daa skipsfolke hans Olav saag ein stor ageleg riddar-her kom ridande mot dei, daa tagna dei; for dei tykte det vart mykje til yvermagt aa takast ved. Daa Olav hørde dei murra noko millom seg, bad han dei vera hugheile; "for no greider det seg nok," sagde han. Irarne helsa no paa Myrkjartan, kongen sin; men dei reid nedaat skipe, og so nær at dei kunde skilja ordi til einannan. Kongen spør kven som styrde skipe.

Olav nemnde seg og spurde kven den staute riddaren var som tala med honom. "Eg heiter Myrkjartan," segjer den andre. "Er du irarkongen?" segjer Olav. Han svara daa han var det, og spurde so etter slike tidender som det er brukelegt aa spyrja etter. Olav greidde seg vel fraa alle spursmaali. Daa spør kongen kvar dei var ifraa, og kva slag menner dei var, og serleg vilde han hava greida paa ætti hans Olav; men daa han skyna han var storlaaten og ikkje vilde svara meir enn han var spurd, daa slutta han

med spyrjingi for denne gongen. Daa sagde Olav: "Det skal eg gjera dykk kunnigt, at me kjem fraa Noreg, og at det er hirdmennerne aat kong Harald Gunhildson, desse som er her um bord. Men um mi ætt hev eg det aa segja dykk, herre, at far min bur paa Island, han heiter Hoskuld og er ein storætta mann; men mor-ætti mi tenkjer eg de hev set meir til enn eg, for Melkorka heiter mor mi, og det er meg sagt for visst, at ho er dotter di, konge, og det er det som hev drive meg til so lang ei ferd. Og mykje er det no um aa gjera for meg, kva svar du gjev meg paa dette." Kongen tagnar og talar med sine menner. Vituge menner spør honom um det kunde vera noko sant i det som denne mannen segjer. Kongen segjer: "Det er lett aa sjaa paa denna Olav at han er ein storætta mann, anten han no er frenden vaar elder ikkje, og so er det det, at han talar framifraa godt irsk." Deretter stod kongen upp og sagde: "No skal du faa svar, og det er det, at eg vil gjeva dykk alle grid; men um den skyldspapen du reknar med oss lyt me talast ved meir, fyrr eg kann svara deg paa det." Dei sette daa bryggjor paa land, og Olav og fylgje hans gjekk av skipe. Irarne undrast mykje paa denna mannen, som ruvde so vyrdsleg og vaapendjerv. Olav helsar paa kongen, tek av seg hjelmen og bukkar for honom. Kongen tek blidt imot honom, og dei talast ved; daa kjem Olav fram med erindi si att og talar baade langt og godt; til slutt sagde han han hadde oin gullring paa handi, som Melkorka hadde gjeve honom, daa dei skildest paa Island, og ho sagde so, at du konge hadde gjeve henne den i tanngaava." Kongen tok ringen og saag paa honom og vart fælt raud i andlite. Daa sagde han: "Sanne er desse jarteignerne; men like so paalitande er den, at du er so lik mor di, at ein kann kjenna deg paa det, og difor vil eg for visst vedgaa at du er min frende, Olav, og det kallar eg dei til vitne paa, som her er og høyrer kva eg segjer. So vil eg beda deg til mi hird med heile ditt fylgje; men kor stor æra de med di vil vinna, det vil syna seg, naar eg fær røynt deg meir og set kor mykje til mann du er." Kongen let dei daa faa ridehestar og sette folk til aa setja upp skipe deira og taka vare paa skipsreidsla og varorne deira. Kongen reid daa til Dyvlin, og folk tykte det var ei stor tidend, daa dei spurde at han hadde med seg dottersonen sin, sonen aat den dotteri som hadde vorte herteki derifraa for lang tid sidan, daa ho var 15 vintrar gamall. Men gladast ved denne tidendi vart fostermor hennar Melkorka; ho laag til sengs og var sjuk, baade av sorg og alderdom; men likevel gjekk ho no stavlaus og vilde finna Olav. Daa sagde kongen til Olav: "Her er no fostermor hennar Melkorka; ho vil høyra tidender av deg um korleis ho liver." Olav tok imot henne med baae hender og sette kjeriingi paa fange sitt og sagde at fosterdotter hennar var paa Island og hadde det godt der, og so gav han henne kniven og belte, og kjeriingi kjende att dei, og gret av glede og sagde at sonen hennar Melkorka var ein drusteleg kar, og det var ikkje meir enn ventande. Kjeriingi var frisk og før heile den vinteren. Kongen fekk ikkje sitja mykje i ro den vinteren, for det vart jamnan herja der i vestlandom, og kongen jaga vikingar og røvarar fraa lande. Olav var paa kongsskipe med sin flokk, og dei kararne tyktest ikkje gode aa takast med for dei som imot dei var. Kongen tala daa ved Olav og fylgje-sveinom hans og tok dei med paa raad, for han fekk sjaa at Olav baade var klok og heldt seg fram der det galdt. Daa det leid mot enden av vinteren, stemnde kongen til tings, og der kom ovende mykje folk. Kongen stod upp og heldt ein tale; han tok til soleis: "Det er dykk kunnigt, at her kom ein mann i haust som er dotterson min, og av stor ætt paa farsida og. Eg mæter Olav for so mykje til mann, at maken hans ikkje finst her. No vil eg bjoda honom kongedøme etter meg, naar eg døy; for han høver betre til yver-mann enn sønerne mine." Olav takka honom for detta tilbode; han tala snelt og med fagre ord; men han vilde ikkje lata det staa si prøva, han, korleis sønerne hans Myrkjartan vilde tola det, naar han sjølv fall ifraa. Det var betre aa hava stutt æra, sa han, enn lang skam, og han vilde fara til Noreg, so snart skip trygt kunde fara landemillom, og so vilde mor hans verta ulukkeleg, sa han, um han ikkje kom att. Kongen sagde daa han fekk raada som han vilde. Dermed vart tinge slutta. Meri daa Olav var buen til aa fara, fylgde kongen honom til skipe og gav honom eit gullnagla spjot og eit godt sverd og mykje anna gods. Olav bad um aa faa taka fostermor hennar Melkorka med seg; men kongen sagde det turvtest ikkje, og ho vart ikkje med. Olav og fylgjesmennerne hans gjekk daa um bord og skildest tråa kongen med stor venskap. Dei siglde til havs, fekk god bør, og kom til Noreg. Denne ferdi hans Olav gjekk det stort ord av. Dei sette upp skipe, fekk seg hestar og drog til kong Harald.

Kapittel 22

Olav Hoskuldson kom no til hirdi aat kong Harald, og kongen tok vel imot honom, men Gunhild mykje betre; dei bad honom mykje um aa vera der. Olav tok imot det, og baade Ørn og han vart verande ved hirdi. Kongen og Gunhild viste Olav større vyrndad enn dei hadde vist nokon utanlands mann. Olav gav kongen og Gunhild mange sjeldsynte eigneluter, som han hadde fenge vest i Irland. Til jol gav Harald Olav ein heil skarlaksklædnad. Olav sat no i ro um vinteren; men daa det leid mot vaaren, bad han kongen um orlov til aa fara ut til Island um sumaren. "Eg hev gjæve frendar eg skulde sjaa til der," sagde han. Kongen segjer: "Eg skulde ynskja du vilde slaa deg til ro her hjaa meg; du skulde faa det slikt som du sjølv vil." Olav takka kongen for detta gode tilbode; men han vilde gjerne fara til Island likevel, sagde han, um det ikkje var kongen imot. Daa sagde kongen: "Ikkje skal detta gjera oss til uvener, Olav! Fara skal du ut til Island i sumar, for eg ser at hugen din stend mykje til det; men ikkje skal du hava noko stræv elder sut for utreidsla di; det skal eg hava ei grein med." Kong Harald let setja fram eit skip um vaaren; det var ein knarr, og var baade eit stort og godt skip. Det skipe let kongen lada med timber og let til full reide, og daa det var bue, sende han bod paa Olav og sagde: " Dette skipe skal du sjølv eiga,

Olav! Eg vil ikkje du skal sigla fraa Noreg i sumar med leigd skyss." Olav takka kongen med fagre ord for den storfelte gaava. Han budde seg no til ferdi, og daa han var buen og fekk bør, siglde han til havsr og skildest med kong Harald med stor kjærleik. Han fekk god bør um sumaren, og kom til Bordøyre i Rutafjord. Det spurdest snøgt, at det hadde kome eit skip, og kven som var styremannen. Hoskuld vart svært glad, daa han spurde at Olav, son hans, var utkomen. Han reid straks nord til Rutafjorden, og det vart eit gledelegt møte millom far og son. Hoskuld baud Olav til seg, og han tok imot bodi. Daa han hadde sett upp skipe og flutt varorne sine nordantil, reid han heim til Hoskuldstad, 12 mann sterk. Hoskuld tok blidt imot honom, og det gjorde brørne hans og alle frendarne hans og; men størst var venskapen millom honom og Baard. Olav vart namnspurd av denne ferdi; det vart no og kunnigt, at han var dotterson aat Myrkjartan irarkonge; dette vart spurt yver heile lande, og like eins kor mykje dei hadde vyrdt honom, dei hovdingarne han hadde gjesta. Han hadde og havt mykje gods med seg ut til Island. Melkorka kom straks for aa sjaa sonen sin, og Olav tok kjærleg mot henne. Ho spør etter mangt og mykje fraa Irland, fyrst og fremst um far sin og det andre frendarne sine, og Olav svarar henne paa alt. Daa spurde ho braatt, um fostermor hennar var i live. Olav segjer ho var det. Melkorka spør daa kvifor han ikkje vilde gjera henne til vilje og taka henne med seg til Island. Daa sagde Olav: "Dei vilde ikkje det, mor, at eg skulde flytja fostermor di fraa Irland." "Kanskje det," sagde ho; men ein kunde sjaa at dette var henne mykje imot. Melkorka og Torbjørn hadde fenge ein son, som vart kalla Lambe; han var stor og stork og lik far sin baade i aalit og i huglynde.

Olav var no hjaa far sin den vinteren; men daa vaaren kom, tok far og son til aa røda um kva dei no skulde gjera. "Eg vilde det, Olav," segjer Hoskuld, "at du skulde finna deg ei kona, og so taka ved bruke aat fosterfar din paa Goddastad; der er mykje aa taka vare paa, og du kunde daa driva bruke under, mi omsyn." "Lite hev eg fest hugen min til dette enno," segjer Olav; "eg veit ikkje kvar den kvinna sit, som det var stor lukka for meg aa faa. Men det er fulla di meining, at eg skulde leggja mykje vinn paa giftar-maale, og det veit eg vel, at du hev ikkje gjete dette fyrr du hadde hugs paa kven det skulde vera." "Du gissar rett," segjer Hoskuld. "Det er ein mann heiter Egil Skallagrimsson, han bur paa Borg i Borgarfjorden; han hev seg ei dotter heiter Torgjerd; denne kvinna etlar eg deg aa bedla til, for ho er det beste gifte i heile Borgarfjorden, og um det var vidare og. Og det er von du vilde veksa av di at du vart maag aat Myramennom." "Eg liter meg med di omsorg for meg i denne saki," segjer Olav, "og dette giftarmaale er etter min hug, um det kunde gaa; men du kann tenkja deg at eg vilde lika det ille, um det vart frambore og det ikkje gjekk." "Me vil daa taka den raadi aa bera denne saki fram," sogjer Hoskuld. Olav bad honom daa raada. Det leid no til tingtidi, og Hoskuld drog heimantil med mange menner; Olav, son hans, var med honom paa ferdi. Dei tjelda budi si, og det vart

folksamt der. Egil Skallagrimsson var paa tinge. Alle som saag Olav tala um for ein v en og hovdingaleg mann han var. Han hadde gilde vaapn og fine kl ede.

Kapittel 23

Ein dag gjekk Hoskuld og Olav fraa budi si og burtaat Egil. Egil tok vel imot dei, for han og Hoskuld hadde ofte talast ved fyrr. Hoskuld kjem fram med erendi si og bed um Torgjerd for Olav; ho var og der paa tinge. Egil tok det vel upp og sagde at han hadde spurt berre godt baade um honom og sonen hans, "og det veit eg og, Hoskuld," segjer Egil, "at du er ein  ettstor og velvyrd mann, og Olav er namnspurd av ferdi si, og det er ikkje aa undrast paa, at slike menner vil koma seg fram, for det skortar honom ikkje korkje paa  ett elder v enleike; men likevel skal me no tala ved Torgjerd um dette, for det gjeng ikkje for nokon mann aa faa Torgjerd mot hennar vilje." Hoskuld sagde daa at han vilde Egil skulde tala ved henne. Egil gjekk no aat dotter si og sagde: "Det er ein mann som heiter Olav Hoskuldson; han er ar av dei gj evaste mennom no um dagen; Hoskuld, far hans, hev bedla til deg for honom. Eg hev sagt du skulde raada sj lv; vil eg no vita kva svar du gjev; men eg tykkjer det skulde vera greidt aa svara paa, for dette er eit gj evt giftarmaal." Torgjerd svara: "Eg hev h yrt dog segja at du elskar meg mest av bornom dine; men no tykkjer eg du gjer desse ordi til lygn, naar du vil gifta meg med sonen aat ei tr elkvinna, um han og er v en og mykje ruvande." "Ikkje er du so vitug no som du plar vera," segjer Egil; "hev du ikkje spurt at han er dotterson aat Myrkjartan irarkonge? Han er mykje betre  etta paa morsida enn paa farsida, og endaa hadde det vore oss eit fullgodt bod, um ikkje so hadde vore." Torgjerd kunde ikkje skyna det, og det slutta med di, at dei heldt kvar paa sitt. Andre dagen gjeng Egil til budi hans Hoskuld, og Hoskuld tek vel imot honom. Dei tek til aa talast ved, og Hoskuld sp r korleis det hadde gjenge med giftarmaals-saki. Egil let ille og sagde korleis det hadde gjenge. Hoskuld sagde det saag leidt ut, men tykte Egil hadde fare vel aat. Olav var ikkje med i denne samr oda. Sidan gjekk Egil, og Olav spurde no korleis det gjekk med bedlingi. Hoskuld sagde at det gjekk tungt fraa hennar sida. Daa sagde Olav: "Eg sagde deg fyreaat at eg vilde lika det ille, um eg fekk eit skjemmelegt svar. Du raadde mest, daa denne saki vart bori fram; no vil eg raada so ho ikkje skal verta spilt; det er og sant, som det er sagt, at den eine ulven et upp for den andre. Lat oss no straks gaa til budi hans Egil." Hoskuld sagde han fekk raada. Olav hadde daa paa seg skarlaksklaedi som kong Harald hadde gjeve honom; han hadde gullslegen hjelm, og i handi bar han det sverde som kong Myrkjartan hadde gjeve honom. Hoskuld og Olav gjekk daa til budi hans Egil, Hoskuld fyre og Olav straks etter. Egil tok vel imot dei, og Hoskuld sette seg ned hjaa honom; men Olav stod og saag seg um. Han saag ei kvinna sat paa pallen i budi; ho var v en og stormannsleg og fint kl edd, og han tyktest vita det laut vera Torgjerd Egilsdotter. Han gjekk burt aat pallen og sette seg ned hjaa henne. Torgjerd helsar paa denne mannen og sp r kven han er. Olav segjer namne sitt og farsnamne; "du tykkjer visst det er djervt gjort av tr elkvinnesonen, at han torer sitja hjaa deg og etlar tala ved deg," sagde han. Torgjerd svara: "Du tenkjer fulla at du hev gjort st orre vaagestykke enn aa tala ved kvinnor." Sidan kom dei i tale seg imillom og talast ved heile den dagen. Inkje h yrde andre paa samtalen deira; men fyrr dei slutta vart Egil og Hoskuld henta burtaat dei. R oda um giftarmaale hans Olav vart daa uppatt-teki, og daa gav Torgjerd seg og let far sin raada; vart dei daa lett forlikte, og festarmaale vart straks gjort. Fekk daa laksd lerne  era av dette, for dei skulde f ra gjenta heim, og det vart avtala, at brudlaupe skulde staa paa Hoskuldstad sju vikor etter sumarmaal. Dermed skildest dei, og Hoskuld og Olav reid heim til Hoskuldstad og var heime i ro um sumaren. Det vart laga til gjeste-bods paa Hoskuldstad, og ikkje spara, for der var nok aa taka av Brudlaupsfolke kom til den tid som avtala var. Borgfjordingarne var mykje mannsterke; Egil var med, og Torstein, son hans; bruri var og med, og utvalde folk fraa herade. Hoskuld hadde og bedt mange, so der var mange til aa taka imot dei, daa dei kom. Det var eit gasta lag, og mennerne vart utleidde med gaavor. Daa gav Olav Egil sverde Myrkjartans-gaava, og Egil vart sv ert blid ved den gaava. Elles er ikkje meir aa fortelja, og gjesterne for heim.

Kapittel 24

Olav og Torgjerd var paa Hoskuldstad og lagde god hug til einannan. Det var lett aa sjaa for alle, at det var ei grepa kvinna. Til kvardags lagde ho seg lite upp i sakerne aat andre; men var det noko ho lagde seg uppi, daa laut det fram som ho vilde. Den vinteren var Olav og Torgjerd sumtid paa Hoskuldstad og sumtid hjaa fosterfar hans; men um vaaren tok Olav ved garden paa Goddastad. Den sumaren fekk Tord godde sott og døydde; Olav let kasta upp haug etter honom paa det nese som gjeng ut i Laksaai og heiter Dravnarnes. Sidan søkte folk mykje til Olav, og han vart ein stor hovding. Hoskuld misunnte honom ikkje dette, for han vilde jamnan at dei skulde spyrja Olav i alle storsaker. Det var ein av dei største gardom i Laksaadalen som Olav aatte. Det var tvo brør hjaa Olav, som heitte Aan baae; den eine vart kalla Aan den kvite, den andre Aan svarte. Beine den sterke heitte ein tridje mann. Dei var sveinarne hans Olav og stridføre menner alle. Torgjerd og Olav fekk ei dotter, som vart kalla Turid. Dei jorderne som Kapp hadde aatt laag i øyde, som fyrr er sagt. Olav tykte dei laag godt til, og ein gong tala han ved far sin, at dei skulde senda bod til Trevil, at Olav vilde kjøpa av honom jorderne paa Rappstad og alle dei eignerne som høyrde attaat. Det var ingen vande med di, og dette kjøpe vart gjort, for Trevil tykte at ei kraaka i handi var betre enn tvo i skogen. Olav skulde gjeva 3 merker sylv for jorderne, og det var ikkje braatt so mykje som dei var verd; for det var vide og fagre jorder, og det fylgde mangt med som gav mykje av seg: stort laksefiskje og veidefang av sel, og store skogar. Kit stykke ovanfor Hoskuldstad nordan Laksaai var det hogge ein rudning i skogen, og der var godt for beite, so der flokka fee hans Olav seg saman um vinteren, anten vere var godt elder vondt. Ein haust let Olav reisa ein gard i dette same holte, mesteparten av timber som vart hogge der i skogen, men sumt av reka-timber. Det var ein røseleg gard. Husi stod aude um vinteren; men um vaaren etter flutte Olav dit. Fyrst samla han fee sitt, og det var mykje, for han hadde daa vorte den rikaste mannen paa krøter i Breidafjorden. Olav sende no bod aat far sin, at han skulde staa ute og sjaa ferdi hans, naar han flutte aat den nye garden, og lata gode ord fylgja honom.

Hoskuld sagde han vilde gjera det. Olav skipar no ferdi. Dei skjerraste sauene let han dei jaga fyrst, næstetter dei for bufee, so gjeldnauti, men sist klyv-hestarne. Det vart sett menner til aa passa paa, at dei ikkje skulde slaa krok uturn vegen. Daa Olav reid utor garden paa Goddastad, daa var dei fremste i ferdi komne til den nye garden, og det var ikkje op imillom nokon stad. Hoskuld stod ute med heimemennom sine; han sagde at Olav, son hans, skulde vera velkomen der, og at lukka maatte fylgja honom paa denne nye bustaden; "det sviv meg," sagde han, "at det vil gaa so, at lenge vil namne hans haldast uppe." Jorunn husfrøya segjer: "Denne trælkvinnesonen hev rikdom nok til det, at namne hans skal haldast uppe." Med det same huskararne hadde teke klyvjorne av hestom, reid Olav inn paa garden. Daa segjer han: "No skal folk faa visst det som jamnan hev vore spurt etter i vinter, kva denne garden skal heita. Han skal heita Hjardarholt. Dette tykte folk høvde godt, etter det dei no hadde set. Olav sette no bu i Hjardarholt, og det som stort var; der skorta ikkje paa noko. Gjetorde hans voks mykje i denne tidi, av mange grunnar: han var framifraa vensæl, for naar han tok paa seg ei sak for nokon, so greidde han henne so, at alle var nøgde; far hans hjelpte honom og mykje til vyrdnad, og maag-skapen med Myramennom var honom til stor hjelp. Olav gjekk for aa vera den gjævaste av sønom hans Hoskuld.

Den fyrste vinteren Olav budde i Hjardarholt hadde han mange tenestefolk og arbeidsfolk. Arbeide vart skift millom huskarom; ein gjætte gjeldnauti, ein annan kyrne. Fjose var burti skogen, eit stykke fraa garden. Ein kveld kom den mannen som gjætte gjeldnauti heim aat Olav og bad honom faa ein annan til aa gjæta dei og gjeva honom anna arbeid. "Eg vil du skal halda deg til det same arbeide som du hev havt," segjer Olav. Han sagde at han vilde helder strjuka sin kos. "Daa tykkjer du sagte det er vandt arbeid," sagde Olav; "no skal eg gjeva meg med deg i kveld, naar du skal binda inn nauti, og ser eg noko som orsakar deg, daa skal eg ikkje segja noko um det; men elles skal du ikkje sleppa skadelaus fraa dette." Olav tek det gullslegne spjote Kongsgaava i handi og gjeng heimantil, og

huskaren med honom. Det var noko snø paa marki. Dei kjem til fjose, og det stod ope. Olav sagde til huskaren at han skulde gaa inn; "eg skal driva nauti inn aat deg," sagde han, "og so skal du binda dei." Huskaren gjeng aat fjosdøri; men Olav veit ikkje orde av, fyrr han kjem farande like i fange paa honom. Olav spør kvifor han for soleis. Han segjer: "Rapp stend i fjosdøri og trivla etter meg; men eg hev fenge nok av aa fangtakast med honom." Olav gjekk daa aat døri og stakk til honom med spjote, Rapp tek med baae hendom um spjotfalen og snarar spjote utor, so skafte brotnar med det same. Olav vil daa gyva paa Rapp; men daa for han ned der han var oppkomen, og soleis skildest dei, Olav med skafte og Rapp med spjote. Olav og huskaren batt daa nauti og gjekk so heim. Olav sagde no til huskaren at han skulde ikkje gjera honom noko for det han hadde sagt denne gongen. Um morgonen etter frir Olav heimanfraa til den staden der like hans Rapp hadde vorte kasta i røys, og let dei grava der. Rapp hadde enno ikkje rotna det slag. Der finn Olav spjote sitt. Sidan læt han gjera upp eit baal, og Rapp vert brend paa baale og oska hans kasta i sjøen. Heretter hadde ingen mann mein av attergonga hans Rapp.

Kapittel 25

No er aa fortelja um sønerne hans Hoskuld. Torleik Hoskuldson var hjaa store hovdingar, med han for paa kjøpferder, fyrr han sette bu, og tyktest ein merkeleg mann; han hadde og vore i viking, og røynde seg der som ein framifraa kar. Baard Hoskuldson hadde og vore farmann og var velvyrd, kvar han kom, for han var ein god kar og hovsam i alt. Baard vart gift med ei kvinna fraa Breidafjorden; ho heitte Aastrid og var av god ætt. Baard hadde ein son heitte Torarin, og ei dotter heitte Gudny; ho vart gift med Hall, son hans Viga-Styr, og fraa dei er ei stor ættargrein komi.

Rut Herjolvson gav fri ein av trælom sine som heitte Rolv, og gav honom attaat noko gods og bustad ved landmerke millom honom og Hoskuld. Merki deira laag so naere einannan, at Rytlingarne hadde misteke seg og sett lausingen paa eign hans Hoskuld, der han snart lagde seg mykje til beste. Hoskuld tykte ille um dette, at han hadde sett lausingen paa hans grunn, og baud lausingen betala honom avgift for jordi som han budde paa; "for det er mi eign," sagde han. Lausingen fer til Rut og segjer honom det Hoskuld hadde sagt. Rut sagde han skulde ikkje bry seg um det og ikkje betala noko; "Hoskuld veit ikkje kven som eig denne grunnen," sagde han. Lausingen fer no heim og vert sitjande paa bustaden sin nett som fyrr. Lite etter fer Torleik Hoskuldson, etter samraad med far sin, med nokre mann til garden aat lausingen; honom tek dei og drep, og Torleik lagde aat seg og far sin alt det godse som lausingen hadde tent upp. Dette fekk Rut spurt, og dei likte det ille baade han og sønerne hans; mange av dei var vaksne, og den frendebolken tyktest ikkje god aa taka paa. Rut vilde freista korleis det var aa bruka logi i denne saki; men daa saki vart granska av logkunnig mann, daa gjekk det Rytlingom imot; dei som hadde med det saag mykje paa det, at Rut hadde sett ned lausingen paa jordi hans Hoskuld utan lov, og der hadde han tent seg upp godse, og Torleik hadde drepe honom paa eign deira eigi. Rut var ille nøgd med den retten han fekk. Deretter let Torleik byggja ein gard ved landmerke millom Hoskuld og Rut; han heiter Kambsnes, og der budde Torleik ei tid, som fyrr er sagt. Torleik fekk ein son med kona si; han vart aust med vatn og fekk namne Bolle; han vart tidleg overlag vaen.

Kapittel 26

Hoskuld Dalakollsson fekk sott i sin alderdom; han sende bod paa sønerne sine og andre frendar og vener, og daa dei kom, sagde han til Baard og Torleik: "Eg hev vorte noko tuskjen, og eg hev aldri vore sjuk fyrr. Den tridje sonen min er ikkje arvboren; no vil eg beda dykk brør, at Olav skal faa vera med paa arven og faa tridjedeildi med dykk." Baard svara fyrst og sagde at han vilde gjera med dette som far hans vilde; "for eg ventar meg æra av Olav i alle maatar, og det dess meir, dess rikare han er." Daa sagde Torleik: "Det er langt fraa min vilje, at Olav skal faa arv med oss; han hev gods nok fyrr, og du far hev gjeve honom mykje fyremun for oss andre og lenge bytt ulikt millom oss. Eg vil ikkje

godviljug gjeva upp det som eg er fødd og boren til. Hoskuld segjer: "De vil ikkje rana meg retten til aa gjeva sonen min 12 øyrar, so storætta paa morsida som Olav er." Torleik segjer ja til det. Daa let Hoskuld taka gullringen Haakonsgaava ? han vog ei mork ? og sverde Kongsgaava, som kom paa 1/2 mork gull; dei gav han Olav, son sin, og let lukka aat seg og ætti si fylgja med; men ikkje for det, sagde han, at han ikkje visste ho hadde fylgt honom fyrr. Olav tok imot gaavorne og sagde han fekk lata det staa si prøva, korleis Torleik likte det. Torleik let ille um det og tykte Hoskuld hadde havt noko anna under med det han hadde sagt. Olav segjer: "Eg vil ikkje sleppa desse eigneluterne fraa meg, Torleik, for eg hev vitne paa at du hev samtykt i ei slik gaava. Eg vil lata det staa til um eg skal faa hava det." Baard samtykte i det far hans hadde gjort. Etter dette døydde Hoskuld. Det tyktest stor skade, fyrst og fremst for sønom hans og for alle frendom hans og dei som var i maagskap med dei, og venom hans. Sønerne hans let kasta ein røsleg haug yver honom; men det vart berre bore lite gods inn i haugen med honom. Daa dette var fraa seg gjort, tok brørne til aa tala paa arveøl etter far sin, som sed var i den tid. Daa sagde Olav: "Skal dette lage verta so vyrdelegt so me kann hava æra av det, so trur eg ikkje me kann taka til med det so snøgt. Det lid no langt ut paa hausten, og det er ikkje lett aa faa det som skal til. Og for dei fleste som hev langt aa fara vil det vera vondt aa koma fram so seint paa hausten, so det er viss von, at mange ikkje vilde koma av dei me helst vilde. No vil eg bjoda meg til aa beda folk til dette lage paa tinge til sumars, og eg vil vera med og kosta tridje-deildi." Dette gjeng dei andre med paa, og Olav fer no heim. Torleik og Baard skifter godse millom seg, fekk Baard farsgarden, for det raadde dei Heste til, av di han var meir vensæl, og Torleik fekk meir lausøyre. Millom Olav og Baard var god brorskap, men millom Olav og Torleik var det ikkje vidare godt. So lid vinteren, og sumaren kjem, og det lid til tings. Hoskuldsonerne bur seg no til aa fara til tings; det var lett aa sjaa, at Olav var den fyrste av dei brørom. Daa dei kjem til tinge, tjeldar dei budi si og pryder henne baade fint og vel.

Kapittel 27

Ein dag, daa folk giekk til Logberge, stod Olav upp og bad seg ljod. Han tala fyrst um at far hans var fallen fraa, "og," segjer han, "her er no mange menner, frendarne og venerne hans; no er det viljen aat brørom mine, at eg skal beda til arveøl etter Hoskuld, far vaar, alle dykk godordsmenner; for dei fleste av skyldfolkom hans var av dei gildaste mennom. Det skal eg og lysa til, at ingen av stormennom skal fara gaavelaus fraa lage. So vil me og beda bønder og kven som koma vil, baade rike og ringe, at dei maa koma til Hoskuldstad til eit fjortandags lag, 10 vikor fyre vinternæterne." Daa Olav slutta talen sin, fekk han sterke fagnadrop, og folk tykte det var ei storkarsleg bod; men daa han kom heim til budi og sagde aat brørom sine kva han hadde etla, daa let dei ikkje vel og tykte han hadde teke for stort i. Etter tinge reid brørne heim. Sumaren leid, og det vart gjort tilstellingar til lage med det beste av alle slag; Olav gav sin tridjung, og den var velmælt, og det var kosta mykje paa til dette lage; for det var etla paa mange. Og daa tidi kom, møtte dei fram dei fleste gjæve menner som hadde lova aa koma; det var so fjølment, at dei fleste segjer det var fulle 9 hundrad. Dette var det næst største lage som hev vore paa Island; det største var det arveøle som Hjaltesønerne gjorde etter far sin; der var 12 hundrad. Det vart eit overlag gildt lag; og alle brørne fekk stor æra av det; men Olav var den som stod mest fyre. Han hjelpte og brørne sine med gaavom; alle stormennerne fekk gaavor. Daa dei fleste var farne, gjekk Olav aat Torleik, bror sin, og sagde: "Du veit, frende, at det ikkje alt hev vore so godt millom oss; no vilde eg telja til at me skulde halda frendskapen vaar betre. Eg veit du mislikar at eg tok dei eigneluterne som far min gav meg paa sin døyande dag; tykkjer du no du hev lide urett ved dette, daa vil eg freista aa gjera deg nøgd att og bjoda deg aa fostra sonen din; for den vert stødt rekna for mindre mann, som fostrar barn aat ein annan." Torleik tok honom detta vel upp, og sagde, som sant var, at dette var ærefullt bode. Olav tok daa Bolle, son hans Torleik, aat seg; han var daa 3 vintrar gamall, Dei skildest no med største kjærleike, og Bolle for med

Olav heim til Hjardarholt. Torgjerd tok vel imot honom; vart Bolle oppfødd der, og Olav og Torgjerd heldt ikkje mindre av honom enn av bornom sine egne.

Kapittel 28

Olav og Torgjerd fekk ein son; han vart aust med vatn og vart kalla Kjartan, etter Myrkjartan, morfar sin. Bolle og Kjartan var mest jamgamle. Dei hadde og fleire horn; sønerne deira heitte Steintor, Haldor, Helge og Hoskuld; han var den yngste. Dotterne deira var Turid, som fyrr er nemnd, og Bergtora og Torbjørg. Alle borni deira gav gode voner i oppvokstren. I den tidi budde Holmganga-Berse i Saurbø paa garden Tunga; han kom aat Olav og baud honom at han vilde taka Haldor, son hans, til fostrings. Det tok Olav ved, og Haldor for heim med honom; han var daa aarsgamall. Den sumaren fekk Berse sott og laag lenge um sumaren. Det er fortalt, at ein dag, daa folk i Tunga var ute paa høyonni, var dei tvo, Haldor og Berse, inne, og Haldor laag i vogga; daa valt vogga, og guten fall paa golve, og Børse kunde ikkje koma og hjelpa honom. Daa kvad Berse dette:

Ligg me bane hjelpelause,
Haldor og eg, kjem ingen veg.
Eg er for gamall og du for ung;
det batnar med deg,
men ikkje med meg.

So kom det folk og tok Haldor upp ifraa golve; men Berse batna. Haldor vart oppfødd der og vart ein stor og staut kar.

Kjartan Olavson voks upp heime i Hjardarholt; han vart den vænaste mannen som er vorten fødd paa Island. Han hadde stort, fagert andlit og framifraa væne augo og ljøs hamlit; stort haar hadde han, det var fagert som silke og fall i lokkar. Han var stor og sterk som Egil, morfar sin, elder Torolv. Han var betre vaksen enn nokon annan, so alle som saag honom laut undra seg. Han var og meir vaapenfør enn dei fleste andre, godt hendt og den beste til aa symja. I alle itrottar var han langt framum alle andre. Men endaa var han meir smaalaaten og vensæl enn nokon annan, so kvart barn heldt av honom; han var godlynd og gjev mild. Olav heldt mest av Kjartan av alle bornom sine. Bolle, fostbror hans, var stor paa vokster; han kom Kjartan næst i alle itrottar og tiltak; sterk var han og væn, høvisk og ein god hermann, og vilde gjerne halda seg staseleg. Fostbrørne heldt mykje av einannan. Olav sat no i nokre aar heime paa garden sin.

Kapittel 29

Ein vaar sagde Olav aat Torgjerd at han etla seg utanlands; "so lyt du passa garden og borni," sagde han. Torgjerd likte ikkje dette; men Olav sagde han vilde raada. Han kjøpte eit skip som stod vest i Vadil. Han for heimantil um sumaren og kom til Hordaland. Straks upp i landet der budde det ein mann som heitte Geirmund gny, ein megtug og rik mann og ein stor viking. Han var ikkje god koma til rettes med; men no hadde han sett seg i ro og var hirdmann hjaa Haakon den megtuge. Geirmund kom ned til skipe og kjendest straks ved Olav, for han hadde høyrte gjete honom. Han baud Olav til seg med so mange menner som han vilde. Det tok Olav imot og tok opphald hjaa honom med 5 menner; men skipsfolke hans fekk opphald paa ymse stader omkring der paa Hordaland. Geirmund stelte vel med Olav; det var ein raseleg gard og mykje folk og stor moro um vinteren. Men daa vinteren leid til ende, gav Olav Geirmund greida paa erendi si, at han vilde faa seg hustimber, og sagde at det var honom mykje um aa gjera, at timbere var godt. Geirmund segjer: "Haakon jarl hev den beste skogen, og det veit eg visst, at kjem du til honom, daa vil det staa deg fritt for aa taka timber der; for jarlen tek vel imot dei som ikkje er so mykje til menner som du, Olav, naar dei gjestar honom." Um vaaren drog

Olav til Haakon jarl, og jarlen tok overlag vel imot honom og baud Olav vera hjaa seg so lenge han vilde. Olav sagde daa aat jarlen kva ferdi hans galdt: "vil eg beda dykk um det, herre, at de læt oss faa hogga hustimber i skogen dykkar." Jarlen segjer: "Det skal det ikkje verta spara paa. Du kann fritt faa lada skipe ditt med det timbere som me vil gjeva deg; for me hev den trui, at me ikkje vert gjesta kvar dag av slike menner fraa Island." Ved skilnaden gav jarlen honom ei gullslegi øks som var ein kosteleg eignelut, og dei skildest med stor venskap. Geirmund skipar løyndeg jorderne sine; han etlar seg til aa fara ut til Island um sumaren med skipe hans Olav; men dette held han løynt for alle, og Olav visste ikkje um det, fyrr Geirmund flutte godse sitt ut paa skipe hans. Det var store rikdomar. Olav sagde: "Ikkje skulde du fara paa skipe mitt, um eg hadde fenge visst det fyrr, for eg trur det finst dei paa Island som det var til større gagn at dei aldri fekk sjaa deg; men no, daa du er komen her med so mykje gods, nenner eg ikkje jaga deg att som ein buhund." Geirmund segjer: "Ikkje skal eg verta attsett, um du og er noko stor i ordom; for eg etlar aa faa far med deg." Dei gjekk daa um bord og siglde til havs, fekk god bøl og kom inn Breidafjorden. Dei sette bryggjor til lands i Laksaosen, og Olav lét bera timbere paa land og sette skipe upp i det skure som far hans hadde bygt. Han baud Geirmund til seg. Den sumaren lét Olav byggja eit eldhus i Hjarðarholt, større og betre enn noko folk hadde set; der var rita bilæte av namngjetne sogor paa bordveggen og i røyste, og det var so godt gjort, at det tyktest mykje staslegare naar ikkje tjeldi var uppe. Geirmund heldt seg til kvardags mesta for seg sjølv, og var leid og tver mot dei fleste. Han gjekk jamnan i raud skarlakskjole, med ei graa kappa utanpaa, og bjørnskinshuva paa hovude og i handi eit sverd, eit stort vaapn som det ikkje fanst sylv paa; men blade var kvast og breidt, og det beid ikkje rust paa det. Dette sverde kalla han Fotbit, og lét det aldri gaa seg utor handi. Geirmund hadde ikkje vore der lenge fyrr han lagde hug til Turid, dotter hans Olav, og han bad Olav um aa faa henne; men han gav honom nei. Daa gav Geirmund Torgjerd gaavor for aa naa giftar-maale, og ho tok imot dei; for det var ikkje smaatt. Torgjerd tok daa til aa tala med Olav um dette, og sagde honom si meining, at dotter deira kunde ikkje verta betre gift, for han var baade ei stor kjempa og rik og storlaaten. Daa segjer Olav: "Ikkje skal eg gjera deg meir imot i dette enn i anna, um eg og kunde vera meir huga paa aa gjeva Turid ein annan mann." Torgjerd tykte no ho hadde gjort det godt, og gjekk til Geirmund og sagde honom korleis det hadde gjenge. Han takka henne for dei gode ordi ho hadde lagt for honom, og for di ho hadde fare so karsleg aat. Geirmund tek no uppatt bedlingi si hjaa Olav, og no gjekk det lett. Han fester no Turid; brudlaupe skulde staa i Hjarðarholt sist paa vinteren. Det vart eit framifraa stort lag; for daa var eldhuse ferdigt. Der var og Ulv Uggeson; han hadde gjort eit kvæde um Olav Hoskuldson og um dei sogorne som var skildra i eldhuse, og sagde det fram i lage. Dette kvæde er kalla Husdraapa og er godt gjort. Olav lønte honom vel for det; han gav og store gaavor aat alle dei stormennom som var med i lage. Olav tyktest hava vokse av dette lage.

Kapittel 30

Det gjekk ikkje godt med samlive millom Geirmund og Turid; det var gale paa baee sidor. Tri vintrar var Geirmund hjaa Olav; daa fekk han hug til aa fara burt, og sagde at Turid skulde vera att, og Groa, dotter deira, som daa var aarsgamall; men det han aatte vilde han hava med seg. Dette tykte Torgjerd og Turid ille um og sagde det til Olav; men han sagde: "Kva er no paa ferd, Torgjerd? Er ikkje austmannen so gild no som den hausten han bad um aa verta maagen din?" Dei kom ingen veg med Olav, for han var i alle maatar ein fredeleg mann, og han sagde og at vesle-gjenta skulde vera att, til ho hadde lært noko, og ved skilnaden gav Olav Geirmund knarren sin. Han takka og sagde at det var stormannsleg gjort. Daa han var

buen, siglde han ut fraa Laksaosen med ein lett nordaust; men daa dei kom ut aat øyom, lagde vere seg, og han vart liggjande ute ved Øksnøy ein halv maanad og kunde ikkje koma av stad. I denne tidi tor Olav heimantil; han skulde sjaa etter rake sitt. Daa kalla Turid, dotter hans, nokre huskarar til seg og baud dei fara med seg. Ho tok og med seg veslegjenta; dei var 10 ihop. Dei sette ut ei ferja som hørde Olav til, og Turid baud dei ro elder sigla utetter Kvams-fjorden, og daa dei kom ut aat øyom,

baud ho dei skuva baaten som laag i ferja ut paa vatne. Turid steig i baaten, og tvo menner; men dei andre baud ho passa ferja, til ho kom att. Ho tok gjenta paa fange sitt og baud dei ro yver straumen, til dei naadde skipe. Ho tok ein navar fraa ferja og gav honom aat ein av dei som fylgde henne, og baud honom at han skulde gaa um bord i knarrbaaten og bora hol i honom, so han vart ubrukande, um dei vilde taka til honom i snøggvendingi. So lét ho seg setja i land. Det var i solrenningi; ho hadde gjenta i armom sine og gjekk ut etter bryggja; alle mann sov. Ho gjekk aat skinn-sengi der Geirmund sov; sveide Fotbit hekk tett frammed. Turid sette no gjenta i sengi, greip Fotbit og tok med seg og gjekk fraa skipe og burt aat fylgje-sveinom sine. No tek gjenta til aa graata; av di vaknar Geirmund eg set seg upp; han kjenner barne og tykkjest vita kvar dette var kome fraa. Han sprett upp og vil taka sverde, men finn det ikkje; han gjeng daa burt aat skipsborde og ser at dei ror ifraa skipe. Geirmund ropar paa mennerne sine og byd dei springa i baaten og ro etter dei. Dei gjerer so, men er ikkje langt komne, fyrr dei ser svarte sjoen stend inn i baaten: snur dei daa til skipe att. Daa ropar Geirmund paa Turid og bed henne koma att og gjeva honom sverde Fotbit; "men tak gjenta di," segjer han, "og før med deg herifraa med henne so mykje gods som du vil." Turid segjer: "Tykkjest det deg betre enn aa missa sverde?" Geirmund svara: "Mykje gods skal det til, fyrr eg held det for betre aa missa sverde." Ho sagde: "Daa skal du aldri faa det; du hev fare aat som ein laak kar mot oss; no skal me skiljast." Daa sagde Geirmund: "Ikkje vert det til di lukka, at du tek med deg sverde." Ho sagde det fekk vaaga seg. "Daa skal desse ordi fylgja det," segjer Geirmund, "at dette sverde skal verta til bane for den mannen i dykkar aett som det tykkjest dykk størst skade aa missa, og som det vil gaa dykk mest nær at slikt skulde raaka." Etter dette fer Turid heim til Hjardarholt. Olav var daa og heimkomen, og var ille nøgd med det ho hadde gjort, men gjorde ikkje meir med det. Turid gav Bolle, frenden sin, sverde Fotbit, for ho heldt likso mykje av honom som av brørom sine; bar Bolle dette sverde lenge. Geirmund fekk god bør og siglde til havs, og kom til Noreg um hausten. Men ei natt siglde dei paa ein baae utanfyre Stad, og Geirmund sette live til, og alt mannskape hans, og dermed er ikkje meir um Geirmund aa fortelja.

Kapittel 31

Olav Hoskuldson sat paa garden sin i stor vyrdnad, som fyrr er sagt. Gudmund Solmundson heitte ein mann; han budde paa Aasbjarnarnes i Videdal; han var ein rik mann. Han bad um Turid, og fekk henne, og mykje gods attaat. Turid var ei klok, storfelt kvinna og ei grepa menneskja. Dei fekk sønerne Hall, Barde, Stein og Steingrim; døtterne deira heitte Gudrun og Olov. Torbjørg, dotter hans Olav, var ei væn kvinna og sterk vaksi; ho vart kalla Torbjørg digre. Ho vart gift vest i Vatnsfjorden med Aasgeir Svartson, ein gjæv mann; son deira var Kjartan, far aat Tord, far aat Snorre, far aat Torvald; fraa dei er Vatnsfjordings-ætti komi. Sidan vart Torbjørg gift med Vermund Torgrimson; dotter deira var Torfinna, som vart gift med Torstein Kuggeson. Bergtora Olavsdotter vart gift vest i Djupafjorden med Torhall gode; son deira var Kjartan, far aat Smed-Sturla; han var fosterson aat Tord Gilsson.

Olav Paa hadde mange gilde krøter. Han hadde ein god ukse, heitte Harre, apalgraa av lit og større enn andre naut. Han hadde 4 horn; tvo var store og stod fagert, og dei tri stod ende upp i vere; men det fjorde stod fram or skallen og nedfor augom hans; det var isvekkjaren hans. Han krafsa som ein hest. Ein hard vinter, daa mykje krøter rauk med, gjekk han fraa Hjardarholt og dit som no heiter Harrastad i Breidafjordalen; der gjekk han um vinteren med 16 naut og heldt dei alle med gras; um vaaren gjekk han heim i den hagen som heiter Harrabol paa Hjardar-holtseiga. Daa Harre var 18 vintrar gamall, datt isvekkjaren av hovude hans, og same hausten lét Olav slagta honom. Notti etter drøymde Olav at ei kjeriing kom aat honom, stor og sint. "Er du svevntung?" sagde ho. Han sagde han var vaken. "Nei, du søv," sagde kjeriingi; "men det som eg segjer skal gaa for seg likevel. Sonen min hev du late drepa og koma hjelpelaus aat meg, og difor skal eg laga det so, at du skal faa sjaa din son blodut all igjenom, og til det skal eg velja den av dei som eg veit du held minst fal." Dermed kvarv ho burt. Olav vakna og tyktest sjaa ein svip av kjeriingi. Han tykte draumen var merkeleg, og fortalde honom aat venom sine;

men dei gav ingi tyding paa honom som han likte. Han tykte dei tala best som sagde at det var berre noko draume-vas som hadde kome honom fyre.

Kapittel 32

Usviv Helgeson heitte ein mann. Far hans var son nat Ottar, son aat Bjørn den austrøne, son nat Kjetil flatnev, son aat Bjørn buna. Mor hans Usviv heitte Nidbjørg; hennar mor var Kadlin, dotter aat Ganga-Rolv, son hans Ukse-Tore; han var ein namngjeten herse aust i Viki, og vart kalla so av di han aatte 3 øyar og 80 uksar paa kvar. Han gav den eine øyi og uksarne aat kong Harald, og denne gaava gjekk det stort ord av. Usviv var ein overlag klok mann; han budde paa Laugar i Sælingsdalen; den garden stend sunnanfor Sudiugsdalsaa tvert for Tunga. Kona hans heitte Tordis, dotter aat Tjodolv laage. Dei hadde 5 søner: Uspak, Helge, Vandraad, Torraad og Torolv; dei var alle stridføre menner. Gudrun heitte dotter deira; ho var den fyrste av alle kvinnor som voks upp paa Island baade i vænleike og vit. Gudrun var so fin og høvisk, so det saag ut som barneverk alt det andre kvinnor hadde av stas, mot det ho hadde. Ho var klokare enn alle andre kvinnor og tala godt for seg; gjev mild var ho og. Usviv hadde i kost hja seg ei kona som heitte Torhalla; dei kalla henne den svall-uge, ho var noko skyld Usviv. Ho hadde tvo søner, Odd og Stein; dei var dugande menner og var til stor hjelp tor Usviv med gardsbruke. I Tunga budde ein mann heitte Torarin, son aat Tore sæling. Han var ein god bonde, stor og sterk; han hadde gode jorder, men mindre lausøyre. Usviv vilde kjøpa av honom jorderne; for han hadde lite land, men mykje krøter. Det vart til det at Usviv kjøpte av Torarin alt lande fraa Gnupaskard og etter dalen paa baae sidor til Stakkagil. Det er godt land, som gjev mykje av seg; han for jamnan til sæters der. Han hadde mange tenestefolk og stort hushald.

Vest i Saurbø er ein gard heiter Hol; der budde tri maagar. Torkjel kvelp og Knut var brør og ættstore menner; maagen deira, Tord, budde i lag med dei; han vart nemnd etter mor si; dei kalla honom Ingunnson; far hans var Glum Geirason. Tord var ein væn og spræk kar, mykje for seg og ein svær sakfører. Tord var gift med Aud, syster aat Torkjel og Knut. Ho var korkje væn elder ferm; Tord brydde seg lite um henne; han hadde traatt etter godse, for der var stor rikdom samla. Det gjekk godt med hushalde deira sidan Tord kom med dei.

Kapittel 33

Gjest Odleivson budde paa Hage vest paa Barda-strandi; han var ein stor hovding, vis og framsynt paa mange ting; han var til vens med alle dei større menner, og mange søkte raad hja honom. Han reid kvar sumar til tings og tok daa jamnan inn paa Hol. Ein gong bar det so til, at Gjest reid til tings og var paa Hol mn natti. Um morgonen gjorde han seg tidleg buen, for han hadde lang veg; han etla seg til Tykkva-skog til Aarmod, maagen sin, til kvelds. Han var gift med Torunn, syster hans Gjest, og dei hadde tvo søner, Ørnolv og Halldor. Gjest rid no vestantil Saurhø um dagen, og kjem til Laugar i Hælingsdalen og kviler paa der ei stund. Gudrun kom til Laugar og tek vel imot Gjest, frenden sin. Han var vensleg mot henne, og dei tok til aa talast ved; dei var baae kloke og hadde godt for aa tala. Men daa det leid paa dagen, sagde Gudrun: "Det vilde eg, frende, at du skulde rida til oss i kveld med heile ditt fylgje; det vil far min og, endaa han unner meg den æra aa bera dette bode fram, og det med, at du skal taka inn her kvar gong du rid vest elder vestan." Gjest takka og sagde det var eit grepa bod, men han laut rida lenger likevel no, som han hadde etla seg til. Daa sagde Gudrun: "Eg hev dromt mykje i vinter, og det er 4 draumar som hev gjeve meg mykje aa tenkja paa; men ingen mann hev gjeve dei slik tyding som eg likar; men likevel bed eg ikkje um at dei skal verta tydde som eg vil." Daa sagde Gjest: "Seg du meg draumarne dine! Kanskje me kann gjera noko utav dei." Gudrun sagde: "Eg tyktest eg stod ute ved ein løk og hadde krokfald paa hovude, og eg tykte han høvde meg ille, og eg fekk hug til aa brøyta paa honom; men mange talde meg fraa aa gjera det. Men eg lydte ikkje etter det; eg reiv falden av hovude mitt og kasta honom ut i løken, og lenger var ikkje denne draumen. Men den

andre draumen tok til so, at eg tykte eg stod ved eit vatn, og det var kome ein sylvring paa handi mi, og eg tykte at han var min, og at han h vde meg framifraa godt. Eg tykte det var ein stor skatt, og etla aa hava honom lenge; men daa eg minst venta det, rann ringen av handi mi og ut i vatne, og eg saag honom aldri meir. Eg tykte dette var mykje st rre skade enn eg vilde rekna det for, um eg hadde mist den dyraste eigneluten. Og so vakna eg." Gjest sagde herre: "Denne draumen er ikkje mindre." "So var det den tridje draumen," sagde Gudrun. "Eg tykte at eg aatte ein gullring, og at eg hadde fenge skaden min hett. Det kom meg i hugen, at eg skulde faa njota denne ringen lenger enn den fyrre; men eg tykte ikkje han h vde meg so mykje betre som gull er dyrare enn sylv. Men so tykte eg eg datt og vilde taka for meg med handi; daa raaka gullringen ein stein og spratt sund i tvo stykke, og eg tykte det kom blod utor stykk i. Det tyktest meg meir harm enn skade; for det kom meg for, at det hadde vore ein brest paa ringen, og daa eg saag etter paa stykki, daa tyktest eg sjaa fleire brester paa dei; men eg tykte likevel han kunde hava vore heil, um eg hadde passa betre paa honom. Lenger var ikkje denne draumen." "Dei gjeng ikkje vel, dei tri draumarne dine," sagde Gjest. Gudrun tok til att: "Den fjerde draumen min var slik, at eg tyktest hava ein gullhjelms paa hovude med mange glimesteinar i, og den skatten tykte eg eg aatte. Men det var det i vegen med honom, at han tyktest meg vel tung, so eg snaudt orka aa bera honom, og laut halda hovude paa skakke; men eg lasta ikkje hjelmen for det, og eg vilde ikkje skilja meg ved honom. Men likevel datt han av hovude mitt og ut i Kvamsfjorden. Dermed vakna eg. Og no hev eg sagt deg alle draumarne." Daa sagde Gjest: "Greidt hev eg set kva desse draumarne er; men du skal sjaa dei samstavar mykje, for eg kjem til aa tyda dei alle mest eins. Du kjem til aa faa 4 menner. naar du vert gift med den fyrste, daa ventar eg at det er ikkje etter din hug, og naar du tykte du hadde ein stor fald paa hovude som h vde deg ille, daa kjem du ikkje til aa halda mykje av honom. Og naar du tok falden av hovude ditt og kasta honom i vatne, daa tykte eg det so, at du skal gaa fraa denne mannen; det kallar folk paa sjoen kasta, naar ein mann slepper ifraa seg det han eig og ikkje f r noko att for det. Det var den andre draumen, at du tyktest hava ein sylvring paa handi. Det tyder at den andre mannen din skal vera ein namngjeten kar, som du skal elska mykje, men ikkje faa hava lenge. Det kjem meg ikkje uventande, um du misser honom med di at han druknar. Og lenger gjer eg ikkje denne draumen. I den tridje draumen din tyktest du hava ein gullring paa handi; det er den tridje mannen din. Ikkje vil han vera so mykje meir verd som malmen er dyrare og vandare aa faa; men det kjem fyre meg det, at i den tidi skal det hava vorte truskifte, og daa skal denne mannen din hava teke den trui som me held mykje betre og h gre. Men naar du tykte ringen spratt i sund, av di du ikkje passa vel paa honom, og du saag blod koma utor stykki, daa skal denne mannen din verta drepen, og daa skal du sjaa vel dei bresterne som hev vore ved dette giftarmaale. Den fjerde draumen din var den, at du tyktest hava paa hovude ein hjelm av gull, sett med glimesteinar, og han vart deg tung aa bera. Det er den fjerde mannen din; han skal vera ein stor hovding og bera  gishjelm yver deg, og naar du tykte han datt ut i Kvamsfjorden, daa skal han raaka ut for denne fjorden i si siste stund. Lenger gjer eg ikkje denne draumen." Gudrun sat raud som blod, medan draumarne vart tydde; ikkje eit ord sagde ho, fyrr Gjest hadde slutta; men daa sagde ho: "Fagrare spaadomar hadde du funne i dette, um du hadde fenge det soleis fraa meg; men du lyt hava takk likevel for du tydde draumarne. Men mykje f r eg aa tenkja paa, um alt dette skal gaa for seg." Ho bad Gjest endaa ein gong verta verande der um dagen, og sagde at Usviv og han kunde hava mangt vitugt ord aa tala sag imillom. Men han sagde: "Eg vil rida som eg hev sagt; men du skal helsa far din fraa meg og segja honom desse ordi mine, at det vil koma ei tid daa det vert stuttare veg millom bustadom vaare, og daa vil me hava lett for aa talast ved, um det vert oss unt." Gudrun drog heim, og Gjest reid burt. Ved tun-gjerde m tte han ein av heimemennom hans Olav; han kom med bod fraa Olav og skulde beda Gjest til Hjarðarholt. Gjest sagde han vilde koma til Olav um dagen, men taka herberge i Tykkvaskog. Hus-karen snur daa straks heimatt og segjer Olav dette. Olav tok daa hestar og reid Gjest til m tes med nokre menner; dei m ttest inne ved sjoen. Olav tok vel imot honom og baud honom til seg med heile fylgje sitt. Gjest takkar honom for bode og svara at han vilde rida inn paa garden og sjaa korleis han budde, men han vilde gjesta seg hjaa Aarmod. Han dvalde der ei liti rid, so han fekk sjaa seg vel um paa garden. Han l t vel og sagde der var ikkje spara paa kostnad til den garden. Daa han for, reid Olav med honom ned til Laksaai.

Fostbrørne var ute paa symjing um dagen, og mange unggutar fraa andre gardar var med; Olavsønerne stod for den moroi. Daa nokken kom ridande, sprang Kjartan og Bolle upp, og hadde mest fenge paa seg alle klædi daa Gjest og Olav kom. Gjest saag paa dei unge gutarne ei stund, og spurde Olav, kvar Kjartan sat, og kvar Bolle, og Olav rette spjotsenden mot kvar av dei og nemnde alle dei som var der. Daa var der mange andre fullvaksne gutar, som var komne upp or vatne og sat paa aabakken hjaa Kjartan og brørom hans. Gjest sagde han kjende ikkje ættarmerki hans Olav paa desse mennom. Daa sagde Olav: "Ikkje er der sagt for mykje um visdomen din, Gjest, naar du kann kjenna menner du ikkje hev set fyrr, og det vil eg, at du skal segja meg kven av desse unggutom skal verta beste karen." Gjest segjer: "Det vil gaa etter kjærleiken din: Kjartan vil verta halden gjævast, med han er i live." Dermed sette Gjest sporarne i hesten og reid burt. Men lite etter reid Tord den laage, sonen hans, burt aat honom og sagde: "Kva er det som veid det, far min, at taarorne dine renn?" Gjest segjer: "Gagnlaust er det aa segja det; men ikkje nenner eg tegja med det som vil koma fram i dine dagar: det vil ikkje koma uventande paa meg, um Bolle stend yver hovudhaare hans Kjartan og so sjølv vinn seg bane. Men ilt er det aa vita dette um slike gjæve menner." So reid dei til tings.

Kapittel 34

Torvald heitte ein mann, son aat Halldor Garpsdals-gode; han budde i Garpsdal i Gilsfjorden og var ein rik mann, men lite til kar. Han bad um Gudrun Usvivsdotter paa altinge, daa ho var 15 vintrar gamall. Usviv svara vel paa dette, men sagde dei var ikkje jamnrike; men Torvald gav seg ikkje, og sagde at han fria etter gjenta, ikkje etter rikdomen. Daa vart Gudrun fest aat Torvald, og Usviv raadde aaleine for vilkaari, og fekk det avgjort so, at Gudrun skulde raada aaleine for godse deira fraa dei kom i seng saman, og eiga helvti av alt ihop, anten samlive deira vart langt elder stutt. Han skulde og kjøpa stas til henne, so ingi kona i same kaar hadde honom betre, og endaa skulde han halda hushalde sitt like godt. Folk reid no heim fraa tinge. Gudrun vart ikkje spurd i dette, og tykte ille um det, men gjorde ikkje uppstyr likevel. Brud-laupe deira stod i Garpsdal i tvimaanaden. Gudrun likte ikkje Torvald, og det vart ikkje lett aa halda henne med stas; der var ikkje den stasen so stor i Vestfjodom, at Gudrun ikkje tykte det høvelegt at ho aatte honom, og kjøpte han honom ikkje, kor dyr han var, so gav ho honom vondt for det. Tord Ingunnson gjorde seg til vens med Torvald og Gudrun, og var der lange leite, og det vart mykje umrøda millom folk um kjærleiken millom Tord og Gudrun. Det var ein gong at Gudrun bad Torvald um noko dyr stas. Torvald sagde det var ikkje maate paa, og gav henne ein kinnhest. Daa sagde Gudrun: "No gav du meg det som me kvinnor fælt gjerne vil eiga til fullnad: raud lit i kjakom, og du hev lært meg av med aa beda deg." Same kvelden kom Tord der. Gudrun sagde honom korleis mannen hennar hadde fare med henne, og spurde korleis ho skulde løna honom dette. Tord log og sagde: "Det veit eg god raad for. Gjer honom ei skjorta med halls-smog som er stort nok, og seg deg so skild fraa honom for den sak skuld."

Ikkje sagde Gudrun honom imot i dette, og same vaaren segjer ho seg skild fraa Torvald og fer heim til Laugar. Sidan vart det gjort skifte millom Torvald og Gudrun, og ho fekk helvti av alt godse, og det var no meir enn det fyrr hadde vore. Tvo vintrar hadde dei vore saman. Same vaaren selde Ingunn garden sin i Kroksfjorden, den som sidan heiter Ingunnarstad, og flutte vest til Skaalmarnes. Ho hadde vore gift med Glum Geirason, som fyrr er sagt. Den tid budde Hallstein gode paa Hallsteinsnes vestanfor Torskefjord; han var ein megtug og vensæl mann.

Kapittel 35

Kotkjel heitte ein mann som daa nyst var komen ut til Island. Kona hans heitte Grima; sønerne deira var Hallbjørn slipesteinsauga og Stigande. Desse folki var fraa Sudrøyom; dei var alle fælt trollkunnige og store seidmenner. Hallstein gode tok imot dei og sette dei ned paa Urdar paa Skaalmarnes. Denne busetjingi vart ille likt. Denne sumaren siglde Gjest til Saurbø, som han plaga;

han tok inn paa Hol, der dei laante honom hestar som vanleg. Tord Ingunnson gav seg med Gjest paa ferdi, og dei kom til Laugar i Sælingsdal. Gudrun Usvivsdotter reid til tings, og Tord Ingunnson fylgde henne. Ein dag, som dei reid yver Blaaskogs-heid og vere var godt, sagde Gudrun: "Er det sant, Tord, at Aud, kona di, jamnan gjeng i brok, med skinnstykke bak og virra med klutar heilt ned i skorne?" Han hadde ikkje set det, sagde han. "Det er fulla ikkje mykje i det daa," segjer Gudrun, "naar ikkje du hev set det; men kvifor skal ho daa heita Brok-Aud?" Tord sagde: "Eg kann ikkje tru det er lenge dei hev kalla henne so." Gudrun segjer: "Dess verre vert det for henne, at ho hev havt dette namne lenge." Folk kom til tings, og der hende ikkje noko merkelegt. Tord var lenge i budi hans Gjest og tala jamnan med Gudrun. Ein dag spurde han henne, kva. ei kona kunde faa til straff, um ho jamnan gjekk i brok som karar. Gudrun svarar: "Same strafti er sett for det paa konor, etter sitt høve, som paa ein kar som hev so stort halssmog i skjorta si at ein ser vortorne berre paa bringa hans. Det eine som det andre er skilmaalssak;" Daa sagde Tord: "Kva vil du raada meg til? Skal eg segja meg skild fraa Aud her paa tinge elder heime i herade, der eg kann faa studnad av fleire? For det er ærekjære mennar som vil tykkja seg mishaldne ved dette." Um ei stund svarar Gudrun: "Stakaren si sak bider paa kvelden." Daa spratt Tord straks upp og gjekk til Logberge og tok vitne; han segjer seg skild fraa Aud, og nemnde som grunn det, at ho klædde seg i bakstykkebrok som karfolk. Brørne hennar Aud vart harme, men gjorde ikkje noko med det likevel. Tord reid fraa tinge med sønom hans Usviv; men daa Aud spurde denne tidendi, daa sagde ho: nVel er det eg veit det, at eg var lati eine." Sidan reid Tord vest til Saurbø 12 mann sterk, og vilde gjera skifte, og det gjekk greidt, for Tord var ikkje nøgjen paa det, korleis det vart skift. Han dreiv mange naut med seg til Laugar. So bad han um Gudrun; Usviv var lett aa beda, og Gudrun tala ikkje imot. Brudlaupe skulde staa paa Laugar den tiande vika paa sumaren, og det vart eit grust lag. Samlive deira Tord og Gudrun vart godt. At Torkjel kvelp og Knut ikkje saksøkte Tord Ingunnson, kom seg berre av di at dei ikkje fekk hjelp nok til det.

Sumaren etter sætra Holsfolke i Kvamsdal, og Aud var paa sætri. Laugarfolke sætra i Lambadal; den dalen ber vest i fjelli attanfor Kvamsdal. Aud spurde den karen som gjætte sauderne, kor ofte lian raaka saudgjætaren hans Tord. Han sagde det var jamnan det, som rimelegt kunde vera, for det var berre ein hals millom dalom. Daa sagde Aud: "Du skal sjaa til aa raaka saudgjætaren deira Laugar i dag, og segja meg kva folk der er i vinterhusom elder paa sætri. Og tal berre vel um Tord, naar du spør etter dette." Guten lovar aa gjera, som ho sagde. Um kvelden, daa saudgjætaren kom heim, spurde Aud etter kva tidend han hadde. Saudgjætaren svarar: "Eg hev spurt den tidendi, som fulla tykkjest deg god, at det er eit breidt kvilegolv millom rome hans Tord og hennar Gudrun no; for ho er paa sætri; men han er heime og held paa med aa byggja skaale, og han og Usviv er tvo-eine i vinterhusom." "Vel hev du njosna," segjer ho, "legg salar paa tvo hestar, og hald dei reide, naar folk gjeng til sengs i kveld." Saudgjætaren gjorde som ho bad, og lite fyre solaglad steig Aud til hest, og daa var ho for visst i brok. Saudgjætaren reid paa den andre hesten, og hadde vondt for aa halda fylgja; so hardt reid ho paa. Ho reid sud yver Sælingsdalsheidi, og stadna ikkje fyrr under tun-gjerde paa Laugar. Daa steig ho av og bad saudmannen passa hestarne, med ho gjekk til hus. Ho gjekk inn og burt aat sengjekoven der Tord laag og sov. Døri var atthavd, men loka var ikkje for; Tord sov med andlite i vere. Aud vekte honom, og han snudde seg paa sida, daa han saag der var komen ein mann inn. Daa drog ho eit sakssverd og stakk til honom, og det hardt; ho raaka honom i høgge handi, og han vart saara i baae bringevortom. Ho stakk so hardt til, at sverde vart sitjande fast i sengi. Dermed gjekk ho ut og snøgga seg upp paa hesteryggen og reid burt. Tord vilde spretta upp, daa han kjende han vart yverfallen, men var ikkje god for; for blødingi gjorde honom magtlaus. Ved dette vakna Usviv og spurde kvå som var tids. Tord sagde han hadde vorte ute for yverfall. Usviv spør um han visste kven som hadde sett paa honom, og stod upp og batt saari hans. Tord sagde han trudde det var Aud som hadde gjort det. Usviv baud seg til aa rida etter henne; han meinte ho hadde ikkje havt mange mennar med seg, og at ho skulde faa si straff. Tord vilde ikkje han skulde gjera det; ho hadde gjort som ho skulde, sagde han. Aud kom heim i solrenningi, og brørne hennar spurde kvar ho hadde vore. Ho sagde ho hadde fare til Laugar, og korleis det hadde gjenge med ferdi hennar. Dei lét vel um det, men sagde det hadde vorte for lite av det. Tord laag lenge i saarom sine. Bringesaari grodde att; men handi hans vart aldri meir før att.

Det var no stilt um vinteren; men um vaaren etter kom Ingunn, mor hans Tord, vestanfraa Skaal-marnes. Han tok vel imot henne. Ho sagde ho laut søkja hjelp hjaa honom; ho fekk ikkje vera i fred for Kotkjel; han rana ifraa henne og for med trollskap og hadde stor studning av Hallstein gode. Tord tok straks paa seg denne saki, og sagde han skulde faa rett paa dei tjuvarne, um ogso Hallstein var imot det. Han gjorde seg straks buen til aa fara, 10 mann sterk. Ingunn for og der vest med honom. Han fekk ei ferja fraa Tjaldanes, og derifraa heldt dei vest til Skaalmarnes. Tord lét flytja til skips all lausøyren som mor hans aatte der; men sauderne skulde dei jaga innanum fjordar ne. Dei var i alt 12 paa skipe; Ingunn og ei onnor kvinna var med. Tord kom til garden hans Kotkjel med 9 mann. Sønerne hans Kotkjel var ikkje heime. Han stemnde Kotkjel og Grima og sønerne deira for tjuvskap og trollskap, og kravde dei dømde til skoggang; han stemnde saki til altings, og for so til skips. Daa Tord var komen eit lite stykke fraa land, kom Hallbjørn og Stigande heim, Kotkjel sagde daa aat sønom sine kva som hadde gjenge for seg med dei var burte. Dei vart rasande yver dette og sagde at ingen fyrr hadde vaaga seg i berrhogg med dei med so mykjo fiendskap. Daa lét Kotkjel gjera ein stor seidhjell; den steig dei upp paa alle, og der kvad dei trollkvædi sine og galdra. Daa kom det braatt eit hardt uver, og Tord Ingunnson og fylgjesveinarne hans skyna at vere var gjort mot honom. Skipe vart kasta vest um Skaalmarnes. Tord synt seg som ein god kar i sjo-naudi. Dei som paa land var saag at han kasta yver bord alt det som til mein var, so nær som folki, og dei venta at han skulde taka land; for han var daa komen framum dei verste skjeri. Men daa reis der eit grunnbrot ikkje langt fraa land, so ingen fyrr hadde set make til det, og slo so til skipe at det kvelvde straks. Der drukna Tord og alle dei som var med honom, og skipe vart brote i mol og mask. Kjølén dreiv i land paa den øyi som sidan heiter Kjalarøy, og skjolden hans Tord paa Skjaldarøy. Liki rak straks til lands, og der vart oppkasta ein haug yver dei, paa den staden som sidan heiter Haugsnes.

Kapittel 36

Denne tidendi spurdest vidt umkring, og folk tykte det var ille; dei tyktest ulivsmenner, dei som dreiv slik trollskap som Kotkjel og folke hans daa hadde gjort. Gudrun tok seg hardt nær av dauden hans Tord; ho var daa med barn og venta seg snart. Den tid budde Snorre gode paa Helgafell; han var frende og ven aat Usviv, og Gudrun og far hennar hadde stor studning av honom. Snorre gode vart beden til Laugar, og daa han kom, sagde Gudrun honom vanden sin, og han sagde han vilde hjelpa henne i denne saki, naar han saag seg kans til det, og baud seg til aa fostra barne hennar, um det kunde vera henne til trøyst. Dette tok Gudrun ved, og sagde ho kunde vel lita med hans umsyn. Denne Tord vart kalla katt, og vart far aat Stuv skald. Sidan for Gjest Oddleivson til Hallstein gode og baud honom tvo kaar: anten skulde han jaga burt dette trollpakke, "elder og vil eg drepa dei," sagde han, "og det skulde vore gjort fyrr." Hallstein var ikkje sein til aa velja; han baud dei fara burt og ikkje taka seg bustad vestanfor Dalaheidi, og sagde det hadde vore rettast, at dei vart drepne. Kotkjelsfolke for daa burt, og hadde ikkje med seg meir gods enn 4 hestar; hingsten var svart og var baade stor og væn og tamd til aa slaast. Det fyrste som er fortalt um ferdi deira er, at dei kom til Kambsnes til Torleik Hoskuldson. Han baud paa hestarne, for han saag det var framifraa gilde dyr. Kotkjel sagde: "Eg skal gjera deg eit tilbod. Vil du gjeva meg ein bustad her i nærleiken din, skal du faa hestarne." Torleik svarar: "Tru ikkje hestarne vart for dyre daa? For eg hev spurt du er alt anna enn saklaus her i herade." Kotkjel segjer: "Dette kann du spyrja Laugarfolke etter." Torleik sagde det var sant. Daa sagde Kotkjel: "Det hev seg likevel noko annarleis med saki millom oss og Gudrun og brørom hennar enn dit hev høyr. Me hev kome i utrop for inkjenoko. Tak du berre trygt hestarne for den sak skuld! Det stend og slikt ord av deg, at me vil ikkje vera verjelause mot folk her, naar me hev di hjelp." Torleik fekk no ei onnor meining um saki; hestarne tyktest honom fagre, og Kotkjel tala snildt for seg. Daa tok Torleik hestarne og gav Kotkjelsfolke bustad paa Leidolvstad i Laksadalén; han hjelpte dei og med krøter. Dette spurde Laugarfolke, og sønerne hans Usviv vilde straks gjeva seg i kast med Kotkjel og sønom hans; men Usviv sagde: "Lat oss halda raad med Snorre gode og spara dette verke til andre; for det vert ikkje lenge til dei fær nye saker med grannom sine, og Torleik kjem til aa faa størst mein av dei,

som fortent er; um ei stund vil mange vera uvenerne hans av dei som han fyrr hev havt hjelp av. Men hev ikkje andre, fyrr tri vintrar er lidne, anten jaga dei utor herade elder teke live av dei, daa skal ikkje eg telja dykk fraa aa gjera Kotkjelsfolke all den skaden de vil." Gudrun og brørne hennar sagde at so skulde det vera. Kotkjelsfolke tok seg ikkje mykje til; men likevel turfte dei ikkje kjøpa korkje høy elder mat um vinteren. Det vart ille likt, at dei var komne der; men folk trøysta seg ikkje til for Torleik aa jaga dei.

Kapittel 37

Ein sumar paa tinge, som Torleik sat i budi si, kom ein stor mann gangande inn i budi. Han helsa paa Torleik, og Torleik helsa att og spurde kven han var og kva han heitte. Han sagde han heitte Eldgrim og budde paa Eldgrimstad i Borgarfjorden, i den dalen som skjer seg vest i fjelli millom Mule og Grisartunga, og som no heiter Grimsdalen. "Eg hev høyrte gjete deg," segjer Torleik, "at du ikkje er nokon stakar." Eldgrim sagde: "Eg hev ei erend til deg; eg vil kjøpa av deg dei dyre hestarne som Kotkjel gav deg i fjor sumar." "Dei er ikkje fale," segjer Torleik. Eldgrim segjer: "Eg byd deg likso mange hestar i staden, og noko i millomlag; mange vil segja at eg byd tvo gonger so mykje som dei er verd." Torleik segjer: "Eg er ingen prakkar; desse hestarne fær du aldri, um du byd tri gonger so mykje som dei er verd." Eldgrim segjer: "Ikkje er det lygn, naar det er sagt at du er stor paa det og einraadig. Eg skulde ynskja du maatte faa laakare bod paa dei enn eg no hev bode deg, og at du laut lata dei gaa likevek" Torleik vart raud og sagde: "Du lyt gaa meg nærare, Eldgrim, um du skal truga fraa meg hestarne." Eldgrim segjer: "Du tykkjer det er urimelegt, at du skal tapa mot meg; men eg vil fara og sjaa paa hestarne denne sumaren, og daa vil det syna seg, kven av oss som kjem til aa eiga dei ifraa den dagen." Torleik segjer: "Gjer som du segjer, og kom ikkje med for mange folk!" Dermed vart det slutt paa den samtalen. Folk som høyrde paa sagde at det gjekk rimelegt til millom dei. Sidan for folk heim fraa tinge.

Ein morgon tidleg hende det paa Rutsstad hjaa Rut Herjolvson, at ein av karom gjekk ut og kom inn att, og daa Rut spurde honom um han hadde vorte var noko, sagde han at han hadde set ein mann reid paa hi sida vade og burtaat der som hestarne hans Torleik var, og at mannen steig av og tok hestarne. Rut spurde kvar hestarne hadde vore daa. "Vel hadde dei endaa halde seg i hamni," sagde huskaren; "dei stod i engi di nedanfor gjerde." Rut segjer: "Det er sant, at Torleik frende er jamnan uvyrden med beitingi; men likevel er det mindre von, at hestarne vert drivne burt med hans godvilje." Dermed spratt Rut upp i skjorta og linbrok; han kasta yver seg ei graa kappa og tok i handi det gullslegne bryntrolle som kong Harald hadde gjeve honom, og skunda seg ut. Han fekk sjaa ein mann reid med nokre hestar nedanfor gjerde. Han gjekk imot honom og saag at det var Eldgrim som jaga hestarne. Rut helsa paa honom. Eldgrim helsa att, men i seinste lage. Rut spurde kvar han skulde av med hestom. Eldgrim segjer: "Det skal eg ikkje dylja for deg, endaa eg veit um frendskapen millom deg og Torleik. Eg er komen etter hestom med den tanken at han aldri skal faa dei att, og eg hev gjort som eg lova honom paa tinge, at eg ikkje skulde bruka mange mann til aa henta dei." Rut segjer: "Det er ikkje noko karsstykke, um du tek hestarne med Torleik ligg i sengi si og søv. Vil du halda det som de vart samde um, so lyt du laga det so, at du raakar honom fyrr du rid utor herade med hestom." Eldgrim segjer: "Du kann melda det aat Torleik, um du vil; for du kann sjaa at eg hev butt meg til soleis heimantil, at eg trudde det skulde bera ihop millom meg og Torleik." Dermed riste han krokspjote han hadde i handi; han hadde og hjelm paa hovude og sverd ved belte og skjold ved sida, og brynja hadde han paa seg. Rut sagde: "Helder vil eg freista noko anna enn fara til Kambsnes; for eg er tung i fotom; men ikkje vil eg lata deg rana ifraa Torleik, naar eg hev raad med aa meinka deg det, endaa um det stend seg berre so som so med frendskapen vaar." Eldgrim sagde: "Det er daa vel ikkje meiningi aa taka fraa meg hestarne?" Rut segjer:

"Eg vil gjeva deg andre hestar, naar du vil sleppa desse, um dei og ikkje kann vera jamgode med desse." Eldgrim segjer: "Du talar godt, Rut; men naar eg no hev fenge tak i hestom hans Torleik, so skal du ikkje faa nappa dei fraa meg korkje med mutor elder trugsmaal." Daa segjer Rut: "Det trur eg, at du vel det som er verst for oss baae." Eldgrim vil no gjera endskap paa det, og jagar paa hesten; men daa Rut ser det, lyfter han upp bryntrolle og set det millom aksiom paa Eldgrim so hardt at brynja rauk og bryntrolle kom ut um bringa. Eldgrim fall daud av hesten, som ventande var. Deretter breidde Rut yver like hans; det vår paa den staden som ho heiter Eldgrimsholt, sunnanfor Kamsnes. Etter dette rid Rut ned til Kamsnes og segjer Torleik denne tidendi. Han vart vreid yver dette, og tykte at dette vart honom til stor skam; men Rut meinte han hadde synt honom stor venskap med det. Torleik sagde daa at baade var det ille gjort, og ikkje vilde det koma godt utor det. Rut sagde han fekk gjera med det som han vilde, og dei skildest ikkje blidt. Rut var 80 aar gamall daa han drap Eldgrim, og han fekk stor æra av dette verke. Ikkje tykte Torleik at Rut var likare for di um han vart mykje vyrd for dette; han meinte det var greidt, at han vilde hava raadt paa Eldgrim sjølv, um det hadde fenge røynt seg, naar so lite kunde gjera det av med honom. Torleik for no til Kotkjel og Grima og bad dei gjera noko som kunde vera Rut til skam. Dei sagde det skulde dei vera reide til straks. Torleik for heim; men lite etter for Kotkjel og Grima og sønerne deira heimantil. Det var um natti. Dei kom til garden hans Rut og gjorde der ein stor seid. Men daa dei tok til med seidsongen, daa kunde dei som inne var ikkje skyna kva det var paa ferd; men fager aa høyra var songen. Rut var den einaste som kjende denne laaten; han baud at ingen skulde sjaa ut den natti, "og kvar halde seg so vaken han kann," sagde han, "daa vil det ikkje skada oss." Men likevel sovna dei alle. Rut heldt seg vaken lengst, men sovna han og. Rut hadde ein son som heitte Kaare, som daa var 12 aar gamall og ein av dei emnelegaste av sønom hans; han heldt mykje av honom. Kaare kunde mest ikkje sova; for aat honom vart leiken gjort, og han fekk ikkje ro paa seg; han spratt upp og saag ut, han gjekk burtaat seiden og fall straks daud ned. Rut og heimemennene hans vakna um morgonen; daa sakna han sonen sin; han fanst straks utanfor døri, og var daud. Dette tyktest Rut den største skade, og han lét kasta upp ein haug etter Kaare. Sidan reid han til Olav Hoskuldson og segjer honom kva som hadde hendt. Olav vart rasande harm, og sagde at det hadde vore uvitugt, at dei hadde late slike vonde menneskje som Kotkjelsfolke bu so nær seg. Han sagde og at Torleik hadde bore seg stygt aat; men han meinte det hadde vorte gjort meir av det enn han vilde. Olav sagde dei straks skulde drepa Kotkjel og kona hans og sønerne hans; "men det skulde vore gjort fyrr," sagde han. Olav og Rut gav seg paa ferdi med 15 mann; men daa Kotkjelsfolke fekk sjaa det kom ridande menner aat garden, daa tok dei undan upp i fjelle. Der vart Hallbjørn slipesteinsauga teken og ein belg dregen yver hovude hans, og nokre vart sette til aa passa paa honom, medan nokre sette etter Kotkjel og Grima upp paa fjelle. Kotkjel og Grima vart tekne paa halsen millom Haukadal og Laksaadal; dei vart ihelkasta med stein, og det vart gjort ei steinrøys yver dei, som det enno syner merke etter, og som heiter Skrattavarden. Stigande kom seg undan sud um halsen til Haukadal, og der vart han burte for dei. Rut og sønerne hans for daa ned til sjoen med Hallbjørn. Dei sette ut ein baat og rodde fraa land med honom; so tok dei belgen av hovude hans og batt ein stein um halsen paa honom. Hallbjørn skjegla daa stygt mot lande, og augnelage hans var ikkje godt. Daa sagde han: "Ikkje var det ein god dag, daa me kom til Kamsnes til Torleik. Det spaar eg, at Torleik skal ikkje faa mange glade dagar der heretterdags, og det skal gaa tungt for alle dei som set seg i rome hans." Denne spaadomen hev og slege mykje til. So drukna dei honom og rodde til lands.

Lite etter fer Rut til Olav og segjer honom at han vil ikkje lata det gaa, dette med Torleik, og bed honom gjeva seg menner til aa heimsøkja Torleik. Olav segjer: "Det er ikkje høvelegt dette, at de frendar skal leggja hand paa einannan, og Torleik hev ikkje dette vore til gagn. Me vil helder freista aa faa dykk forlikte. Du hev ofte baade vel og lenge bede um det som kjem deg til." Rut segjer: "Ikkje er slikt aa tenkja paa; aldri vil det saare gro heilt att, og det vilde eg, at me ikkje baae skulde byggja og bu lenge i Laksaadalen heretterdags." Olav segjer: "Ikkje vil det vera deg tenlegt, at du gjeng Torleik nærare enn eg gjev deg lov til; men gjer du det, daa er det ikkje or-vones, at dal møter haug." Rut tyktest no skyna at han ikkje kom nokon veg; han for heim og var storleg ille nøgd; men det vart daa stilt likevel dette halvaare.

Kapittel 38

No er aa fortelja um Stigande. Han vart liggjande ute paa ran-stig og var ikkje god aa koma ut for. I Hundadal budde ein mann heitte Tord, ein rik mann, men ikkje mykje til kar. Den sumaren fekk dei lite mjølk av fée der i Hundadal; men den kvinna som gjætte det vart rik paa stas og var tidt burte, so folk ikkje visste kvar ho var. Tord, hushonden hennar, gjekk hardt paa henne for aa faa henne til aa segja korleis det kunde hava seg, og daa ho vart rædd, sagde ho at ein mann kom til henne. "Han er stor," sagde ho, "og eg tykkjer det er ein væn kar." Daa spurde Tord kor snart denne mannen vilde koma til henne. Ho sagde det var von han kom snart. Tord for daa til Olav og segjer honom at Stigande var visst ikkje langt undan, og bad honom gjeva seg i vegen med mennom sine og faa tak i honom. Olav gjorde seg straks reide og drog til Hundadal. Trælkvinna vart henta, og Olav spurde henne kvar Stigande heldt til. Ho sagde ho visste ikkje det. Olav baud henne sylv, um ho vilde lata dei faa tak i Stigande, og dette gjekk ho med paa. Ho gjekk aat fée sitt um dagen, og daa kom Stigande til henne. Ho tok vel imot honom og baud seg til aa lyska haare hans. Han legg hovude i fange hennar og sovnar snøgt. Ho dreg hovude hans vart undan, og fer til Olav og segjer dei kvar han var. Dei fer til Stigande; dei gjer den avtalen millom seg, at han ikkje skal faa fara aat som bror sin og sjaa mangt som kunde verta dei til mein, og dei tok no ein belg og dreg yver hovude hans. Stigande vakna av dette, men kunde ikkje gjera motstand, for det var no mange um ein. Det var eit hol i belgen, so Stigande fekk sjaa burt i lidi paa andre sida; der var fagert landskap og grasrikt; men no var det som det kom ein kvervelvind og snudde jordi, so det aldri kom upp gras der meir; den staden heiter no Brenna. Daa kasta dei Stigande i hel med stein og lagde honom ned i ei røys. Olav lønte trælkvinna godt og kjøpte henne fri, og ho flutte til Hjardarholt.

Hallbjørn slipesteinsauga dreiv i land med brim-baarom lite etter at han hadde drukna; det heiter Knarrarnes, der han vart nedgraven, og han gjekk att mykje. Det var ein mann heitte Torkjel skalle; han budde i Tykkvaskog paa farsgarden sin; han var ein hugdjerv og sterk kar. Ein kveld sakna dei ei ku i Tykkvaskog. Torkjel drog stad og vilde leita, og hadde med seg ein hus-kar; det var etter solarglad, men maanen skein. Torkjel stod aaleine; daa tykte han han saag ei ku framanfor seg i holte; men daa han kom burtaat, daa var det han Slipesteinsauga, og ingi ku. Dei rende hardt paa einannan; Hallbjørn for undan, og daa Torkjel minst venta det, smyg han ned i jordi utor hendom hans. Deretter for Torkjel heim; huskaren var heimkomen og hadde funne kui. Men sidan hadde ingen mein av Hallbjørn.

Torbjørn skrjup var no daaen, og Melkorka og; dei ligg baae i ein haug i Laksaadalen. Lambe, son deira, tok garden etter dei. Han var ei god kjempa og rik paa gods. Han vart meir vyrd enn far sin, av di han hadde so gjæve frendar paa morsida. Olav og han heldt frendskapen godt.

No leid vinteren etter Kotkjel var drepen. Um vaaren etter raakast brørne Olav og Torleik. Olav spurde um Torleik etla aa verta buande der han var. Torleik svarar at han gjorde so. Olav segjer: "Det vilde eg beda deg um, frende, at du maatte skifta bustad og fara utanlands; der vil du verta ein velvyrd mann, kvar du kjem. Men um Rut, frenden vaar, trur eg at han er vorten kald i hugen mot deg av det de hev havt millom dykk, og eg er ikkje huga paa aa lata det staa sin vaagan lenger, at de skal sitja so nær einannan. Rut er ein megtug mann, og sønerne hans er kjempekarar og vaagsame, og eg tykkjer eg kjem i vande med frendskapen min, um de, frendarne mine, skulde gjera vonde verk mot einannan." Torleik sagde: "Ikkje gruvar eg for di, at eg ikkje skal vera god for halda meg uppe for Rut og sønom hans, og ikkje vil eg fara or lande for det. Men tykkjer du, frende, det er deg so mykje um aa gjera, daa vil eg gjera det paa dine ord; for eg treivst best daa eg var utanlands, og eg veit og at du vil vera like god mot Bolle, son min, um ikkje eg er honom nær, og honom elskar eg mest av alle." Olav segjer: "Det gjer du vel i, at du gjer som eg bed deg, og mot Bolle vil eg vera den same heretterdags som eg hev vore til denne dag. Eg skal ikkje vera verre mot honom enn mot mine eigne søner." Deretter skildest dei brørne i stor venskap. Torleik sel no jorderne sine og bruker godse til utanlandsferdi. Han

kjøper eit skip som stod paa Dogurdarnes, og daa alt var reide, steig han um bord med kona si og dei andre husfolki sine. Dei hadde ei god ferd, og kom til Noreg um hausten. Derifraa for han sud til Danmark; for han likte seg ikkje i Noreg; frendarne og venerne hans var daane, sume utor lande drivne. Sidan styrde han til Gautland. Dei fleste segjer at Torleik ikkje vart nokon gamall mann, men var vel vyrd medan han livde. Og hermed endar saga um Torleik.

Kapittel 39

Det var daa jamnan paa tale i Breidatjorddalom um uvenskapen millom Rut og Torleik og den store skaden Rut hadde fenge av Kotkjel og sønom hans. Daa tala Usviv til Gudrun og brørne hennar og bad dei tenkja paa um det hadde vore betre dei hadde sett seg sjølve i vaagan mot slike helmenn som Kotkjel-folke. Gudrun sagde: "Ikkje er den raad laus, far, som kann faa raader hjaa deg."

Olav sat no paa garden sin i stor vyrndad, og alle sønerne hans var heime hjaa honom, og med dei Bolle, frenden og fostbroren deira. Kjartan var mykje framum dei andre sønerne hans Olav; han og Bolle heldt mest av einannan, og Kjartan for ingen stad der ikkje Bolle fylgde honom. Kjartan for ofte til Sælingsdalslaugar, og det bar daa jamnan so til, at Gudrun var heime. Kjartan tykte godt um aa tala ved Gudrun; for ho var baade klok og væn og god til aa tala for seg. Det sagde alle folk, at av alle dei som daa voks upp var Kjartan og Gudrun dei som høvde best ihop. Det var og stor venskap millom Olav og Usviv, og dei bad jamnan einannan aat seg, og det vart ikkje mindre no daa dei yngre fekk einannan kjær. Ein gong sagde Olav til Kjartan: "Eg veit ikkje kvi eg jamnan vert so tung i hugen, naar du fer til Laugar og talar ved Gudrun. Det er ikkje for di at eg ikkje tykkjer Gudrun er framum alle andre kvinnor; for ho er den einaste kvinna som eg tykkjer er fullgod til deg. Men det kjem meg fyre - endaa eg vil ikkje spaa det - at ho ikkje vil vara ved, den lukka me fær av samlive med henne. Kjartan sagde, at so vidt han kunde, vilde han ikkje gjera far sin imot; men han hadde den voni, sagde han, at dette vilde gaa betre enn han meinte. Kjartan for til Laugar like eins som fyrr, og Bolle var jamnan med honom. Soleis leid no den vinteren.

Kapittel 40

Aasgeir heitte ein mann; han vart kalla ædekoll; han budde paa Aasgeirsaa i Videdal. Han var aon aat Audun skokle; han var den fyrste av den ætti som kom til Island; han tok Videdal til land. Audun hadde ein annan son heitte Torgrim hærुकoll; han var far aat Aasmund, far hans Grette. Aasgeir ædekoll hadde 5 born. Fyrste sonen hans heitte Audun, far aat Aasgeir, far aat Audun, far aat Egil, som fekk Ulveid, dotter hans Øyolv den halte; son deira var Øyolv som vart drepen paa altinge. Andre sonen hans Aasgeir heitte Torvald; dotter hans, Dalla, fekk Isleiv biskop; son deira var Gissur biskop. Tridje sonen hans Aasgeir heitte Kaalv. Alle Aasgeirsønerne var emnelege menn. Kaalv Aasgeirson var i den tidi paa ferder og tyktest vera ein dugande mann. Ei dotter hans Aasgeir heitte Turid; ho vart gift med Torkjel kugge, son aat Tord gjelle; son deira var Torstein. Andre dotteri hans Aasgeir heitte Revna; ho var den vænaste kvinna i sveitom der nord og hadde godt ynde med seg. Aasgeir var ein mann som var mykje um seg.

Kjartan Olavson for sud til Borgarfjorden til Borg; der budde daa Torstein Egilson, morbror hans; Bolle var med honom, for det var daa so heitt millom dei fostbrørom, at dei laut vera ihop stødt. Torstein tok blidt imot Kjartan og sagde at det var honom dess kjærare, dess lenger han vilde vera der. Kjartan var daa paa Borg ei tid. Denne sumaren stod der eit skip uppe i Guvuaaoson; det aatte Kaalv Aasgeirson; han hadde vore i kost hjaa Torstein Egilson um vinteren. Kjartan tala med Torstein paa tvo-hand og sagde honom at det var største erendi hans der sud, at han vilde kjøpa halvt i skipe med Kaalv; for han hadde hug til aa fara utanlands, og han spør Torstein kva han tykte um Kaalv. Torstein sagde han trudde han var ein god kar, "og det er ikkje noko aa segja paa det, frende," sagde han, at du

er huga paa aa sjaa annan manns sed. Ferdi di vil nok verta merkeleg paa einkvar maaten; men frendarne dine vil vera sterkt ottefulle, korleis ho vil spennast av." Kjartan meinte de gjekk nok godt. Sidan kjøper Kjartan halvt i skippe med Kaalv, og dei vart forlikte um full sameige Kjartan skal koma til skippe naar 10 vikor av sumaren var lidne. Kjartan vart utleidd fraa Borg med gaavor Reid so han og Bolle heim; men daa Olav spurde dette nye paafunde, daa tykte han Kjartan hadde gjort det av noko snøgt; men han vilde daa ikkje faa det uppatt-gjort likevel. Lite etter reid Kjartan til Laugar og fortel Gudrun um ferdi si. Gudrun sagde: "Snøgt hev du gjort dette av, Kjartan!" og lagde nokre ord attaat, so Kjartan kunde skyna at ho var misnøgd med dette. Kjartan sagde: "Du lyt ikkje mislika dette. Eg skal gjera deg til lags i noko anna i staden." Gudrun sagde: "Staa ved det! for eg skal straks segja deg kva eg vil." Kjartan bad henne gjera so. Gudrun sagde: "Daa vil eg fara utor lande med deg i sumar, og daa hev du gjeve meg bot for dette braaverke ditt; for eg bryr meg ikkje um Island." "Det kann du ikkje," segjer Kjartan; "brørne dine er uvituge, og far din er gamall, og dei hev ingen til aa staa for hus-halde, um du fer utor lande. Men bid paa meg tri vintrar!" Gudrun sagde ho vilde ikkje lova det, og soleis vilde dei kvar sitt, og skildels med di, og Kjartan reid heim.

Utpaa sumaren, daa Olav reid til tings, reid Kjartan med far sin austyver fraa Hjardarholt. Dei skildest i Nordraadal; derifraa reid Kjartan til skippe, og Bolle, frenden hans, var med honom. Dei var i alt 10 islenske menner, som heldt so mykje av Kjartan at dei ikkje vilde skiljast fraa honom. Med dette fylgje reid Kjartan til skippe. Kaalv Aaseirson tek vel imot dei. Mykje gods hadde Kjartan og Bolle med seg paa ferdi. Dei gjorde seg no bune, og straks det vart bør siglde dei ut etter Borgarfjorden, med god og lett bør, og so til havs. Det gjekk dei vel; dei tok Noreg nordpaa og heldt inn til Trondheim. Dei raaka der paa folk, som dei gav seg i tale med og spurde tidender. Det vart sagt dei, at det hadde vore hovdingskifte i lande; Haakon jarl var fallen fraa, og kong Olav Trygvason komen i staden, og alt Noreg hadde gjeve seg honom i vald. Kong Olav baud nordmennerne taka ei ny tru; men ikkje alle var viljuge til aa gaa med paa det. Kjartan og dei som var med honom lagde inn til Nidaros med skippe sitt. Paa denne tid var der mange islenske stormenner i Noreg. Innmed bryggjom laag der 3 skip som alle høyrde islendingar til; det eine aatte Brand den gjevmitilde, son aat Vermund Torgrimson, det andre Hallfred vandrædaskald, det tredje tvo brør, Bjarne og Torhall, søner aat Breidaa-Skjegge astantil Fljotslid. Alle desse mennerne hadde etla seg ut til Island um sumaren; men kongen hadde lagt farbann paa skipi deira, av di dei ikkje vilde taka den trui som han baud. Alle islendingarne tok vel imot Kjartan, men Brand best; for dei var vel kjende fraa fyrr.

Islendingarne heldt no raad saman, og vart samde um aa negta den trui som kongen baud. Dette sambande gjorde alle desse som fyrr er nemnde. Kjartan og Kaalv lagde no skippe inn aat bryggjom og rudde det, og hadde det annsamt med godse sitt. Kong Olav var i byen; han spør at dette skippe var kome, og at der var mange framifraa menner um bord.

Ein godværsdag um hausten gjekk folk utor byen nedaat Nidaai for aa symja. Dette saag Kjartan og lagsmennerne hans. Daa spurde Kjartan dei andre um dei ikkje vilde gjeva seg med paa symjingi, dei og, for moro skuld. Dei gjorde so. Der var ein mann som raadde reint paa alle andre i leiken. Daa spør Kjartan Bolle um han vil freista symja i kapp med bymannen. Bolle segjer: "Ikkje trur eg meg god foldet." "Ikkje veit eg kvar det no hev vorte av kapphugen din," sagde Kjartan; "so lyt eg til daa." Bolle segjer: "Ja, gjer det du, um du er huga paa det!" Kjartan kastar seg no ut i aai og burtaat denne mannen som er so god til aa symja, og dreg honom straks under og held honom nedi ei stund. So lét han honom koma upp; men dei hadde ikkje vore lenge uppe, so triv mannen Kjartan og køyrer honom nedi, og dei var under so lenge, so Kjartan tykte det kunde vera nok. Kom dei so upp; ikkje sagde dei eit ord nokon av dei. Tredje gongen dukka dei under, og var daa allra lengst under, so Kjartan vart uviss um kva ende den leiken skulde faa, og tykte han aldri hadde vore med paa maken til vaagespel fyrr; men til slutt kom dei daa upp og lagde til lands. Daa sagde bymannen: "Kva er du for ein mann?" Kjartan sagde honom namne sitt. Bymannen sagde: "Du er god til aa symja; er du likso god til andre itrottar?" Kjartan svara, men noko traatt: "Heime paa Island sagde dei at eg kunde

eitkvart; men no er det lite verdt." Bymannen sagde: "Det er skil paa kven du kappast med; men kvi spør du meg ikkje um noko?" Kjartan sagde: "Eg kjærer meg ikkje um namne ditt." Bymannen segjer: "Du er ein dugande kar; men storlaaten er du og, til gagns. Men namne mitt skal du faa vita likevel, og kven det er du hev ifreista kappsymja med; eg er kong Olav Trygvason." Kjartan svarar ikkje, men snur seg straks fraa honom og vil gaa; han hadde raud skarlaks-kjole, men ingi kappa. Kongen var daa mest paaklædd; han kallar paa Kjartan og bad honom ikkje gaa so snøgt. Kjartan snur seg daa, men seint. Daa tek kongen ei god kappa av aksiom sine og gav Kjartan; han skulde ikkje gaa kappelaus aat mennom sine, sagde han. Kjartan takkar kongen for gaava og gjeng til mennom sine og syner dei kappa. Dei lét ikkje vel um detta; dei tykte Kjartan hadde gjeve seg for mykje kongen i vald. Dermed vart det no stilt.

Det var mykje hardt ver utyver hausten, med sterk frost og kalde. Heidningarne sagde det var ikkje underlegt det vart so vondt ver um hausten; gudarne hadde vorte vreide for di kongen fann paa so mykje nytt, og for denna nye trui. Islendingarne var alle samla i byen um vinteren, og Kjartan var fyrstemannen millom dei. Det vart betre ver, og daa kom det mykje folk til byen, etter bod fraa kongen. Mange folk hadde teke ved kristendomen i Trondheim; men det var daa mykje fleire likevel som var imot. Ein dag heldt kongen ting i byen ute paa øyri og tala trui for folke. Han tala baade langt og godt. Trønderne hadde ein heil her, og baud kongen slag. Kongen sagde dei skulde vita han hadde havt større yvermagt aa takast med enn nokre torparar i Trondheim. Daa vart bønderne rædde og lagde alt kongen i vald, og mange folk vart no døypte. Dermed var tinge alutt. Same kvelden sonder kongen menner til det herherge der islendingarne budde, og baud dei faa vita kva dei tala. Dei gjorde so. Der inne var fælt til staak. Kjartan tok til ords og sagde til Bolle: "Er du, frende, huga paa aa taka ved den trui som kongen byd?" "Ikkje er eg huga paa det," segjer Bolle, "for det ser meg ut til aa vera ei veikvori tru." Kjartan segjer: "Tykte de ikkje kongen brukte noko trugsmaal mot dei som ikkje vilde gjera som han vilde?" Bolle segjer: "Jau, det er visst; det sagde han beint ut, at dei skulde verta ille medfarne av honom." "Ikkje vil eg lata meg nøyda av nokon mann," segjer Kjartan, "so lenge eg kann staa uppe og bruka vaapni, og eg tykkjer det er stakarslegt aa lata seg taka som eit lamb utor kvii, elder som ein melrakke utor gildra. Skal mannen døy likevel, daa tykkjer eg det er mykje betre han gjer noko fyrst som det kann staa ord av lenge." "Kva vil du gjera?" segjer Bolle. "Ikkje vil eg dylja det," segjer Kjartan; "eg vil brenna kongen inne." "Ikkje kallar eg det liten manns verk," segjer Bolle; "men ikkje vil det faa framgang, etter som eg trur. Kongen er seig til aa hava lukka med seg; han hev sterk vakt um seg og, baade dag og natt." Kjartan sagde at mode glapp for dei fleste, um dei og var gode karar. Bolle meinte det var vandt aa sjaa kven dei turfte neisa for modløysa, og mange lagde seg frami og sagde at detta var tarvlaus tale. Daa kongsmennerne hadde høyrte dette, gjekk dei derifraa og sagde kongen alt detta. Um morgonen etter vilde kongen halda ting, og alle islendingarne vart stemnde til tinge.

Daa tinge var sett, stod kongen upp og takka alle dei som vilde vera hans vener og hadde teke trui, for di dei var komne dit. Han kalla aat seg islendingarne og spurde der um dei vilde taka daap. Dei lot ikkje vel til det. Kongen segjer at dei valde det som var verst for dei sjølve; "men kven var det av dykk," sagde han, "som tykte det var best aa brenna meg inne?" Daa segjer Kjartan: "Du trur visst at den som hev sagt detta ikkje hev truskap til aa staa ved det; men her kann du sjaa honom." "Sjaa deg kann eg," segjer kongen, "og eg ser du tenkjer ikkje smaatt; men ikkje skal det verta deg unt aa staa yver hovudhaare mitt, og no hev eg so stor sak paa deg, som du sjølv best veit, so du kunde sleppa koma med trugsmaal um aa brenna fleire kongar inne. Men av di eg ikkje veit um det er so ille meint som det er sagt, og du so karsleg stend ved det, so vil eg ikkje taka live ditt for denne sak skuld. Det kann og vera, at du vil halda trui so mykje betre som du talar meir imot henne enn andre. Og det kann eg skyna, at den dagen du god viljug læt deg døypa, den dagen vil og skipsfolki dine taka ved trui, og det trur eg og er aa venta, at dykkar frendar og vener vil lyda vel paa det som de talar for dei, naar de kjem ut til Island. Og det kjem meg for hugen, at du, Kjartan, vil hava ei betre tru naar du sigler fraa Noreg enn daa du kom hit. No skal de fara med fred og grid fraa dette møte, kvar de vil. Eg skal ikkje

pina dykk til aa taka kristendomen denne gongen, for Gud segjer at han vil ikkje nokon skal koma uviljug til honom." Denne talen av kongen fekk godt lov, og mest av dei kristne; men heidningarne sette Kjartan til aa svara som han vilde. Daa sagde Kjartan: "Me vil takka dykk, konge, for de gjev oss god fred, og soleis kann de og best faa oss til aa taka ved trui, naar de gjev oss etter dei store sakerne de hev paa oss, og talar til oss berre med det gode, paa ein dag som denne, daa de hadde oss heilt i dykkar vald, um de vilde. Og det etlar eg meg - men ikkje meir helder - aa taka so mykje ved trui i Noreg, at eg ikkje vil vyrda Tor mykje næste vinter, naar eg kjem til Island." Daa log kongen og svara: "Det syner paa Kjartan, at han lit meir paa styrken sin og vaapni sine enn paa Tor og Odin." Dermed vårt tinge slutt.

Daa det leid um ei stund, eggja mange kongen til at han skulde nøyda Kjartan og dei som var med honom til trui; dei tykte det var ikkje raadlegt aa hava so mange heidne nær seg. Men kongen vart harm og sagde det var mange kristne som var meir sedlause enn Kjartan og mennerne hans, "og slike menner skal dei leita lenge etter," sagde han. Kongen gjorde mangt eit nyttugt verk den vinteren; han let byggja ei kyrkja og auka byen mykje. Kyrkja vart ferdig til jol. Daa sagde Kjartan at dei kunde daa ganga so nær burtaat kyrkja at dei fekk sjaa korleis kristne folk for aat naar dei tente sin gud. Mange heldt med honom i dette og sagde det skulde vera stor moro. Kjartan gjekk daa med mennom sine, og Bolle og Hallfred og mange av dei andre islendingarne gav seg med. Kongen tala trui for folke. Han tala baade lenge og godt, og dei kristne gav talen hans godt lov. Men daa Kjartan og fylgje hans var heimattkomne til herberge sitt, daa vart det rødt mykje um korleis dei hadde likt kongen no denne dagen, som dei kristne mest reknar for den største høgtidi si; "for kongen sagde," sa dei, "so me greidt kunde høyra det, at i natt var den hovdingen fødd som me no skal tru paa, um me vil gjera etter det som kongen byd oss." Kjartan segjer: "So godt tykte eg um kongen fyrste gongen eg saag honom, at eg skyna straks han var ein framifraa mann, og det hev halde seg stedt sidan, naar eg hev set honom paa mannamøte; men aldri hev eg likt honom so godt som i dag. Og eg trur det gjeld heile vaar velferd, at me trur den aa vera sann gud som kongen byd, og kongen sjølv kann ikkje no vera meir forhuga paa at eg skal taka ved trui enn eg er paa aa verta døypt. Og var det ikkje so seint paa dagen, so gjekk eg til kongen straks; men no lyt kongen vera gjengen til bords, og det vil gaa med ei god stund av dagen, naar me skal verta døypte alle." Bolle heldt med honom i dette og bad Kjartan raada for det aaleine. Fyrr bordi var undantekne, hadde kongen alt spurt kva Kjartan og dei andre islendingarne hadde sagt; for han hadde ein paalitande mann i kvart herberge der heidningarne budde. Kongen vart ovglad ved detta og sagde: "Sanna hev Kjartan det ordtøke, at høgtider er dei beste lukketider." Tidleg um morgonen etter, daa kongen gjekk til kyrkja, møtte Kjartan honom i gata med eit stort fylgje etter seg. Han helsa blidt paa kongen og sagde han hadde ei erend aat honom som var mykje um aa gjera. Kongen tok vel imot helsingi hans og sagde at han kjende vel til erendi hans, og detta skulde dei gjerna faa. Kjartan bad dei skunda seg med aa faa i vatn, og sagde det skulde mykje til. Daa log kongen og sagde: "Ja, Kjartan, ikkje skal det skilja oss, at du er strid paa detta, um du og kravde noko meir." Daa vart Kjartan og Bolle døypte, og alt skipsfolke deira og mange andre menner. Dette vart gjort andre dag jol fyre messa. Deretter bad kongen Kjartan og Bolle aat seg i jolelage sitt. So segjer dei fleste, at Kjartan gjekk kong Olav til hand den dagen daa han lagde av seg kvitklædi, og det same gjorde Bolle og Hallfred vart ikkje døypt den dagen, for han kravde at kongen sjølv skulde halda honom under daapen. Kongen gjorde daa det dagen etter. Kjartan og Bolle var hjaa kong Olav det som att var av vinteren. Kongen vyrde Kjartan framum alle andre, for hans ætt og dug, og det segjer alle, at Kjartan var so vensæl der, at han ikkje hadde ein ovundsmann i hirdi. Det var og alle samde um, at det hadde ikkje kome slik mann fraa Island som Kjartan. Bolle var og ein spræk kar og vel vyrd av gode menner.

Kapittel 41

No leid denne vinteren, og daa det vart vaar, budde folk seg til ferderne sine, kvar etter som han etla seg til. Kaalv Aasgeirson gjeng til Kjartan og spør honom kva han etlar seg til um sumaren. Kjartan svarar: "Eg vilde helst me skulde halda med skipe vaart til England, for der er no god kjøpstemna for kristne folk; men eg vil tala med kongen likevel, fyrr eg gjer dette av, for han let ikkje vel um ferdi mi, daa me tala paa det i vaar." Deretter gjekk Kaalv burt, men Kjartan gjekk til kongen og helsa paa honom. Kongen tok blidt imot honom og spurde kva han hadde tala med Kaalv um. Kjartan segjer kva dei helst hadde etla seg til; men han hadde daa den erendi til kongen, at han vilde beda seg orlov til ferdi si. Kongen segjer: "Eg vil gjeva deg det bode, Kjartan, at du skal tara ut til Island i sumar og faa folk der til aa taka kristendomen, anten med magt elder med gode ord; men tykkjer du den ferdi vert deg for vandsleg, daa vil eg ikkje paa nokor vis sleppa deg ifraa meg; for eg held det mykje meir høvelegt for deg aa tena hovdingar enn aa verta kjøpmann." Kjartan vilde daa helder vera hjaa kongen enn fara til Island og bera fram trui der; han vilde ikkje gjeva seg i strid med frendom sine, sagde han; "men," sagde han, "det er større von til dess, at far min, og andre hovdingar som er nærskyldte meg, vil verta dess idugare til aa gjera din vilje, naar eg er i ditt vald og i gode kaar." Kongen segjer: "No valde du baade klokt og stormannslegt." Kongen gav Kjartan ein heil nyskoren skarlaksklædnad; den maata honom vel, for det sagde folk, at kong Olav og Kjartan hev vore jamstore, naar dei gjekk under maal. Kong Olav sende Tangbrand, hirdprestan sin, til Island; han kom til lands i Aalptafjorden og var um vinteren hjaa Sidu-Hall paa Tvaattaa og bar fram trui for folk, baade med blide ord og harde refsingar. Tangbrand drap tvo menner av dei som tala mest imot honom. Hall tok trui um vaaren og vart døypt laurdagen fyre paaske, han og alt husfolke hans, og daa let Gissur kvite seg døyypa, og Hjalte Skjeggesson og mange andre hovdingar. Men dei var daa mykje fleire likevel som tala imot, og det vart daa ikkje faarelaust millom heidningom og dei kristne, og hovdingarne lagde upp raad um at dei vilde drepa Tangbrand og dei som vilde stydja honom. For denna ufreden laut Tangbrand fly til Noreg, og kom til kong Olav og sagde honom kva som hadde hendt honom, og han sagde og det, at han trudde ikkje kristendomen kunde faa framgang paa Island. Kongen vart vreid for detta og sagde at dette vilde han lata mange islendingar faa lida for, dersom dei ikkje sjølve kom til honom. Same sumaren vart Hjalte Skjeggesson dømd utlæg paa tinge for gudhæding; den som saksøkte honom var Runolv Ulvsson, som budde i Dal under Øyafjellom, ein stor hovding. Same sumaren for Gissur fraa lande, og Hjalte med honom; dei kom til Noreg og drog straks til kong Olav. Kongen tok vel imot dei og sagde dei hadde gjort rett, og baud dei vera hjaa seg, og det tok dei imot. Daa hadde Sverting, son hans Runolv i Dal, vore i Noreg um vinteren, og etla seg til Island um sumaren. Skipe hans laag og flaut utanfyre bryggjom fullferdigt og bidde paa bør. Kongen forbau honom aa fara og sagde at ikkje noko skip skulde gaa til Island den sumaren. Sverting gjekk til kongen og tala si sak, bad um lov til aa fara, og sagde det var honom mykje um aa gjera, at dei ikkje bar farmen av skipe. Kongen sagde, og daa var han vreid: "Vel er det, at blotmannssonen er der det tykkjest honom verst," og Sverting fekk ingenstad fara. Elles var det tidendlaust den vinteren. Sumaren etter sende kongen Gissur kvite og Hjalte Skjeggesson til Island, at dei skulde bera fram trui paa nytt; men han tok 4 menner att som gislar: Kjartan Olavson, Halldor son hans Gudmund den megtuge, Kolbein son aat Tord Frøysgode, og Sverting son hans Runolv i Dal. Daa raadde og Bolle seg til aa fara med Gissur og Hjalte. Deretter gjekk han til Kjartan og sagde: "No er eg buen til ferdi. Eg vilde bidt paa deg endaa ein vinter, um du til sumaren kunde vera lausare enn no, so du daa kunde fara; men eg tykkjest sky na at kongen ikkje for aldri det vil sleppa deg fraa seg. Eg held det og for sant, at du bryr deg lite um den moroi som kann vera paa Island, naar du sit og talar med Ingebjørg kongssystemeri. Ho var daa ved hirdi hjaa kong Olav, og vænaste kvinna av dei som daa var i lande. Kjartan segjer: "Kom ikkje med slikt! Men du skal bera fram helsingi mi aat frendom vaare og venom vaare med."

Kapittel 42

Etter dette skildest Kjartan og Bolle. Gissur og Hjalte siglde fraa Noreg og hadde ei god ferd. Dei kom aat Vestmannaøyom ved tingtidi, og derifraa til sjølve Island; dei heldt stemnor og tala med frendom sine. So for dei til altinge og tala trui for folke; dei tala baade lenge og godt, og daa tok alle folk trui paa Island. Bolle reid fraa tinge til Hjardarholt med Olav, frenden sin, som tok blidt og venleg imot honom. Daa han hadde vore heime ei liti rid, reid han til Laugar for moro skuld, og der vart han vel motteken. Gudrun spurde nøgje etter um ferderne hans, og deretter um Kjartan. Bolle svara berre reint laust paa alt det Gudrun spurde, og sagde det var ikkje noko aa fortelja fraa ferdom hans; "men Kjartan," sagde han, "han er komen høgt i æra, for han er i hirdi hjaa kong Olav, og meir vyrd der enn nokon annan, og det skal ikkje koma uventande paa meg, um me fær sjaa lite til honom her i lande næste vinter." Gudrun spør daa um det var noko anna som heldt honom bunden enn venskapen med kongen. Bolle segjer at alle folk tala um venskapen millom Kjartan og Ingebjørg, syster aat kongen, og at han trudde mest kongen helder vilde gifta honom med Ingebjørg enn lata honom fara fraa seg, um det skulde staa paa det. Gudrun sagde det var ei god tidend; "men Kjartan fær ikkje godt nok bod, minder han fær ei god kona," sagde ho. Dermed tagna ho braatt og gjekk burt, eldraud i andlite; men andre folk hadde sine tvil um ho tykte denne tidendi so god som ho lét seg. Bolle var heime i Hjardarholt um sumaren og hadde stor æra av si ferd; alle frendarne og venerne hans tykte han hadde vorte mykje til kar. Han hadde og havt mykje gods med seg fraa Noreg. Bolle kom ofte til Laugar og tala med Gudrun. Ein gong spør han Gudrun kva ho vilde svara, um han bad um henne. Daa svarar Gudrun snøgt: "Ikkje tarv du gjeta paa slikt, Bolle! Ingen mann vil eg gifta meg med, med eg spør Kjartan i live." Bolle segjer: "Daa tenkjer eg du kjem til aa sitja ugift nokre vintrar, um du skal bida paa Kjartan; hadde det vore honom mykje um aa gjera, vilde han havt raad med aa gjeva deg eit bod med meg um det." Dei skifte nokre ord um detta, og kvar stod paa sitt. Reid so Bolle heim.

Kapittel 43

Noko etter talar Bolle ved Olav, frenden sin, og segjer: "Eg er no komen paa det, frende, at eg hev hug til aa setja fast bu og gifta meg. Eg er no vaksen nok, tykkjer eg. Men eg vilde gjerne du skulde hjelpta meg til dette og leggja eit godt ord for meg; for dei fleste her vyrder mykje dine ord." Olav segjer: "Dei fleste kvinnor vil kalla det eit godt bod aa faa ein mann som deg, og du hev visst ikkje gjete paa dette fyrr du var viss um kven du vilde hava." Bolle segjer: "Eg vil ikkje utor sveiti for aa finna meg ei kona, naar gode gifte er so nær. Eg vil beda um Gudrun Usvivsdotter; ho er no den gjævaste kvinna." Olav segjer: "Detta vil eg ikkje hava noko med; du veit, Bolle, likso godt som eg, kva ord som hev falle millom Kjartan og Gudrun. Men er de samde um detta, og det er deg so mykje um aa gjera, daa vil eg ikkje meinka deg. Hev du tala noko paa detta med Gudrun?" Bolle sagde han hadde gjete paa det ein gong, og daa hadde ho ikkje laate vel um det; men han trudde Usviv hadde mest aa segja i den saki. Olav sagde han fekk gjera med det som han sjølv syntest. Ikkje lenge etter rid Bolle heimantil, og med honom Olavsønerne Halldor og Steintor; dei var 12 i alt. Dei rid til Laugar; Usviv og sønerne hans tek vel imot dei. Bolle bad um aa faa tala med Usviv og bar fram erendi si og bad um Gudrun, dotter hans; men Usviv svarar: "Du veit, Bolle, at Gudrun er enkja, og at ho svarar for seg sjølv; men telja til dette vil eg." Usviv gjeng no til Gudrun og segjer henne at Bolle Torleikson er komen der, "og han bed um deg; Bolle skal ikkje verta burtvist, um eg skal raada." Gudrun svarar: "Det er fælt so braatt du tek detta. Bolle hev tala med meg um dette ein gong fyrr, og daa slo eg det helder fraa meg, og det same er eg huga paa no og." Daa segjer Usviv: "Detta vil mange segja er stormodigt og uvitugt gjort, naar du segjer nei til ein slik mann som Bolle. Men med eg er i live, vil eg hava umsut for dykk, bornom mine, i det som eg skynar betre enn de." Og daa Usviv tok detta so tvert, daa sagde ikkje Gudrun nei, endaa ho stod imot lenge. Usvivsønerne talde mykje til dette, for dei venta seg mykje gagn av aa faa Bolle til maag, og anten no samraadi um detta var lang elder stutt, so vart det daa avgjort, at der vart festarmaal, og brudlaupe skulde staa ved vinternattstider. Bolle rid heim til

Hjardarholt og fortel Olav avtalen dei hadde gjort. Han sagde ikkje stort um det. Bolle er daa heime til gjestebode skal staa. Han bad Olav til brudlaups; men han var ikkje lettbeden. Han gav seg daa likevel, daa Bolle bad honom so mykje. Lage stod paa Laugar og vart stort og gildt. Bolle vart verande der um vinteren. Gudrun gjorde seg ikkje mykje fyre, at samlive deira skulde verta godt.

Daa sumaren kom, gjekk skip lande-millom; daa spurdest i Noreg den tidendi fraa Island, at heile lande der hadde vorte kristna. Daa vart kong Olav glad og gav alle dei islendingarne som han hadde havt som gislar lov til aa fara kvar dei vilde. Kjartan, som var fyrstemannen av dei alle, svara: "Stor takk segjer me dykk, og den raadi vil me taka, aa sjaa til Island i sumar." Daa svarar kong Olav: "Ikkje vil me taka att ordi vaare, Kjartan; men me tenkte meir paa andre enn paa deg, daa me sagde dette; for me reknar det for at du hev sete her meir som ven enn som gissel. Eg vilde ynskja du ikkje skulde stunda ut til Island, um du og eig gjæve frendar; for um du vil, skal du faa deg so godt eit rom i Noreg, at ikkje maken finst paa Island." Daa svarar Kjartan: "Vaarherre løne dykk for den heider og æra de hev vist meg sidan eg kom til dykk! Men det ventar eg, at de vil gjeva meg orlov likso vel som dei andre som de hev halde att her ei tid." Kongen sagde at det skulde han faa; men millom utigne folk var det ikkje lett aa faa att ein slik mann som Kjartan var, sagde han. Den vinteren hadde Kaalv Aasgeirson vore i Noreg; hausten fyrr hadde han kome vistantil England med skipe som han og Kjartan aatte ihop, og varor, og daa Kjartan hadde fenge orlov til Islands-ferdi, gjorde han og Kaalv seg reide. Daa skipe var butt, gjekk Kjartan til kongssystemeri Ingebjørg. Ho tok vel imot honom og baud honom setja seg ned hjaa henne, og dei talast daa ved, og Kjartan segjer henne at han hev butt seg til aa fara til Island. Daa svarar ho: "Dette tenkjer eg, Kjartan, du hev gjort meir paa eigi hand enn for di andre hev eggja deg til aa fara fraa Noreg til Island." Sidan fall det ikkje mange ord millom dei. Ved detta bile tek Ingebjørg eit mjødkar som stod frammed henne, og utor det tok ho eit kvitt, gullvove hovudlin og gav Kjartan, og sagde det vilde høva Gudrun Usvivsdottor hosta godt aa sveipa det um hovude sitt. " Dette hovudline skal du gjeva henne i benkjegaava," sagde ho; "eg vil at dei islenske kvinnorne skal sjaa at den kvinna ikkje er av træleætt som du hev tala med i Noreg." Der var ein pose av gullveft utanum line til aa gøyma det i; det var ein kosteleg eignlut. "Eg kann ikkje leida deg ut," segjer Ingebjørg; "far no vel, og liv vel!" Daa stod Kjartan upp og tok farvel med Ingebjørg, og det trudde folk for visst, at det tyktest dei vondt aa skiljast. Kjartan gjekk no til kongen og sagde honom at han var buen til aa fara. Kong Olav leidde honom til skipe, og mange menner med honom, og daa dei kom der skipe laag og flaut med berre ei bryggja paa land, daa tok kongen til ords: "Her er eit sverd, Kjartan, som du skal faa av meg ved skilnaden vaar. Lat detta vaapne fylgja deg; for eg hev den voni, at du skal ikkje verta saara av noko vaapn, naar du ber det.". Det var eit kostelegt sverd og fint gjort. Kjartan takkar kongen med fagre ord for all den æra og vyrnaden han hadde vist honom, med han hadde vore i Noreg. Daa sagde kongen: "Det vil eg beda deg um, Kjartan, at du held trui vel!" Deretter skildest kongen og Kjartan med stor kjærleik, og Kjartan gjekk ut paa skipe. Kongen saag etter honom og sagde: "Stort er spaatt Kjartan og ætti hans, og det er ikkje lett aa gjera ved lagnaden deira."

Kapittel 44

Kjartan og Kaalv sigler no til havs; dei fekk god bør og var ikkje lenge um ferdi. Dei tok land ved Kvitaa i Borgarfjorden. Det spurdest vidt, at Kjartan var komen. Detta spør og Olav, far hans, og andre frendarne hans, og dei vart glade. Olav reid straks vistantil Dalom og sud til Borgarfjorden, og det vart eit gamanmøte millom far og son. Olav bad Kjartan til seg med so mange menner som han vilde. Kjartan tok med takk imot det og sagde han vilde vera der. Olav reid no heim til Hjardarholt; men Kjartan var ved skipe um sumaren. Han spør no giftarmaale hennar Gudrun; men det synte ikkje paa honom. Mange hadde fyrr gruva seg for detta. Gudmund Solmundson, maagen hans Kjartan, og Turid, syster hans, kom til skipe. Kjartan tok vel imot dei. Aasgeir ædekoll kom og til skipe og vilde finna Kaalv, sonen sin; med honom var Revna, dotter hans, ei overlag vän gjenta. Kjartan baud Turid, syster si, aa taka av varom kva ho vilde, og det same baud Kaalv Revna. Kaalv læste upp ei stor kista og bad

dei gaa dit. Det vart kvast ver um dagen, og Kjartan og mennerne hans laut skunda seg ut og gjera skipe fast. Daa dei var ferdige med det, gjekk dei heim aat buderne. Turid og Revna hadde teke mykje upp or kista. Daa tek Revna upp hovudline og breider det ut, og dei talar um kva for ein herleg

skatt det er. Daa segjer Revna at ho vil pynta seg med line. Turid sagde ho kunde gjerne det, og Revna gjer so. Kaalv ser detta og segjer at det skulde ho ikkje hava gjort, for dette var det einaste som han ikkje aatte ihop med Kjartan, sagde han. Med det same kjem Kjartan inn i budi; han hadde høyrte kva dei sagde, og sagde straks at det gjorde ikkje-noko. Revna sat daa endaa med line paa. Kjartan saag vel paa henne og sagde: "Godt tykkjer eg line høver deg, Revna! Og eg trur det høvde seg best, at eg aatte alt saman, baade lin og møy." Daa segjer Revna: "Folk ventar seg ikkje av deg at du vil gifta deg i ei braahast, men at du fyrst vil vinna den kvinna du bed um." Kjertan sagde at det var mest det same, kven han fekk, men han vilde ikkje beda lenge faafengt. Revna tek no av seg line og gjev det aat Kjartan, og han forvarer det. Gudmund og Turid bad Kjartan til seg dit nord, og at han vilde vera hjaa dei ei tid um vinteren. Kjartan lova aa koma. Kaalv Aasgeirson vilde gjeva seg med far sin nordyver. Kjartan og han skifte no godse millom seg, og det gjekk alt i fred og venskap. Kjartan reid no og fraa skipe og vest i Dalarne; dei var 12 i fylgje. Kjartan kjem heim til Hjardarholt, og alle folk vart glade daa dei saag honom att. Han let flytja varorne sine sunnantil fraa skipe um hausten: Desse 12 mennerne var alle i Hjardarholt um vinteren.

Olav og Usviv heldt ved paa same visi som fyrr og bad einannan heim til seg; dei skulde halda gjestebod kvar sin haust. Gudrun sagde no til Bolle at ho tykte han hadde ikkje braatt sagt henne sanningi um heimferdi hans Kjartan. Bolle sagde han hadde sagt det sannaste han visste um det. Gudrun tala ikkje mykje um detta; men det var lett aa sjaa, at ho likte seg ille, og dei fleste meinte at ho sakna Kjartan mykje enno, um ho dulde det og. Denne hausten skulde det vera lag paa Laugar, og Olav og Hjardholtingarne skulde dit. Det leid no til den tidi, og Olav budde seg til aa fara og bad Kjartan gjeva seg med. Kjartan sagde han vilde vera heime og passa garden. Olav bad honom ikkje styggjast ved frendarne sine. "Kom i hug det, Kjartan," sagde han, "at du hev ikkje halde so mykje av nokon mann som av Bolle, fostbror din. Det er min vilje, at du skal fara, og det vil snart verta godt att millom dykk, naar de raakast sjølve." Kjartan gjer som far hans bad honom. Han tok fram skarlaksklædi som kong Olav hadde gjeve honom ved skilnaden, og budde seg paa det finaste; han gyrde seg med sverde Kongsgaava, tok ein gyllt hjelm paa hovude og ein raud skjold ved sida med ein heilag gullkross i; i handi hadde han eit spjot med gullslegen fal. Alle mennerne hans hadde lita klæde; dei var 30 i alt. Dei reid no heimanfraa Hjardarholt og kom til Laugar; der var mange gjester samla fyrr.

Kapittel 45

Bolle og Usvivsønerne gjekk imot dei og helsa dei velkomne, og Bolle gjekk burtaat Kjartan og kysste honom. Kjartan tok imot helsingi hans, og dei vart fylgde inn. Bolle var kaat og lentug mot dei, og Olav tok det sers vel upp, men Kjartan kaldt. Lage gjekk godt. Bolle aatte nokre stodhestar som var framifraa gilde. Hingsten var stor og væn og hadde aldri roke i strid; han var kvit paa lit, men raud paa øyrom og i toppen. Det fylgde tri merrar med, og dei var like eins paa lit som hingsten. Desse hestarne vilde Bolle gjeva Kjartan; men Kjartan sagde han var ikkje hestkar, og vilde ikkje taka dei. Olav bad honom taka hestarne og sagde at detta var ei framifraa gaava; men Kjartan sagde tvert nei. Etter dette skildest dei, ikkje blidt; Hjardholtingarne drog heim, og alt var no stilt. Kjartan var still av seg um vinteren og reint faamælt. Dette tykte Olav var ille.

Etter jol drog Kjartan heimantil; dei var 12 i fylgje og etla seg nord i bygderne. Dei reid til dei kom nord i Videdal til Aasbjarnarnes, og der vart Kjartan motteken med stor gleda og kjærleike. Der var store gilde hus. Hall, son hans Gudmund, var daa i tjugears-alderen; han liktest mykje Laksdølerne, og dei segjer det hev ikkje vore sprækare kar i heile Nordlandsfjordungen. Hall tok imot Kjartan,

frenden sin, med stor blidskap. Der vart straks stelt til leikar paa Aasbjarnarnes, og der samla seg folk fraa heradom vidt omkring, fraa Videdal og Midfjorden og Vatnsnes og Vatnsdal, og alt utantil Langadal, so det vart ovende mykje folk der. Alle tala dei um kor mykje meir til kar Kjartan var enn alle andre. So vart leiken sett i gang, og Hall stod fyre. Han bad Kjartan vera med; "me vilde, frende, du skulde syna oss kva lag du hev paa detta," sagde han. Kjartan segjer: "Lite hev eg øvt meg i leikar no paa det siste, for anna var det me for med hjaa kong Olav; men eg vil ikkje segja deg nei for ein gong skuld." Kjartan budde seg no til aa leika. Dei sterkaste karnar som var der vart stelte imot honom, og det vart no leika um dagen; men ingen var korkje so sterk elder so ledug og lett so han kunde staa seg mot Kjartan. Og um kvelden, daa leiken var slutt, daa stod Hall Gudmundson upp og sagde: "Eg hev det bode fraa far min, at han vil at alle dei som hev lengst heimatt skal vera her i natt og taka til med moroi att her i morgon." Dessa ordi fekk godt lov, og dei tykte det var stormannslegt bode. Kaalv Aasgeirson var komen der, og det var utifraa stor venskap millom honom og Kjartan. Revna, syster hans, var der og, og var overlag fint klædd. Det var meir enn 100 menneskje som laag der um natti. Dagen etter tok dei til aa leika att. Kjartan sat daa og saag paa. Turid, syster hans, gjekk burtaat honom og gav seg i tale med honom og sagde: "Det er sagt meg, frende, at du hev vore so stilt av deg heile vinteren, og folk segjer at det er av di du syrgjer paa Gudrun; det kann dei sjaa av di, segjer dei, at det ikkje vert godt att millom deg og Bolle, endaa so stor kjærleike det stedt hev vore millom dykk. Gjer no so vel, som det høver seg, og tak deg ikkje detta nær lenger, og unn frenden din det gode gifte! Me tykkjer det skulde vera best for deg, um du gifte deg etter det som du sagde i sumar, endaa Revna ikkje braatt er jamgod deg; for den som det er kann du ikkje finna her i lande. Aasgeir, far hennar, er ein gjæv og storætta mann, og det skortar honom ikkje paa gods til aa pryda dette giftarmaale. Den andre dotteri hans er og gift med ein megtug mann, og du hev sjølv sagt meg at Kaalv Aasgeirson er ein hæv mann, og dei liver som storfolk. Eg vil at du skal gjeva deg i tale med Revna, og eg vonar at du tykkjer ho er likso vitug som ho er væn." Kjartan tok detta vel upp og sagde ho var ein god sakfører. Etter dette kom det til samtale millom honom og Revna, og dei talast ved utyver dagen. Um kvelden spurde Turid Kjartan korleis han hadde tykt um ordlage hennar Revna.

Han let vel um dlet og sagde at ho var ei grepa kvinna, etter alt det han kunde sjaa. Morgonen etter vart det sendt bod etter Aasgeir, og han vart beden til Aasbjarnarnes; tok dei daa til aa tala um saki, og Kjartan bad no Aasgeir um Revna, dotteri hans. Han tok det vel upp, for han var ein klok mann, og skyna vel det, at dette var eit ærefullt bod. Kaalv talde mykje til; "og vil ikkje spara paa noko," sagde han. Revna sagde ikkje nei ho helder, og bad far sin raada. Festarmaale vart daa avgjort og gjort vitnefast. Kjartan var strid paa at brudlaupe skulde vera i Hjarðarholt, og Aasgeir og Kaalv sagde honom ikkje imot i dette. Avtalen vart den, at brudlaups-lage skulde staa i Hjarðarholt 5 vikor etter sumarmaal. Deretter reid Kjartan heim med store gaavor. Olav let vel um dette; for Kjartan var mykje lettare no enn fyrr han for heimantil. Kjartan fasta paa turrmat i langfasta; det hadde ingen der gjort fyrr, og folk tykte det var underlegt, at han kunde liva so lenge forutan mat, so dei for lang leid for aa sjaa honom. Ogso andre seder hadde Kjartan umfram andre folk.

So gjekk paasken, og Kjartan og Olav gjorde tilstellingar til eit stort gjestebod. Til avtala tid kom Aasgeir og Kaalv nordantil, og med dei Gudmund og Hall; dei hadde 60 mann i alt. Kjartan og Olav hadde ogso samla mange fyre; det vart eit namnspurt lag, for det varde ei vika. Kjartan gav Revna hovudline i brurgaava, og den gaava gjekk det stort ord av; for ingen var so vidkunng elder stor-rik at han hadde set elder aatt make til stas, og skynsame folk segjer at 8 øyrar gull var innvove i line. Kjartan var og so gladvær i lage, at han skjemta med alle han tala med, og han fortalde fraa ferdum sine; tykte folk det var mykje verdt, so store emne som der vart framhavde, for han hadde lenge tent den frægaste hovdingen, kong Olav Trygvason. Men daa gjestebode var slutt, gav Kjartan Gudmund og Hall og andre stormenner gode gaavor, og det gjekk sidan stort ord um dette lage. Kjartan og Revna lagde god hug til einannan.

Kapittel 46

Olav og Usviv heldt venskapen like godt, um det var nokon uvenskap millom dei yngre folki. Denne sumaren heldt Olav gjestebod heime hjaa seg, 14 dagar fyre vinternæterne. Usviv hadde og stelt seg paa aa halda gjestebod ved vinternæterne. Baud daa kvar av dei den andre til seg, med so mange folk som han tykte høvde seg best. Usviv skulde daa fyrst gjesta Olav, og han kom til avtala tid til Hjardarholt; han hadde med seg Bolle og Gudrun og sønerne sine. Morgonen etter, daa kvinnorne gjekk inn i skaalen, tala ei av dei um kven av konom skulde sitja i høgsæte, og det bar nett so til, at Gudrun var komi midt imot den sengi som Kjartan vanleg laag i. Kjartan heldt daa paa og klædde seg og kasta ein raud skarlakskjole um seg. Daa sagde Kjartan til den kvinna som hadde tala paa korleis dei skulde sitja (for ingen annan hadde vorte reidug til aa svara): "Revna skal sitja i høgsæte og vyrdast mest i alle maatar, med eg er i live." Gudrun hadde fyrr stødt fenge sitja i høgsæte baade i Hjardarholt og andre stader, og daa ho no hørde dette, saag ho paa Kjartan og skifte lit, men sagde ingenting. Dagen etter sagde Gudrun til Revna at ho skulde pynta seg med hovudline og syna fram aat folk den beste stasen som hadde kome til Island. Kjartan var ikkje lenger undan enn han hørde det Gudrun sagde. Han vart snøggare til aa svara enn Revna. "Ikkje skal ho pynta seg med line i dette gjestebode," sagde han; "for eg held det meir verdt, at Revna eig den beste stasen, enn at gjesterne vaare no skal faa gaman av aa sjaa det denne gongen." Lage hjaa Olav skulde vara ei vika. Dagen etter tala Gudrun paa tvo-hand med Revna og bad henne syna seg line, og ho lova henne det. Dagen deretter gjekk dei til det utbure der dei gøymde stasen sin. Revna læste upp ei kista og tok fram gullveftposen, tok line utor posen og synte Gudrun. Ho breidde ut line og saag paa det ei stund, men sagde ikkje eit ord um det, korkje last elder lov. Revna gøymde line, og dei gjekk innatt. Etterpaa vart der gleda og moro; men den dagen daa gjesterne skulde rida heim hadde Kjartan det hardt annsamt med aa faa i hestarne til dei som var komne langveges fraa, og anna som dei turfte til ferdi. Han hadde ikkje havt med seg sverde Kongs-gaava, daa han gjekk etter dette; elles var det sjeldan han slepte det langt fraa seg. Sidan gjekk han til rome sitt, der sverde hadde vore; men daa var det burte. Han gjekk straks til far sin og sagde honom det. Olav sagde: "Her skal me fara stilt aat; eg skal faa nokon til aa sjaa etter i kvar flokk, naar dei rid kerifraa," og so gjorde han. Aan den kvite skulde rida med Laugar-folke og sjaa etter um dei tok av vegen nokonstad elder kvilde. Dei reid framum Ljaaskogar og dei gardarne som heiter Skogar; der stadna dei ei stund og steig av hestom. Torolv Usvivson for fraa garden, og nokre menner med honom; dei vart burte millom nokre riskjørrar, medan dei andre kvilde i Skogar. Aan fylgde dei til Laksaa, som kjem fraa Sælingsdalen; daa sagde han han laut snu heimatt. Torolv hadde ikkje noko imot det; han var like glad um han ikkje hadde fylgt dei det slag. Det hadde falle lite snjo um natti, so ein kunde rekkja spori. Aan reid attende til Skogar og rakte spori etter Torolv til eit fen; han trivla nedi der og fekk tak i sverdhjalte. Aan vilde hava vitne med seg paa dette, og reid til Torarin i Sælingsdalstunga; han gav seg med Aan dit, og dei tok upp sverde. Aan tok daa sverde med seg til Kjartan. Kjartan sveivla ein duk um det og lagde det ned i ei kista. Den myri der Torolv stakk sverde Kongsgaava nedi heiter Sverdskjelda. Det vart no stilt med dette; men sverdslira vart aldri funni, og Kjartan passa no stødt betre paa sverde enn fyrr. Detta beit Kjartan, og han vilde ikkje slaa seg til ro med det. Olav sagde: "Lat ikkje dette bita paa deg! Dei hev gjort deg ei stygg pretta; men det gjer ikkje deg noko. Lat oss ikkje verta til laatt for andre med di me læt slikt skipla freden med frendar og vener." Og daa Olav sagde so, let Kjartan det vera stilt.

Ved vinternæterne budde Olav seg til aa fara til gjestebods til Laugar, og rødde med Kjartan, at han og skulde fara. Kjartan var traa aa beda, men lova aa fara likevel, daa far hans endeleg vilde. Revna skulde og vera med; men ho vilde lata hovudline att heime. Torgjerd husfrøya spurde: "Naar skal du taka fram denne vidspurde stasen din, naar han skal liggja i kista, med du fer i bedt lag?" Revna svarar: "Mange segjer at det ikkje er vonlaust eg kunde koma dei staderne der eg hadde færre ovundsmenn enn paa Laugar." Torgjerd segjer: "Me hev ikkje stor tru paa dei som talar slikt her millom husom," og daa Torgjerd dreiv so hardt paa med det, tok Revna line med, og Kjartan sagde ikkje imot, daa han

saag mor hans wilde det. Dei gav seg daa paa vegen og kom til Laugar um kvelden og vart vel mottekne der. Torgjerd og Revna gav fraa seg ferdabunaden sin til forvaring; men um morgonen, daa kvinnorne skulde taka bunaden sin, daa leitar Revna etter line; men det var ikkje der ho hadde gøymt det. Ho leita allstad omkring der; men det fanst ikkje. Gudrun sagde det var von at line hadde vorte att heime, elder og hadde ho ikkje fare varleg med det og slept det ned. Revna segjer no til Kjartan at line hadde vorte burte. Han sagde at det var ikkje greidt aa sjaa etter med dei, og bad henne lata det vera stilt no. Sidan segjer han aat far sin kva det var paa ferd. Olav segjer: "Enno wilde eg som fyrr, at du skulde lata det skura og finna deg i dette. Eg skal sjaa til aa koma under med det, um eg fer stilt med det; for eg vil freista alt det eg kann, at du og Bolle ikkje skal verta uvener; det som er heilt er best aa binda, frende!" segjer han. Kjartan segjer: "Det er lett aa sjaa, far, at du unner alle godt; men eg veit ikkje um eg nener lata Laugar-folke køyra meg reint utfyre helder." Den dagen daa folk skulde rida heimatt fraa lage tek Kjartan til ords og segjer so: "Eg segjer deg det, Bolle frende, at du lyt fara meir skapleg aat med meg etterdags enn du hev gjort til no. Eg vil ikkje tegja still lenger med dette, som no mange veit um, um det som hev vorte burto for oss, og som me trur hev runne i di eiga. I haust, daa me hadde lag i Hjardarholt, vart sverde mitt teke; det kom no fram att, men ikkje slira. No er det og her vorte burte ein kosteleg eignlut, som er mykje verd. Men no vil eg hava att baae desse eignaluterne." Daa segjer Bolle: "Ikkje hev me gjort dette som du skuldar oss for. Me hadde venta oss alt anna av deg enn at du wilde skulda oss for tjuvskap." Kjartan segjer: "Dei folk, trur me, hev vore med i dette, som stend deg so nær at du kann bøta paa det, um du vil. De gjeng oss meir paa live enn turvast kann. Me hev lenge gjenge undan for fiendskapen dykkar; men no vil eg gjera kunnigt, at eg vil ikkje lita meg med det lenger." Daa svarar Gudrun paa talen hans og segjer: "Den myrja rota du i der, Kjartan, som det var betre ikkje fekk fata. Og um so er, som du segjer, at her er nokre som hev stelt det slikt at line skulde verta burte, daa meiner eg dei hev stelt med det som høyrde dei sjølve til. Tru no kva de vil um kvar det er vorte av line; men ikkje tykkjer eg det var ille, um det var so medfare at det vart eit laakt stasplagg for Revna heretter." Dermed skildest dei, ikkje blidt, og Hjard-holtingarne reid heim. Det vart no slutt med lagi; men elles var det stilt aa kalla. Til line vart ikkje spurt meir. Mange trudde at Torolv hadde brent det upp, etter raadi hennar Gudrun, syster si. Fyrstnads paa denne vinteren døydde Aasgeir ædekoll, og sønerne hans tok garden og godse etter honom.

Kapittel 47

Um vinteren, etter jol, samlar Kjartan aat seg 50 mann. Han sagde ikkje aat far sin kvar han etla seg, og Olav spurde ikkje stort etter det helder. Han tok med seg mat og tjeld, og reid til han kom til Laugar. Han baud mennerne stiga av og sagde at sume skulde passa hestarne og sume reisa tjeldi. Den tid var det mykje brukelegt, at dei hadde kamaren ute og ikkje so reint lite stykke fraa garden, og so var det paa Laugar. Kjartan sette vakt ved alle dorerne og let ingen koma ut, so dei laut gjera si naudturft inne i tri dagar. Deretter reid Kjartan heim til Hjardarholt og alle fylgjesveinarne hans kvar til sitt. Olav let ille um denne ferdi; men Torgjerd sagde det var ikkje aa lasta; Laugarfolke hadde væl fortent baade dette og meir til. Daa sagde Revna: "Tala du ved nokon, med du var paa Laugar, Kjartan?" "Ikkje noko vidare," sagde han; han hadde berre skift nokre ord med Bolle. Daa log Revna og sagde: "Det er sagt meg for sant, at du og Gudrun hev talast ved, og dei sagde endaa det, at ho hadde pynta seg med line, og at det hōvde henne framifraa godt." Kjartan vart eldande raud, og det var lett aa sjaa, at han vart vreid for detta gapsnakke hennar. "Ikkje saag eg noko til det som du segjer, Revna," sagde han; "men ikkje tarv Gudrun pynta seg med noko lin for aa sjaa betre ut enn alle andre kvinnor." Daa agta Revna seg for aa segja meir.

Laugar-folke likte seg ille og tykte dette var mykje større og verre hæding enn um Kjartan hadde drepe ein mann elder tvo for dei. Usvivsønerne var rasande; men Bolle helder stagga dei. Gudrun tala minst um detta; men folk skyna av ordom hennar at det ikkje var so visst, um det gjekk hardare innpaa nokon av dei andre. Det vart no full fiendskap millom Laugar-folke og Hjardholtingom.

Sist paa vinteren fødte Revna eit barn; det var ein gut, og han fekk namne Aasgeir. Torarin i Tunga lyser til, at han vil selja jordi si, baade for di at han var nøydd um lausøyre, og for di han saag uvenskapen voks millom dei tvo mennom i herade som han heldt av baae. Bolle tykte han hadde bo aa kjøpa seg ein fast bustad; for Laugar-folke hadde lite jord, men mykje lausøyre. Bolle og Gudrun reid til Tunga; for Usviv raadde dei til det; han bad dei ikkje taka det so nøgje med kva dei gav, av di det laag so lagleg til, so nær frammed dei sjølve. Dei gjorde daa av denne handelen med Torarin og vart samde um prisen; men det vart ikkje gjort vitnefast, av di det var ikkje so mange menner til stadar som logi kravde. Dermed reid Bolle og Gudrun heim. Men daa Kjartan Olavson spør detta, reid han straks til Tunga, 12 mann sterk, og kom tidleg paa dagen. Torarin tok vel imot honom og bad honom vera der. Kjartan sagde han laut rida heim um kvelden; men han vilde dvelja der ei stund. Torarin spurde honom etter erendi hans. Kjartan segjer: "Det er erendi mi hit, aa tala med deg um den jordhandelen som Bolle hev fenge deg til aa gaa med paa; for det er meg imot, um du sel denne jordi til Bolle og Gudrun." Torarin sagde han var ille tent um det skulde gaa uppatt; for Bolle hadde baade bode honom god betaling for jordi og lova aa betala straks. Kjartan segjer: "Det skal ikkje verta deg til skade, um Bolle ikkje kjøper jordi; for eg vil gjeva deg likso mykje for henne, og ikkje vil det vera raadlegt for deg aa setja deg imot det som eg vil; for det vil syna seg, at eg kjem til aa raada mest her i herade, og Laugar-folke er ikkje dei eg mest vil gjera til lags." Torarin segjer: "Dyrt er meg drottins-orde i denne saki; men det vilde eg helst, at denna handelen skulde staa ved lag, som Bolle og eg hev gjort." Kjartan segjer: "Ikkje kallar eg det handel som ikkje er gjort vitnefast. Gjer no eit av tvo; anten sel du meg straks jordi til same pris som du hadde vorte samd um med dei andre, elder bu sjølv paa di eigi jord!" Torarin valde aa selja honom jordi, og vitne var straks tekne paa denne handelen. Detta spurdest yver alle Breida-fjordsdalarne. Same kvelden spurdest det paa Laugar. Daa sagde Gudrun: "Det tykkjer eg, Bolle, at Kjartan hev gjeve deg tvo kaar aa velja imillom, og dei er noko hardare enn dei han gav Torarin. Anten lyt du no flytja fraa dette herade med skam, elder og lyt du syna deg noko mindre sljo einkvar gongen, naar du og Kjartan møtest, enn du fyrr hev vore." Bolle svara ikkje og gjekk straks fraa henne, og det var no stilt det som att var av langfasta.

Men tredje dag paaske reid Kjartan heimantil og hadde berre ein mann med seg, det var Aan den svarte. Dei kom til Tunga um dagen. Kjartan vil at Torarin skal rida med honom vest til Saurbø; han vilde hava honom med som vitne der nokre stader der han hadde gods aa krevja; for Kjartan hadde mykje gods utlaant der. Torarin hadde ride til ein annan gard, og Kjartan dvalde der ei rid og bidde paa honom. Same dagen var Torhalla den svalluge komi der. Ho spør Kjartan kvar han etla seg. Han sagde han skulde vest til Saurbø. Ho spør kva leid han skal rida. Kjartan svarar: "Eg vil rida Sælingsdalen vestetter, men Svinadalen naar eg tek vestantil." Ho spør kor lenge han vilde vera burte. Kjartan svarar: "Det er trulegt, at eg rid vestantil femtedagen." "Vil du gjera ei erend for meg?" segjer Torhalla; "eg hev ein frende i Saurbø vestanfor Kvitadal; han hev lova meg vadmaal for ei halv mork; det vilde eg faa deg til aa henta og taka med deg vestantil." Kjartan lova det. Sidan kjem Torarin heim og var viljug til aa gjeva seg med dei; reid dei daa vest yver Sælingsdalsheidi og kom um kvelden til Hol til dei systkini som der budde. Kjartan vart der godt motteken; for det var stor venskap millom dei.

Torhalla den svalluge kom heim til Laugar um kvelden. Usvivsønerne spør um ho hadde raaka nokon um dagen. Ho sagde ho hadde raaka Kjartan Olavson. Dei spurde kvar han hadde etla seg. Ho fortalde det ho visste, "og aldri hev han vore meir til kar en no," sagde ho, "og det er ikkje aa undrast paa, at slike folk tykkjer alle andre frammed seg vert laage. Og det tykte eg var lett aa skyna, at det var ikkje noko Kjartan var so huga paa aa tala um som jordhandelen millom honom og Torarin." Gudrun sagde: "Kjartan kann urædd gjera alt det han vil; for det hev synt seg, at kor mykje han svivyrder folk, so torer ingen skjota eit spjot mot honom." Baade Bolle og sønerne hans Usviv var der, daa Torhalla og Gudrun talast ved. Dei sagde ikkje mykje, men erta Bolle, som dei brukte aa gjera. Bolle letst som han ikkje hørde det, som han jamnan gjorde, naar dei tala ille um Kjartan; for det var noko han var van med.

Kapittel 48

Kjartan sat paa Hol tridje dag paaske, og der var stor skjemt og gleda. Natti etter let Aan ille i svevnen, til han vakna. Dei spurde kva han hadde drøymt. Han svarar: "Det kom ei utokkeleg kjerling aat meg og kipte meg fram paa sengstokken; ho hadde ein kniv i den eine handi og eit ris i den andre; ho sette kniven for brjoste paa meg og rispa upp heile magen paa meg og tok ut innvolen og sette rise inn i staden; etter det gjekk ho ut," segjer han. Kjartan og dei andre log mykje aat denne draumen og sagde han skulde heita Aan rismage, og dei treiv i honom og sagde dei vilde leita etter um det var noko ris i magen hans. Daa sagde Aud: "De tarv ikkje spotta so mykje med dette. Det er mitt raad, at Kjartan skal gjera eit av tvo: anten skal han dvelja her lenger, elder um han vil rida, daa skal han rida mannsterkare herifraa enn han kom." Kjartan sagde: "De tykkjer kann henda Aan rismage segjer so mykje merkelegt, naar han sit og talar ved dykk um dagarne, at de trur det er openberring alt ihop; men eg vil tara som eg fyrr hev etla, like godt for denne draumen." Tidleg paa morgonen femte dagen i paaskevika gjorde Kjartan seg buen, og Torkjel kvelp og Knut bror hans gav seg med honom, etter raadi hennar Aud. Dei reid i vegen og var 12 i alt. Kjartan kom til Kvitadal og henta vadmaale hennar Torhalla svallug, som han hadde lova. Sidan reid han sud gjennom Svinadal.

Det er aa fortelja fraa Laugar i Sælingsdal, at Gudrun var tidleg uppe, straks soli var oppkomi. Ho gjekk dit som brørne hennar sov, og ruska i Uspak; han vakna straks, og etter honom fleire av dei andre. Daa Uspak saag det var systeri, spurde han henne kva ho vilde, med di ho var so tidleg uppe. Gudrun sagde ho vilde vita kva dei vilde taka seg til um dagen. Uspak sagde dei vilde sitja stille; det var ikkje stort aa gjera. Gudrun sagde: "Um de hadde vore døtterne aat einkvar bonden, vilde folk sagt de var snilde gjentor, som gjeng undan for altslag. Etter slik svivyrding og skam som de hev fenge av Kjartan, søv de like godt, medan han rid her frammed garden tvo mann sterk. Slike menner hev ikkje større minne enn svin, og vonlaust er det vorte, tykkjer eg, at de torer heimsøkja Kjartan, naar de ikkje torer møta honom no han fer med ein mann elder aaleine. Men de sit heime og læt vel, endaa so mange de er!" Uspak sagde det var fælt som ho tok i, men det vilde vera gale aa segja henne imot, og han spratt straks upp og klædde paa seg, og det gjorde dei andre brørne og, den eine etter den andre, og dei budde seg til aa leggja seg paa lur for Kjartan. Daa bad Gudrun Bolle fara med dei. Bolle sagde det sama seg ikkje for honom, so nære frendar han og Kjartan var, og minte henne um kor kjærleg Olav hadde fostra honom. Gudrun segjer: "Sant segjer du der; men ikkje vil du faa lukka til aa gjera alle til lags, og dreg du deg undan ferdi, daa er det ute med samlive millom deg og meg." Daa Gudrun sagde dette, daa voks for Bolle all den fiendskapen Kjartan hadde synt honom, og sakerne millom dei, og han treiv snøgt vaapni sine. Dei vart 9 i alt: dei 5 Usvivsønerne Uspak og Helge, Vandraad og Torraad og Torolv; Bolle var den sette, og den sjuande var Gudlaug, systerson hans Usviv, ein emneleg mann, og so var det sønerne hennar Torhalla svallug, Odd og Stein. Dei reid til Svinadal, til det gile som heiter Havragil; der batt dei hestarne og sette seg ned. Bolle var still av seg heile tidi og laag uppe ved kanten av gile. Men daa Kjartan og fylgje hans var komne sud um Mjosynde, der dalen tek til aa vida seg ut, daa sagde Kjartan at Hols-mennerne skulde snu heimatt. Torkjel sagde dei vilde fylgja honom til enden av dalen. Men daa dei kom sud um dei seli som heiter Nordseli, daa sagde Kjartan til brørne at dei skulde ikkje rida lenger; "ikkje skal Torolv, den tjuven, læ aat di at eg ikkje torer rida faament der eg skal rida." Torkjel kvelp segjer: "Me skal gjera som du vil, og ikkje rida lenger no; men angra paa det vil me, um du treng mannahjelp i dag. og me ikkje er til stadar." Daa sagde Kjartan: "Ikkje vil Bolle, frenden min, leggja baneraad mot meg; men um Usvivsønerne sit i vegen for meg, daa er det ikkje so visst, kven som fær nytt aa fortelja, um dei og skulde vera noko mannssterkare." So reid daa brørne vest att.

Kapittel 49

Kjartan reid no sudetter dalen og var tri mann sterk, han og Aan svarte og Torarin. Paa Havratindar i Svinadal budde ein mann heitte Torkjel; der er no øyde. Han var ute og skulde sjaa til hestom sine um dagen, og sau gjætaren hans var med honom. Dei saag baade Laugarmennerne lagde seg paa lur og Kjartan og fylgje hans reid nedetter dalen, 3 mann sterke. Daa sagde saugjætaren at dei skulde snu og møta Kjartan; det vilde vera ei stor lukka, sagde han, um dei kunde hindra so stor ein vande som her var paa-tenkt. Torkjel sagde: "Teg straks! Vil du, din tosk, berga nokon manns liv, naar tidi hans er komi? Og sant aa segja vil eg ikkje meinka dei aa gjera einannan so mykje ilt som dei vil. Eg synest det er betre me kjem oss av einstad, der me sjølve er trygge, men kann sjaa møte deira som best og hava gaman av leiken deira. Dei skrøyter alle so mykje av Kjartan, at han skal vera meir til kjempa enn nokon annan. No trur eg han kann turva det, for det er greidt aa sjaa, at det er skil nok paa mannstyrken." Det laut daa vera som Torkjel vilde. Kjartan og fylgje hans reid fram til Havragile. Men Usvivsønerne undra seg paa, kvifor Bolle hadde funne seg ein stad der han kunde sjaa vel naar det kom folk ridande vestantil. Dei heldt raad um detta, og tykte det var uvisst, um Bolle vilde vera dei tru; gjekk dei daa upp paa brekka aat honom og gav seg til aa takast med honom som paa moro, og tok honom i foterne og drog honom nedfyre brekka. Kjartan og fylgje hans kom snart dit; for dei reid hardt, og daa dei kom sud yver gile, daa saag dei dei som laag der, og drog kjendsel paa dei. Kjartan spratt straks av hesten og snudde seg mot Usvivsønerne. Der stod ein stor stein; der bad Kjartan dei koma. Men fyrr dei møttest, skaut Kjartan spjote sitt og raaka skjolden hans Torolv ovanfor handfange; skjolden tok av, men spjote gjekk gjenom skjolden og armen ovanfor olbogen og skar sund arm-vodven.. Torolv slepte daa skjolden, og handi kunde han ikkje nytta den dagen. Deretter drog Kjartan sverde; men han hadde ikkje Kongsgaava. Sønerne hennar Torhalla gauv paa Torarin; for det yrke var dei etla; men det vart eit hardt tak; for Torarin var ein sterk kar, og det var ikkje godt aa sjaa, kven av dei som skulde gaa av med sigeren. Daa sette Usvivsønerne og Gudlaug paa Kjartan; dei var 6, og Kjartan og Aan tvo. Aan varde seg godt og vilde stødt stella seg framanfyre Kjartan. Bolle stod hjaa med Fotbit. Kjartan hogg hardt; men sverde dugde lite.

Usvivsønerne og Aan vart saara; men Kjartan hadde enno ikkje saar. Kjartan hogg so snart og sterkt, at Usvivsønerne hopa undan og snudde seg mot Aan. Daa fall Aan; men daa hadde han stridt ei stund med innvolen hangande ute. Ved detta bile hogg Kjartan foten av Gudlaug ovanfor knee, og det vart honom til bane. Daa sette dei 4 Usvivsønerne paa Kjartan; men han varde seg so raust, at han ikkje veik eit stig for dei. Daa sagde Kjartan: "Bolle frende, kvi for du heimantil, naar du vil staa still og ingenting gjera? No høver det deg best, at du hjelper ein av partom og freistar kva Fotbit duger til." Bolle let som han ikkje hørde. Men daa Uspak saag at dei ikkje kunde raada med Kjartan, daa eggjar han Bolle paa alle vis og sagde han kunde ikkje vilja hava den skamm i paa seg aa hava lova dei hjelp i striden og ikkje halda det, "og", sagde han, "Kjartan var oss tung aa hava aa gjera med, daa me ikkje hadde gjort honom so mykje; skal han no sleppa undan, daa vil det ikkje vara lenge, fyrr du, Bolle, liksom me, vert ille medfaren." Daa drog Bolle Fotbit og snur seg no mot Kjartan. Daa sagde Kjartan til Bolle: "Visst etlar du no, frende, aa gjera nidingsverk; men mykje betre tykkjer eg det er aa faa banen av deg, frende, enn gjeva deg bane. Dermed kasta Kjartan vaapni og vilde ikkje verja seg, endaa han var berre lite saara; men ovleg trøytt var han. Bolle svara ikkje paa det Kjartan sagde, men gav honom banesaar likevel. Han tok honom straks under akslerne og lyfte honom, og han audast i fange hans Bolle. Bolle angra straks det han hadde gjort, og lyste draape paa seg. Han sende Usvivsønerne heim; men han og Torarin var att hjaa liki.

Daa Usvivsønerne kom til Laugar, sagde dei det som hendt var. Gudrun lét vel um det. Handi hans Torolv vart linda, men vart aldri god att. Like hans Kjartan vart ført til Tunga; sidan reid Bolle heim til Laugar. Gudrun gjekk imot honom og spurde kor langt det leid. Bolle sagde det vart snart nonstid. Daa sagde Gudrun: "Store vert harmverki; eg hev spunne 12 alner garn, og du hev feilt Kjartan." Bolle

segjer: "Seint kann denne ulukka gaa meg or hugen, um du ikkje minner meg paa henne." Gudrun sagde: "Ikkje reknar eg slikt for ulukka. Eg tykte du vart meir vyrd den vinteren Kjartan var i Noreg, enn no, daa han trod deg under fotom, straks han kom til Island. Men sist gjet eg det som eg tykkjer er mest verdt: at Revna ikkje skal gaa læjande til sengs i kveld." Daa svarar Bolle, og ovleg vreid var han: "Uvisst er det, tenkjer eg, um ho folnar meir av denne tidendi enn du, og eg tvilar for det, at det hadde gjenge deg mindre nær, um me laag att paa vigvollen, og Kjartan aagde deg tidendi um det. Gudrun saag daa at Bolle var vreid, og sagde: "Tru ikkje slikt! Eg skylder deg stor takk for verke. No tykkjer eg du hev synt det, at du ikkje vil gjera meg imot." Sidan gjekk Usvivsønerne til eit jordhus som løyneleg var tilstelt aat dei; men sønerne hennar Torhalla vart sende ut til Helgafell og skulde segja Snorre gode denne tidendi, og det med, at Laugar-folke bad honom senda dei hjelp straks mot Olav og dei mennom som hadde ettermaal paa Kjartan.

Natti etter hende det paa Sælingsdalstunga, at Aan, som alle trudde var daud, reis upp so han sat. Dei som vakte yver like vart rædde og tykte det var eit stort under. Daa sagde Aan til dei: "Eg bed dykk i Guds namn, at de ikkje skal verta rædde meg, for eg hev livt og visst av meg, til det kom ei uvitsrid yver meg; daa drøymde eg um den same kona som fyrr, og eg tykte at ho no tok rise utor magen min og hadde innvolen inn i staden, og eg fann meg vel tent med byte." So vart saari hans Aan linda, og han kom seg att. Sidan vart han kalla Aan rismage.

Daa Olav Hoskuldson spurde denne tidendi, gjekk draape paa Kjartan honom hardt nær; men han bar det karsleg likevel. Sønerne hans vilde straks fara mot Bolle og drepa honom; men Olav segjer: "Langt ifraa! Eg fær ikkje sonen min bøtt, um Bolle vert drepen. Eg elska Kjartan meir enn alle, men eg kunde ikkje gjera Bolle mein helder. Men eg ser eit betre verk for dykk: de skal fara mot sønerne hennar Torhalla, dei som er sende til Helgafell, og skal stemna manna-hjelp aat sønom hans Usviv. Det vil eg lika godt, um de gjev dei slik løn som de vil." Olavsønerne gjorde seg daa straks reide og gjekk i ei ferja som hørde Olav til, sju mann sterke, og rodde ut etter Kvams-fjorden. Dei klemde hardt paa; dei hadde liten, men lagleg vind. Dei rodde til dei kom under Skorrøy; der laag dei ei rid og spurde seg fyre, um kven som hadde fare der, og lite etter ser dei eit skip som rodde austyver fjorden. Dei kjende straks mennerne; det var Torhallasønerne. Halldor og dei andre lagde straks aat dei. Der vart ikkje noko mottak; for Olavsønerne sprang straks ut paa skipe aat dei, og Stein og bror hans vart tekne og drepne og hvide yver bord. Olavsønerne snudde heimatt, og alle tykte dei hadde gjort ei glup ferd.

Kapittel 50

Olav drog like hans Kjartan til møtes. Han sende menner sud til Borg, som skulde segja Torstein Egilson det som var hendt, og det med, at han vilde hava hjelp av honom til ettermaale, um stormennerne slo seg saman med Usvivsønerne mot honom, og sagde at daa vilde han hava heile saki under seg. Det same bode sende han nord i Videdal til Gudmund, maagen sin, og Aas-geirsønerne, og det med, at han hadde lyst draape hans Kjartan paa alle dei som hadde vore med paa yverfalle, so nær som paa Uspak Usvivson; for han var dømd fredlaus fyrr for ei kvinna som heitte Aaldis, dotter aat Holmgangaljot fraa Ingjaldssand; son deira var Ulv, som sidan vart stallar hjaa kong Harald Sigurdson og vart gift med Jorunn Torbergsdotter; dei hadde ein son heitte Jon, far aat Erlend Himalde, far aat Øystein erkebiskop. Olav hadde lyst draapssaki til Torsnesting. Han let fly tja heim like hans Kjartan og tjelda yver det, for endaa var ingi kyrkja bygd i Dalom. Men daa Olav spurde at Torstein straks hadde sett seg i gang og samla mykje folk, og at Viddølerne hadde gjort det same, daa let han samla folk, han og, yver alle dalarne, og det vart mange. Alle desse sende han til Laugar, med dei ordom: "Det er min vilje, at de skal verja Bolle, um han treng det, likso godt som de vil fylgja meg; for eg tenkjer at utanbygdsfolke, som no snart kjem aat oss, tykkjer dei hev erend aat honom tor si eigi rekning." Daa han hadde fenge greidt dette soleis, daa kom Torstein og Viddølerne og var rasande. Hall Gudmundson og Kaalv Aasgeirson eggja til at dei skulde gaa paa Bolle og leita etter

Usvivsønerne til dei fanst, og sagde at dei kunde ikkje hava fare nokonstad utor herade. Men daa Olav talde dei mykje fraa aa fara, daa vart det freista paa aa faa ei semja millom dei, og det gjekk lett med Bolle; for han baud Olav raada aaleine for hans lut, og Usviv saag seg ingi raad til aa mæla imot, for det kom ingi hjelp til honom fraa Snorre. Forliksmøte vart daa sett i Ljaaskogar, og heile saki vart yverlati til Olav, heilt og utan pruting. Draape paa Kjartan skulde bøtast med gods og utlægd, slikt som Olav vilde. Dermed vart forliksmøte slutt. Bolle kom ikkje til forliksmøte, og Olav raadde for alt; domen skulde verta kunngjort paa Torsnesting. No reid Myramennerne og Viddølerne til Hjarðarholt. Torstein Kuggason baud seg til aa fortra Aasgeir, son hans Kjartan, for aa trøysta Revna. Revna drog nord med brørom sine og var mykje tyngd av si sorg; men ho bar det so fagert, for ho var blid og lett mot alle ho tala ved. Ingen mann tok Revna etter Kjartan; ho ivde ikkje lenge etter ho kom der nord, og folk segjer at hjarta hennar brast av sorg.

Kapittel 51

Like hana Kjartan stod uppe ei vika i Hjarðarholt. Torstein Egilson hadde late byggja ei kyrkja ved Borg; han flutte like hana Kjartan heim med seg, og Kjartan vart gravlagd der. Kyrkja var daa ny vigd og i kvit-klaedom. So leid tidi til Torsnesting; daa vart saki reist mot Usvivsønerne, og dei vart alle dømde utlæge. Det vart betalt for dei, at dei skulde vera ferjande; men dei skulde ikkje faa koma att til Island, med nokon av Olavsønerne elder Aasgeir var i live. Gudlaug, systerson hans Usviv, skulde liggja ubøtt, av di han hadde lagt seg paa lur for Kjartan og yverfalle honom, og Torolv skulde ingi bot hava for dei saari han hadde fenge. Men ikkje vilde Olav reisa sak mot Bolle, men bad honom betala for seg. Detta tykte Halldor og Steintor og alle Olavsønerne storleg ille um, og sagde det vilde vera tungt, um Bolle skulde sitja samherads med dei; men Olav sagde dei fekk finna seg i det, so lenge han var i live. Det stod eit skip uppe i Bjarnar-hamn, som hørde Audun festargarm til. Han var paa tinge, og sagde: "Det gjeng visst so, at desse mennerne vert ikkje mindre utlæge i Noreg, um venerne hans Kjartan liver." Daa svarar Usviv: "Du skal ikkje verta sannspaad, din bandhund! For sønerne mine skal vera høgt vyrde av tigne folk, med du, bandhund, skal fara trolli i vald i sumar." Audun festargarm for fraa Island den sumaren, og skipe hans vart brote ved Færøyom; der strauk kvart mannsbarn med som var um bord; tyktest det daa hava gjenge so som Usviv hadde spaatt. Usvivsønerne for av lande den sumaren, og ingen av dei kom til Island sidan. Slikt utfall fekk ettermaale, at Olav tyktest hava vakse av di han let det gaa med det harde med Usvivsønerne, som mest hadde fortent det, men spara Bolle for frendskap skuld. Olav takka dei som hadde hjelpt honom. Etter raadi hans Olav kjøpte Bolle jordi i Tunga. Det er sagt, at Olav livde tri vintrar etter Kjartan var drepen; men daa han var daaen, skifte sønerne hans arven etter honom. Halldor tok bustad i Hjarðarholt. Torgjerd, mor deira, var hjaa Halldor; ho var fælt hatig paa Bolle, og tykte det var ei saar og ufortent fosterløn ho hadde fenge av honom.

Kapittel 52

Gudrun og Bolle fekk ein son; han fekk namne Torleik; han vart snart ein ven og lettvint gut. Halldor Olavson budde i Hjarðarholt, som fyrr er sagt; han var i alle maatar den fyrste av dei brørom. Den vaaren daa Kjartan vart dropen, sette Torgjerd Egilsdotter ein gut som var av skyldfolki hennar i kost hjaa Torkjel paa Havratindar. Guten gjætte fe der um sumaren. Han syrgde mykje paa Kjartan, han som dei andre. Han kunde aldri tala um Kjartan, med Torkjel var til stadar; for han tala jamnan ille um honom og sagde han hadde vore ein bleik og modlaus mann, og hermde ofte etter honom korleis han hadde tedd seg daa han vart saara. Av dette vart guten ille ved; han fer til Hjarðarholt og segjer det til Halldor og Torgjerd, og bad dei taka honom til seg. Torgjerd baud han skulde vera der han var, vinteren yver; men guten sagde han trotta ikkje vera der lenger, "og," sagde han, "du vilde ikkje beda meg um det, um du visste kor mykje eg hev lote tola av detta." Daa tykte Torgjerd synd i honom og sagde ho vilde lata honom faa opphald hjaa seg. Halldor segjer: "Bry deg ikkje um denne guten; han er

ikkje sætande." Daa svarar Torgjerd: "Lite er guten verd; men Torkjel hev i alle maatar bore seg ille aat i denne saki; for han visste um at Laugar-mennerne hadde lagt seg paa lur for Kjartan, og vilde ikkje segja honom det, men heldt gaman og moro av striden millom dei, og sidan hev han lagt mange ukvæmsord til. Det er liti von, at de brør vil søkja hemn, der yvermagti er imot dykk, naar de ikkje er god for aa gjeva slik ein niding som denne Torkjel løn for det han hev gjort. Halldor svarar ikkje stort paa dette, men bad Torgjerd raada for guten som ho vilde. Faa dagar etter reid Halldor heimantil med nokre menner; han for til Havratindar og tok hus paa Torkjel. Torkjel vart førd ut og drepen, og bar seg lite karsleg, daa dei tok live av honom. Ikkje let Halldor dei rana noko, men for heimatt. Torgjerd lét vel um detta og tykte denne minningi var betre enn ingi. Denne sumaren var det stilt aa kalla; men det var ikkje godt millom Bolle og Olavsønerne. Dei var galne paa Bolle; men han gav etter for dei, alt det han kunde, naar han inkje sjølv skulde minka av det; for han vilde ikkje vera undermann for nokon. Halldor hadde mykje folk hja seg og livde stort, for han var rik nok. Steintor Olavson budde paa Dunustad i Laksaadalen; han var gift med Turid Aaseirdotter, som fyrr hadde vore gift med Torkjel Kuggason. Son deira heitte Steintor og vart kalla grolappen.

Kapittel 53

Vinteren etter Olav Hoskuldson var daaen, daa det leid paa vaarsida, sender Torgjerd Egilsdotter bod aat Steintor, son sin, at han skulde koma til henne, og daa dei møttest segjer ho honom at ho vil fara vest til Saurbø, til Aud, vena hennar. Ho segjer aat Halldor at han og skal fara med. Dei var 5 i alt. Halldor fylgde mor si. Dei fer no til dei kjem utanfor garden Sælings-dalstunga. Daa snudde Torgjerd hesten upp mot garden og spurde: "Kva heiter denna garden?" Halldor svarar: "Det spør du ikkje etter av di du ikkje veit det, mor! Denna garden heiter Tunga." "Kven bur her?" segjer ho. "Det veit du, mor," svarar han. Daa drog Torgjerd ein tung sukk og sagde: "Ja visst veit eg at her bur Bolle, brorbanen dykkar, og fælt ulike er de dykkar gjæve frendar, de som ikkje vil hemna ein slik bror som Kjartan var. Slikt vilde ikkje Egil, morfar dykkar, hava gjort, og ilt er det aa hava daadlause søner. Det hadde høvt seg betre for dykk, um de hadde vore døtter aat far dykkar og hadde vorte burtgifte. No gjeng det som ordtøke segjer, Halldor, at det er eit øle i kvart bøle, og det ser eg greidt var den største ulukka hans Olav, at han vart so narra paa sønom sine. Dette segjer eg til deg, Halldor, for di du skal vera den fyrste av dykk brør. No vil me snu att; det var dette som var erendi mi, aa minna dykk paa detta, um de ikkje mintest det fyrr." Daa segjer Halldor: "Ikkje skal me leggja skuldi paa deg, mor, um dette gjeng oss or minne." Han sagde ikkje mykje; men vreiden voks mykje i honom mot Bolle.

No leid denne vinteren, og sumaren kom, og det leid til tingtidi. Halldor lyser til, at han og brørne hans vilde rida til tings. Dei reid med ein stor flokk og tjelda den budi som Olav hadde havt. Tinge var stilt, og der hende ikkje noko vidare. Viddølerne, sønerne hans Gudmund Solmundson, var paa tinge. Barde Gudmundson var daa 18 vintrar gamall; han var ein stor og sterk kar. Olavsønerne bad Barde heim mod seg og spara ikkje paa ord for aa telja honom til. Hall Gudmundson var daa ikkje her i lande. Barde tok gjerne mot detta, for det var stor kjærleike millom dei frendom. Han reid daa med Olavsønerne fraa tinge heim til Hjarðarholt og var der det som var att av sumaren.

Kapittel 54

No segjer Halldor aat Barde paa tvohand at han og brørne hans etlar aa fara mot Bolle, og at dei ikkje lenger vilde tola neising av mor si. "Eg vil ikkje dylja for det, Barde frende, at det laag mykje under, daa me bad deg heim, at me vilde hava fylgje og hjelp av deg til dette." Daa svarar Barde: "Folk vil segja det er ille aa brjota forlik med frendom sine, og ikkje trur eg det er nokor lett sak helder aa koma Bolle til livs. Han hev mange menner um seg og er sjølv ei svær kjempa; ikkje skortar det paa kloke raad helder, der Gudrun og Usviv er. Difor tykkjer eg det er mest raadlaust aa tenkja paa." Halldor segjer: "Her tarvst noko anna enn aa segja oss at det er vandt um aa faa gjort dette. Eg hev ikkje gjete

paa detta, fyrr det var ei avgjort sak, at me vilde freista hemna oss paa Bolle.

Og eg ventar, frende, at du ikkje vil draga deg undan denne ferdi med oss." Barde svarar: "Eg veit de vilde tykkja det var lite høvelegt, um eg drog meg undan, og det vil eg ikkje gjera helder, naar eg ser at eg ikkje kann faa dykk fraa det." "Daa gjer du rett," segjer Halldor, "som von var." Barde sagde at dei laut fara sløgt fram. Halldor sagde han hadde spurt at Bolle hadde sendt mennerne sine heimantil, sume til skipe nord til Rutafjorden, og sume ut paa strandi. "Det er sagt meg det og, at Bolle er paa sætri i Sælingsdal, og at der er ikkje fleire menner enn dei huskararne som skal gjera høyonni der. Eg trur ikkje det nokon gong kann vera meir laglegt for oss aa freista eit møte med Bolle enn no." Detta tala dei daa fast av med einannan, Halldor og Barde.

Det var ein mann heitte Torstein svarte; han budde i Hundadal i Breidafjordsdalom og var ein klok og rik mann. Han hadde i lang tid vore venen hans Olav Paa. Syster hans Torstein heitte Solveig og var gift med Helge Hardbeinson. Helge var ein stor og sterk mann og ein stor farmann; han var nykomen til Island og var i kost hjaa Torstein, maagen sin. Halldor sender bod til Torstein svarte og Helge, maagen hans, og daa dei kom til Hjarðarholt, segjer Halldor dei kva han etlar seg til, og bad dei fara med honom. Torstein lét ille um detta. "Det er stor skade," sagde han, "at de frendar skal halda ved med aa øydeleggja einannan. Det er ikkje mange slike menner no i dyk-kar ætt som Bolle." Men um Torstein sagde slikt, so muna det ikkje. Halldor sender bod til Lambe, farbror sin, og daa han kom, sagde han honom kva han var meint paa. Lambe talde mykje til at dette skulde faa framgang. Torgjerd husfrøya eggja og mykje til denno ferdi; ho sagde at ho tykte aldri Kjartan var hemnd, minder Bolle miste live.

Etter dette budde dei seg til ferdi. Dei som gav seg med var dei 4 Olavsønerne: Halldor, Steintor, Helge og Hoskuld; den femte var Barde Gudmundson, den sette Lambe, den sjuande Torstein, den aattande Helge, maagen hans, den niande Aan rismage. Torgjerd vilde og farn med dei. Dei talde henne fraa og sagde at slikt var ikkje kvinneferd; men ho sagde det skulde vera visst, at ho vilde vera med; "for eg kjenner dykk best, sønerne mine," sagde ho, "og eg veit at de tarv bryning." Dei segjer daa ho fekk raada.

Kapittel 55

Etter dette rid dei heimantil Hjarðarholt saman; Torgjerd var den tiande. Dei reid innerter fjøra og til Ljaaskogar; det var fyrstnads paa natti. Dei stadna ikkje fyrr dei kom til Sælingsdalen, daa heldt det paa og vart morgon. Det var tjukk skog i dalen den tidi. Bolle var der paa sætri, som Halldor hadde spurt. Sæterhusi stod ved aai, der det no er kalla Bolle-tufterne. Eit stort holt gjeng ovanfor sele og ned til Stakkagile; millom lidi og holte er ei stor eng som heiter Barmen. Der heldt huskararne hans Bolle paa og onna. Halldor og fylgje hans reid yver Raanvol-larne aat Oksnagrav, og so ovanfor Hamareng, som er beint imot sætri. Dei steig av hestom og etla bida til folk gjekk fraa sele ut paa arbeide. Saugjætaren hans Bolle for tidleg um morgonen uppe i lidi etter fe. Han saag mennerne i skogen, og hestarne, som var bundne; han tvila for at detta kunde ikkje vera fredelegt folk som tor so løynleg, og han stemnde straks beinaste heim til sele for aa segja det aat Bolle. Halldor var gløgg-synt; han saag mannen sprang ned ifraa lidi og stemnde til sele; han segjer det aat dei andre, at det laut vera gjætaren hans Bolle, og at han laut hava set ferdi deira. "Lat oss no fara mot honom og ikkje lata honom bera bod til sele," sagde han. Dei gjorde som han sagde. Aan rismage vart den snøggaste av dei; han naadde guten og lyfte honom upp og køyrde honom til jordi so hardt so han braut av ryggen. So reid dei til sætri. Der var tvo sel: eit sovesél og eit bur. Bolle hadde vore tidleg uppe um morgonen og sett arbeide i gang, men hadde lagt seg til aa sova att, daa huskararne gjekk. Han og Gudrun var tvoeine i sele. Dei vakna av staake, daa dei andre sprang av hestom, og dei høyrde dei rødde um kven som fyrst skulde gaa inn i sele aat Bolle. Bolle kjende maale aat Halldor og fleire av dei andre og. Han bad Gudrun gaa ut, og sagde at dette møte vilde berre verta slikt at ho ikkje vilde hava gaman av det. Gudrun sagde at

ho trudde ikkje anna vilde henda enn at ho kunde sjaa det, og at det skulde ikkje vera Bolle til mein, um ho var honom nær. Men Bolle sagde han vilde raada i dette, og det vart til di at Gudrun gjekk utor sele; ho gjekk ned-yver bakken til den bekken som rann der, og tok til aa tvaa lerefte sitt. Bolle var no eine i sele; han tok vaapni sine, sette hjelm paa hovude og heldt skjold fyre seg og sverde Fotbit i handi; brynja hadde han ikkje. Halldor og dei andre rødde no um korleis dei skulde gjera det; for ingen var huga paa aa gaa inn i sele. Daa sagde Aan rismage: "Her er dei mennerne i denne ferdi som er nærmare skylde Kjartan enn eg, men ingen som betre minnest korleis han døydde. Daa Kjartan var feilt, og eg vart heimferd til Tunga, og det var berre so vidt det var liv i meg, daa kom det meg i hugen, at eg vilde vera glad, um eg kunde faa tilføre til aa gjera Bolle mein. Eg vil gaa fyrst inn i sele." Daa svarar Torstein svarte: "Det er karsleg sagt; men det er raadlegare ikkje bausa uvitugt paa, men fara varleg, for Bolle vil ikkje staa still, naar de set paa honom. Um han og hev liti hjelp, so kann de venta dykk eit hardt mottak; for Bolle er baade sterk og god til aa bruka vaapni, og han hev eit sverd som han kann lita trygt paa." Daa fer Aan hardt og snøgt inn i sele, med skjolden yver hovude, og snudde smalsida fram. Bolle hogg til honom med Fotbit og tok av skjold-sporden, og dermed kløyvde han Aan ned til akslerne; fekk han straks bane, som von var. Daa gjekk Lambe inn; han hadde skjold fyre seg og sverde bert i handi. I det bile kipte Bolle Fotbit utor saare, og skjolden kom til sida; daa stakk Lambe honom i laare, og det vart eit stort saar. Bolle hogg til Lambe yver oksli, og sverde skar ned med sida av honom; han vart straks ufør til strid, og handi vart aldri god att, so lenge han livde. I denne augneblinken gjekk Helge Hardbeinson inn; han hadde i handi eit spjot med alnelang fjør og jarn-slege skaft. Men daa Bolle ser det, daa kastar han sverde og tok skjolden med baae hender og gjekk fram aat seldøri mot Helge. Helge stakk til honom med spjote, gjennom skjolden og honom sjølv. Bolle halla seg mot selsveggen. No sette dei andre inn i sele, Halldor og brørne hans. Torgjerd gjekk og inn. Daa sagde Bolle: "No er det raad for dykk brør aa koma nærare enn fyrr; no vil det ikkje verta langt mottak." Torgjerd svara og sagde at dei turfte ikkje spara aa gaa Bolle heilt paa live; ho baud dei gaa millom hovude og skrotten. Bolle stod daa endaa upp til solsveggen og Koldt kjolen inn aat seg, at ikkje innvolen skulde koma ut. Daa sprang Steintor Olavson paa Bolle og hogg til honom med ei eks i halsen ved oksli, so hovude gjekk straks av. Torgjerd ynskte honom til lukka med verke og sagde at no skulde Gudrun hava arbeid ei stund med aa greida det raude haare hans Bolle. Etter dette gjeng dei utor sele. Gudrun kjem daa gangande nedantil bekken; ho tala aat dei og spurde korleis det hadde gjenge millom dei og Bolle. Dei segjer henne det. Gudrun hadde naamkjole med trongt livstykke av vove ty, og hadde ein stor sveig paa hovude; ho hadde knytt um seg eit turkisede som var blaastruput og med frunsor paa enden. Helge Hardbeinson gjekk burtaat Gudrun og tok turklædesnipen og turka blode av spjote, det same som han hadde stukke gjennom Bolle med. Gudrun saag paa honom og smilte. Daa sagde Halldor: "Detta er ill manns verk og hjartelaust gjort." Helge bad honom ikkje harmast for di; "for eg trur," sagde han, "at under denne tur-klaedesuipen bur banemannen min." Deretter tok dei hestane sine og reid burt. Gudrun gjekk med dei paa vegen eit stykke og tala med dei ei stund; daa gjekk ho attende.

Kapittel 56

Dei som hadde fylgt Halldor rødde um det, at Gudrun tyktest bry seg lite um draape paa Bolle, naar ho soleis kunde fylgja dei paa vegen og tala ved dei nett som dei ikkje skulde hava gjort noko som var henne imot. Daa svarar Halldor: "Ikkje er det mi tru, at Gudrun bryr seg lite um dauden hans Bolle. Eg trur at daa ho fylgde oss paa vegen, daa var det meir for di at ho vilde faa full greida paa kven som hadde vore med i denne ferdi. Det er no ikkje for mykjo sagt helder, at Gudrun er mykje meir til menneskja enn andre kvinnor, og det er aa venta, at ho bryr seg mykje um dauden hans Bolle; for sant aa segja er det stor saknad etter slike menner som han, endaa me frendar ikkje fekk lukka til aa semjast med honom." Etter dette reid dei heim til Hjardarholt.

Denne tidendi spurdest vidt omkring og tyktest stor, og der vart stor sorg yver dauden hans Bolle. Gudrun sende straks bod aat Snorre gode; for til honom sette ho og Usviv all si lit. Snorre klokk braatt, daa han fekk bode hennar Gudrun, og han kom til Tunga, med 60 mann. Gudrun vart glad, daa han kom. Han baud seg til aa freista aa faa gjort semja; men Gudrun var lite um aa taka bot for draape paa Bolle, for Torleik sin del. "Den beste hjelpi som du Snorre kann gjeva meg," sagde ho, "er at du skifter bustad med meg, so eg slepp aa sitja gard i gard med Hjardholtingom." Ved denne tid hadde Snorre mykje ubytt med Øyrbyggjom. Han sagde daa aat Gudrun at han vilde gjera henne detta for venskap skuld; men denne vinteren laut ho bu paa Tunga likevel. Snorre budde sog no paa aa reisa heimatt, og Gudrun gav honom store gaavor. Snorre reid no heim, og sidan var det stilt aa kalla det halvaare.

Vinteren etter Bolle vart dropen fødde Gudrun eit barn; det var ein gut, og han fekk namne Bolle. Han kom seg godt og vart stor og væn, og Gudrun heldt mykje av honom. Daa no vinteren leid og vaaren kom, daa vart den handelen gjort, som avtala var millom Snorre og Gudrun, og Snorre flutte til Tunga og budde der so lenge han livde. Gudrun og Usviv drog til Helgafell og sette der bu saman, stort og gildt. Der voks Torleik og Bolle, sønerne hennar Gudrun, upp. Torleik var 4 vintrar gamall daa far hans vart drepn.

Kapittel 57

Torgils Hallason heitte ein mann. Han var nemnd etter mor si, av di ho livde lenger enn far hans; faren heitte Snorre og var son aat Alv fraa Dalom. Halla, mor hans Torgils, var dotter aat Gjest Oddleivson. Torgils budde paa garden Tunga i Hordadal. Han var ein stor og væn mann, men drjukt storlaaten, og var ikkje god aa koma til rettes med. Det var ofte smaatt med venskapen millom honom og Snorre gode; Snorre tykte at Torgils var kranglevoren og vilde peika seg for mykje fram. Torgils gjorde seg mang ei erend ut i bygdi; han var jamnan til Helgafell og baud seg til aa hjelpa Gudrun. Ho tok det berre godt upp, men brukte ikkje hjelpi hans mykje. Torgils bad Torleik, son hennar, heim til seg, og han var lenge i Tunga og lærde log og rett av Torgils, for han var ein log-lærd mann.

I denne tid var Torkjel Øyolvson paa ferder. Han var ein namnspurd og ættstor mann, og var god ven av Snorre gode. Han var jamnan hja Torstein Kug-gason, frenden sin, og, naar han var her ute. Ein gong, daa Torkjel var her og hadde skipe sitt standande uppe i Vadil paa Bardastrandi, daa hende seg i Borgarfjorden det, at son hans Kid fraa Aas vart drepn av sønerne hennar Helga fraa Kropp. Den som gjorde draape heitte Grim, og bror hans Njaal. Han drukna i Kvitaa lite etter; men Grim vart dømd til skoggang for draape og laag ute i fjellom, med han var utlæg. Han var ein stor og sterk mann. Eid var mykje til aars komen, daa dette hende; difor vart det ikkje freista paa nokon hemn. Folk lasta mykje Torkjel Øyolvson, at han ikkje rak denne hemnen. Vaaren etter, daa Torkjel hadde butt skipet sitt fer han sud um Breidafjorden og fær seg der hest, og rid aaleine, og stadnar ikkje fyrr han kjem til Aas, til Eid, frenden sin. Eid tok imot honom med fagnad. Torkjel segjer honom erendi si, at han vil leita upp Grim, skoggangs-mannen hans, og møta honom, og spør Eid um han kjende noko til kvar han heldt til. Eid svara: "Eg er ikkje huga paa detta; eg tykkjer du vaagar deg for mykje, naar du vil takast med slik ein heimann som Grim. Vil du fara, so tak mange menner med deg, so du er viss um yvertake." "Det tykkjer eg ikkje det er nokor æra med," segjer Torkjel, "aa fara mange mot ein; men eg vilde du skulde laana meg sverde Skovnung, og daa ventar eg at eg skal raada med ein einlaupar, um han er aldri so mykje til kar." "Du fær gjera som du vil," sagde Eid; "men ikkje kjem det uventande paa meg, um du ein gong angrar paa du hev vore so sjølvvis. Men av di det er for mi skuld du etlar gjera dette, daa skal eg ikkje negta deg det som du bed um; for eg trur Skovnung kjem i gode hender, naar du ber honom. Men det sverde er slikt, at ikkje skal sol skina paa hjalte, og det lyt ikkje dragast medan kvinnfolk er til stadar, og fær ein mann saar av sverde, daa kann ikkje saare verta grødt, minder den helsesteinen vert brukt som fylgjer det." Torkjel sagde han skulde agta vel paa detta, eg tok imot sverde. Eid sagde han trudde helst Grim heldt til nordpaa Tvidøgra frammed Fiskevatnom. Torkjel reid daa nordpaa heidi,

etter den leidi Eid synte honom, og daa han var komen langt frampaa heidi, saag han ein stor skaale frammed vatnom og stemnde dit.

Kapittel 58

Torkjel kjem no til skaalen, og ser daa ein mann som sit nedmed vatne ved ein bekkje-os og drog fisk; han hadde ein feld paa hovude. Torkjel stig av hesten og bind honom ved skaaleveggen, og gjeng so burtaat vatne der mannen sat. Grim ser skuggen av ein mann i vatne og sprett snøgt upp. Torkjel er daa komen mest innaat honom og høgg til honom og raakar honom i handi ovanfor uvleden; men det vart ikkje noko stort saar. Grim gauv straks paa Torkjel, og dei fangtokst, og no synte det seg snart, kven som var sterkast; Torkjel fall, og Grim uppaa honom. Daa spurde Grim-kven han var. Torkjel sagde det kom honom ikkje ved. Grim sagde: "No hev det gjenge annarleis enn du hadde trutt; for no er live ditt i mitt vald. Torkjel sagde han vilde ikkje beda um fred, for di um han hadde havt ulukka med seg. Grim sagde: "Eg hev gjort skadeverk nok, um det ikkje vert noko av med detta. Det er ikkje so laga, at du skal døy for mi hand, Og eg vil gjeva deg live, so fær du løna det som du vil." Dei stod no upp baae og gjekk heim til skaalen. Torkjel ser at Grim bløder so han mødest av det; han tek daa Skovnungs-steinen og gnid honom med, og bind honom attaat handi hans Grim, og straks tok det all svide og trote utor saare. Dei var der um natti. Um morgonen bur Torkjel seg til aa fara, og spør um Grim vil fara med honom. Han sagde at det vilde han, det var visst. Torkjel dreg straks vestpaa, og kjem ikkje til Eid; han stadnar ikkje fyrr han kjem til Sælingsdaldstunga. Snorre gode tok blidt og venleg mot honom. Torkjel sagde det hadde gjenge ille paa den ferdi. Snorre sagde det hadde gjenge godt. "Det ser ut til at Grim hev lukka med seg, og eg vil," segjer han, "at du skal senda honom fraa deg med æra; og det skai vera mitt raad," segjer Snorre, "at du sluttar med fordom og slær deg fast ned og gifter deg og vert hovding, som du hev ætt til." Torkjel segjer: "Ofte hev dine raad vore meg til gagn," og spurde um han hadde tenkt paa kva kvinna han skulde beda um. Snorre segjer: "Du skal beda um ei kvinna som er det beste gifte, og det er Gudrun Usvivsdotter." Torkjel sagde det var sant, at det var eit vyrdelegt gifte; men eg tykkjer det hev mykje paa seg, at ho er so hardfengd og storraadig. Ho vil sagta taka hemn for Bolle, husbonden sin. Torgils Hallason tykkjest og vera paa raad med henne, og han vil kanskje lika dette ille. Men eg tykkjer godt um Gudrun." Snorre sagde: "Eg skal lova deg det, at Torgils ikkje skal vera deg til mein, og med hemnen for Bolle trur eg det er stor von det vil stella seg anuarleis, fyrr dette halvaaro er lide." Torkjel svarar: "Kann vera det ikkje er tome ord du talar no; men med hemnen for Bolle ser det ikkje betre ut no enn fyrr, tykkjer eg, minder nokre av dei sterre mennom vil skunda seg og leggja seg frami." Snorre sagde: "Eg tykkjer du skal fara utanlands i sumar ogso. Lat oss daa sjaa korleis det gjeng." Torkjel sagde han vilde gjera det, og dermed skildest dei. Torkjel drog vestyver Breidafjorden til skipe sitt. Han tok Grim med seg utor lande; dei fekk god bør um sumaren og kom til Noreg langt sudpaa. Daa sagde Torkjel til Grim: "Du veit sjølv korleis det gjekk til, at me fekk med kvarandre aa gjera, so det tarv eg ikkje fortelja deg; men eg vilde gjerne det skulde enda betre enn det saag ut til ei tid. Eg hev røynt deg so mykje, so eg veit du er ein god kar; difor vil eg senda deg fraa meg soleis som eg aldri skulde havt noko mot deg. Eg vil gjeva deg so mykje handelsvaror so du kann ganga i bra manns lag. Men set ikkje bu her i lande, for her fer mange av frendom hans Eid paa handelsferder, av dei som hev hug til aa gjera deg skade." Grim takka honom for desse ordi og sagde at han hadde ikkje kunna bedt um braatt so mykje som han hadde bode honom. Daa dei skildest, gav han Grim gode varor, og mange sagde at detta var stormannsleg gjort. Deretter for Grim aust i Viki og busette seg der. Han vart ein velvyrd mann, og dermed er ikkje meir um Grim aa segja. Torkjel var i Norig um vinteren og vart halden for ein storkar; han var storleg rik og ein drivande kar. Men no lyt me ganga fraa honom oi stund og taka til ute paa Island att, og høyra kva der gjeng fyre seg medan Torkjel er utanlands.

Kapittel 59

Gudrun Usvivsdotter fur um sumaren inn i Dalarne; ho reid til Tykkvaskog. Torleik var daa sumtid i Tykkvaskog hjaa sønom hans Aarmod, Halldor og Ørnolv; men stundom var han i Tunga hjaa Torgils. Same natti sende Gudrun ein mann til Snorre gode, med den bodi at ho vilde tala med honom straks, dagen etter. Snorre skunda seg og reid straks med ein mann til Ilaukadalsaa. Nordanfor aai er det ein berghamar som heiter Hovde, paa Løkjarskogs grunn. Der hadde Gudrun sagt dei skulde møtast. Dei kom der mest samstundes. Gudrun hadde og ein mann med seg; det var Bolle Bolleson; han var daa 12 vintrar gamall, men so langt framkomen i styrke og vit, so mange fullvaksne ikkje var likare. Han bar daa og Fotbit. Snorre og Gudrun tok straks til aa talast ved; men Bolle og fylgjesveinen hans Snorre sat paa hamaren og saag paa dei som var ute og ferdast i herade. Daa no Snorre og Gudrun hadde spurt kvarandre um altslag, daa spurde Snorre etter erendi hennar, kva det no var paa ferd, at ho sende slik hastverks-bod paa honom. Gudrun sagde: "Det er sant, at det stend fyre meg som reint nytt, det eg no vil bera fram, endaa det hende for 12 aar sidan; for det er um hemnen for Bolle eg no vil røda noko med deg. Det kann ikkje koma deg uventande helder, for eg hev stundom mint dog um det, og eg vil segja deg det, at du hev lova meg nokor hjelp, um eg vilde hava tolmod og bida. Men no tykkjer eg tidi lyt vera komi, at du vil ansa paa vaar sak. No hev eg bidt paa den stundi som hugen min stod til. Men likevel vilde eg hava eit lukkeraad av deg, kvar denne hemnen skal raaka." Snorre spurde kven ho helst hadde meint. Gudrun sagde: "Det er min vilje, at ikkje alle Olavsønerne skal sleppa uskadt ifraa det." Snorre sagde at han vilde forbjoda dei aa fara mot dei mennom som var mest vyrde i herade, og som hadde nærfrendar som vilde føra hemnen lenger; "og det er det det gjeld um," sagde han, "at desse ættdraapi skal slutta ein gong." Gudrun sagde: "Daa skal me fara mot Lambe og drepa honom; daa fær me gjort det av med ein av dei verste." Snorre segjer: "Lambe er saka nok til aa drepast; men ikkje tykkjer eg Bolle er hemnd med di, og ikkje vil det verta gjort slikt skil millom honom og Bolle som det skulde, naar det skal koma til forlik og dei draapi skal jamnast mot einannan." Gudrun sagde: "Kann vera at me ikkje fær vaar fulle rett av Laksdølom; men bøta skal no einkvar, kva dal han bur i. No er det Torstein svarte og; ingen hev fare verre aat i denne saki enn han." Snorre sagde: "Torstein er ikkje meir saka av deg enn dei andre som var med i ferdi mot Bolle, men ikkje gjekk paa honom sjølve; men du læt dei sitja i fred som eg tykkjer det vilde vera meir hemn med, dei som hev bore banehogg paa Bolle, slike som Helge Hardbeinson." Gudrun sagde: "Sant er det; men ikkje kann eg tola aa vita at alle desse mennerne skal sitja i fred som eg fyrr hev havt denne store fiendskapen aa skulda for." Snorre svarar: "Eg ser ei god raad for di. Lambe og Torstein skal gjeva seg med sønom dine paa hemnferdi og soleis kjøpa seg fred for rimeleg pris. Men vil dei ikkje det, daa skal ikkje eg telja deg fraa aa straffa dei slikt som du vil." Gudrun sagde: "Korleis skal eg fara aat med aa faa desse mennerne, som du no hev nemnt, til aa gjeva seg med paa ferdi?" Det lyt dei taka seg paa som skal staa fyre ferdi." Gudrun sagde: "Det lyt du og hava umsut for, kven som skal styra og vera fyremann for ferdi." Daa log Snorre og sagde: "Du hev sjølv kaara mannen til detta."

Gudrun sagde: "No meiner du paa Torgils?" »Ja," sagde Snorre. "Gudrun sagde: "Eg hev fyrr tala ved Torgils um dette; men no er det slutt med di, for han sette meg eit kaar som eg ikkje vilde agta. Men ikkje drog Torgils seg undan aa hemna Bolle, um han kunde faa meg til kona; men det er vonlaust, og difor vil eg ikkje beda honom um aa taka paa seg denne ferdi." Snorre sagde: "Detta skal eg gjeva deg raad for; for eg vil ikkje lata Torgils sleppa undan denne ferdi. Du skal sanneleg lova honom giftarmaal; men du skal hava noko anna under. Du skal lova honom at du ikkje skal gifta deg med nokon annan mann som er her i lande enn Torgils, og so skal det gaa og; for Torkjel Øyolvson er ikkje her i lande no, og honom hev eg etla deg til." Gudrun sagde: "Denna kroken vil han sjaa." Snorre segjer: "Nei, det vil han visst ikkje, for Torgils er meir framfus enn han er klok. Gjer denne avtalen med faa vitne! Lat Halldor, fostbror hans, vera med, men ikkje Ørnolv, for han er klokare. Og gjeng det ikkje, kann du gjeva meg skuldi." Dermed vart det slutt paa samtalen millom dei, og dei bad farvel med einannan. Snorre reid heim, og Gudrun til Tykkvaskog. Morgonen etter reid Gudrun fraa

Tykkvaskog, og med henne sønerne hennar. Daa dei reid ut etter Skogastrand, saag dei nokre kom ridande etter dei; dei reid kvasst og uaadde snart att dei. Det var Torgils Hallason. Dei helsa der vel og sømeleg paa kvarandre, og reid no alle saman ut til Helgafell um dagen.

Kapittel 60

Faa dagar etter Gudrun var heimkomi, tok ho sønerne med seg ut i laukgarden sin; ho vilde tala ved dei, sagde ho. Men daa dei kom der, saag dei at der laag linklæde utbreidde, ei skjorta og ei linbrok, og dei var fælt blodute. Daa sagde Gudrun: "Desse same klædi som de ser her, dei ropar paa dykk etter farhemn. No vil eg ikkje bruka mange ord; for ikkje er det von at eggjande ord kann bita paa dykk, um de ikkje vort vekte av vitringar og minningar som desse." Dei klokk fælt brørne, daa Gudrun sagde dette; men dei svara daa at dei hadde vore unge til aa søkja hemnen og hadde ingen til aa gaa fyre seg; dei kunde ikkje leggja raader upp korkje for seg sjølv eller andre; "men me kunde daa hugsa kva me hadde mist," sagde dei. Gudrun sagde at ho meinte dei hugsa meir paa heste-slaasting og leikar. Deretter gjekk dei burt. Natti etter fekk brørne ikkje sova. Torgils vart var det, og spurde kva det var paa ferd. Dei segjer honom alle dei ordi som hadde falle millom dei og mor deira, og at dei kunde ikkje lenger bera si sorg og lastordi fraa mori. "Me vil søkja hemn," segjer Bolle; "no er me brør so vaksne, at folk vil segja oss det mykje paa, um me ikkje gjer noko." Dagen etter talast Torgils og Gudrun ved, og Gudrun sagde: "Det tykkjest meg, Torgils, som sønerne mine ikkje vil finna seg i aa sitja soleis still lenger, men at dei vil søkja hemn etter far sin. naar det hev drygt til no med detta, so er det for di eg tykte Torleik og Bolle var for unge til aa fara paa manndraap, um det og hev vore grunn nok til aa tenkja paa dette noko fyrr." Torgils svarar: "Du tarv ikkje tala til meg um detta, naar du so tvert liev negta aa vilja gifta deg med meg. Men eg hev same hugen no som fyrr, naar me hev tala um detta; fær eg deg, daa agtar eg det ikkje so stor ei sak aa stikka i hel ein, eller um det var tvo og, av dei som var Bolle næst, daa han vart drepen." Gudrun sagde: "Eg trur ikkje Torleik kann tinna nokon som er so lagleg til aa vera fyremann, um harde raader skal faa framgang. Men eg vil ikkje dylja for det, at gutarne etlar aa stemna mot berserken Helge Hardbeinson, som sit i Skorradal paa garden sin og ikkje uggar det slag." Torgils sagde: "Eg er likeglad, anten han heiter Helge eller kva han heiter; for eg reknar korkje Helge eller nokon annan for yvermannen min, naar det gjeld eit tak. Eg stend ved alt det eg fyrr hev sagt um dette, so sant du lovar meg vitnefast aa gifta deg med meg, um eg fær fram hemnen med sønom dine." Gudrun sagde at ho skulde halda alt det ho batt seg til, um det vart gjort med mange eller faa vitne, og at no skulde det verta avgjort. Ho bad honom kalla paa Halldor, fostbror sin, og paa sønerne hennar. Torgils vilde at Ørnolv og skulde vera med. Gudrun sagde det turftest ikkje; neg hev mindre tru paa truskapen hans Ørnolv enn du hev," sagde ho. Torgils sagde daa ho skulde raada. Brørne kom no til Gudrun og Torgils; Halldor var og med. Gudrun greider no saki ut for dei og segjer so: "Torgils hev lova aa vera fyremann for ei ferd med sønom mine mot Helge Hardbeinson og hemna Bolle; men han hev sett det til vilkaar, at han skal faa meg til kona. No kallar og dykk til vitne paa det, at eg lovar Torgils at eg ikkje skal gifta meg med nokon annan mann som er her i lande enn honom, og i andre land etlar eg ikkje aa gifta meg." Torgils tykte no detta kunde vera godt nok, og saag ikkje der laag noko under. Dermed vart denne samtalen slutt. No var det avgjort, at Torgils skulde gjeva seg paa ferdi. Han drog fraa Helgafell, og med honom sønerne hennar Gudrun. Dei reid inn i dalarne og fyrst heim til Tunga.

Kapittel 61

Næste sundagen var det leid, og Torgils reid dit med flokken sin. Snorre gode var ikkje paa tinge; men dor var mykje folk. Torgils gav seg i tale med Torstein svarte og sagde: "Du veit du var med Olavsønerne daa Bolle vart drepen; du hev ikkje bøtt den saki aat sønom hans. Um det og er lenge sidan dette gjekk fyre seg, so trur eg ikkje det hev gjenge dei or minne, kven det var som var med paa den ferdi. No tykkjer dei brørne at det samar seg minst for dei aa hemna seg paa Olavsønerne, for

frendskaben si skuld; men dei etlar aa venda hemnen mot Helge Hardbeinson, av di han gav Bolle banesaar. No vil me beda deg, Torstein, at du skal vera med dei brørom paa denne ferdi og soleis kjøpa deg sjølv fred og forlik." Torstein svarar: "Ikkje samar det seg for meg aa gjera svikraad mot Helge, maagen min. Eg vil mykje helder kjøpa meg fred for gods og gjeva so mykje at dei skal tykkja dei hev æra av det. Torgils svarar: "Ikkje trur eg dei brørne gjer dette for aa faa gods. Du tarv ikkje dylja for deg sjølv, Torstein, at du hev berre tvo kaar aa velja imillom: aa gjeva deg med paa ferdi, eider sjølv fara ille, so snøgt dei kann koma seg tii med det. Eg tykkjer du skulde gjeva deg med paa detta, um du og er i skyldskap med Helge. naar folk kjem i slik knipa, daa lyt kvar syta for seg." Torgils sagde og: "Det vil verta sett fleire slikt kaar av dei som er saka mot sønom hans Bolle," og endaa lagde han attaat: Lambe vil og faa det same vale." Torstein sagde han tykte det vart betre daa, naar han ikkje vart aaleine um det. Etter dette kallar Torgils Lambe aat seg og bed Torstein høyra paa, og so sagde han: "Eg vil tala med deg, Lambe, um det same som eg hev bore fram for Torstein. Kva vil du bjoda sønøm hans Bolle i bot for den saki dei hev paa deg? For det er sagt oss for visst, at du gjekk paa Bolle, og du er dess meir saka, av di du eggja mykje til at Bolle skulde verta drepen. Du hadde og meir grunn enn dei andre til ikkje aa vera so hard, Olavsønerne undantekne." Lambe spurde kva dei kravde av honom. Torgils sagde at dei vilde krevja det same av honom som av Torstein, at han skulde gjeva seg med paa ferdi i lag med sønom hans Bolle. Lambe segjer: "Illee og umannslegt tykkjer eg det er aa kjøpa fred paa slik vis. Eg er ikkje huga paa denne ferdi." Daa sagde Torstein: "Det er ikkje so sjølvsagt, Lambe, at du skal draga deg undan ferdi so snøgt; for her er store menner med, og dei som er mykje verd, og som lenge hev sete med ubøtt skade. Det er sagt meg um sønerne hans Bolle, at dei er sterke og djerne menner, som ikkje gjev seg, og dei hev mykje aa hemna. Me kann ikkje venta anna etter slikt storverk, enn at det lyt kosta oss noko. Meg vil folk leggja dette mest til last, av di Helge er maagen min; men eg tykkjer - og so vil visst dei fleste segja - at live gjeng fyre alt; den knipa som fyrst kjem lyt ein fyrst greida seg utor." Lambe sagde: "Det er lett aa høyra kva du vil, Torstein, og eg trur det er best du fær raada i detta, naar du tykkjer det er so sjølvsagt; for me tvo hev lenge halde ihop naar det kneip. Men det vil eg krevja, naar eg skal ganga med paa detta, at frendarne mine, Olavsønerne, skal faa sitja i fred og ro, um hemnen yver Helge fær framgang." Torgils lovar dette for brørom. Het vart daa avgjort, at Torstein og Lambe skulde gjeva seg med Torgils paa ferdi, og det vart avtala, at dei skulde koma til Tunga i Hordadal um tri dagar tidleg um morgonen. Dermed skildest dei, og Torgils reid heim til Tunga um kvelden.

Det leid no til den tidi dei hadde avtala at dei skulde koma til Torgils, dei som skulde fara med honom. Tridje morgonen, fyrr soli rann, kom Torstein og Lambe til Tunga, og Torgils tek vel mot dei.

Kapittel 62

Torgils gjer seg no reiden, og dei rid upp gjennom Hordadal, tie i fylgje. Torgils var styraren for flokken. Med honom var Bollesønerne, Bolle og Torleik; den fjerde var Tord katt, bror deira; den femte Torstein svarte, den sette Lambe, den sjuande og aattande Halldor og Ørnolv, den niande og tiande Svein og Hunboge, søner aat Alv fraa Dalom. Dei var alle stridføre menner. Dei reid upp til Sovandeskard og yver Langvatns-dal, og so tvert yver Borgarfjord; dei reid yver Norderaa ved Øyarvade, og yver Kvitaa ved Bakkavade, straks ovanfor garden; so reid dei gjennom Røykjardal, og so yver halsen til Skorradal, og so upp gjennom skogen nær ved garden Vatnshorn. Der steig dei av hestom; daa var det langt paa kvelden lide. Garden

Vatnshorn ligg ikkje langt fraa vatne sunnanfor aai. Torgils sagde daa aat fylgje sitt at dei skulde vera der um natti; "men eg vil fara heim til garden," sagde han, "og sjaa etter um Helge er heime; det er sagt meg, at han som oftast berre hev faa menner hjaa seg, men at han er ovleg var um seg og kviler i eit velstengt soverom." Fyigje hans Torgils bad honom sjaa etter. Torgils skifter no khede; han slengjer av seg den blaae kappa si og tek paa seg ei graa uvers-kufta. lian fer heim til garden, og daa han er

komen mest burtaat gjerde, daa ser han ein mann kjem gangande imot honom, og daa dei møtest, segjer Torgils: "Du tykkjer visst eg spør rart, kar; men kva er det for ei bygd eg er komen til? Og kva heiter denne garden? Og kven er det som bur her?" Mannen segjer: "Du lyt vera nokolite toskut og faavis, som ikkje hev høyrte gjete Helge Hardbeinson, slik kjempa og stormann som han er." Torgils spør daa um Helge var god mot ukjende folk som kom til honom, og som var mykje nøydde um hjelp. Han svarar: "Det er det sanneleg berre godt aa segja um; for Helge er retteleg ein stormann baade med aa taka mot framandfolk og all annan gjævskap." "Er Helge heime no?" spør Torgils; "eg vilde beda honom taka imot meg." Den andre spør kva som var paa ferd med honom. Torgils svarar: "Eg vart lyst fredlaus paa tinge i sumar, og no vilde eg sjaa til aa faa noko hjelp hjaa ein mann som var noko til kar; so vilde eg bjoda honom mi tenest og fylgjeskap att. No skal du fylgja meg heim til garden, til Helge." "Gjerne kann eg gjera det," segjer han, "og fylgja deg heim, for du kann vera viss um du fær vera hor i natt; men Helge raakar du ikkje, for han er ikkje heime."

Torgils spør daa kvar han var. Han svarar: "Helge er paa sætri si, Sarpsætri dei kallar." Torgils spør kvar det var, og kven som var med honom. Han sagde at Hardbein, sonen hans, var der, og tvo andre menn, som var fredlause, og som han hadde teke imot. Torgils bad honom visa seg vegen til sætri; "for eg vil raaka Helge, so snøgt eg kann," sagde han, "og faa svar paa erendi mi." Den andre syntte honom leidi, og dermed skildest dei. Torgils snur til skogs att til fylgje sitt, og segjer daa kva han hadde fenge visst, og korleis det hadde seg med Helge; "no skal me halda oss her i natt," sagde han, "og ikkje fara til sætri fyrr i morgon." Dei gjorde som han sagde. Dei reid ikkje til sætri fyrr seint paa morgonen. Dei reid upp gjenom skogen, til dei berre var eit lite stykke fraa sætri; daa baud Torgils dei skulde stiga av hestom og eta dagverd. Dei so gjorde og drygde der ei stund.

Kapittel 63

No er aa fortelja fraa sætri, at Helge var der, og med honom tvo menn, som fyrr er sagt. Helge rødde um morgonen med saugjætaren sin, at han skulde fara um i skogen frammed sætri og sjaa etter um nokon menn for der, elder um der var noko anna aa sjaa; "hardt hev draumar plaaga meg i natt," segjer han. Guten fer, soleis som Helge sagde. Han var burte ei stund, og daa han kom att, spør Helge kva han hadde set. Han svarar: "Eg hev set det som eg tenkjer er verdt aa fortelja." Helge spør kva det var. Han sagde han hadde set menn, og det var ikkje so reint faa, og eg trur ikkje dei var her-ifraa herade." Helge sagde: "Kvar var dei, daa du saag dei? Og kva tok dei seg fyre? Og ansa du noko paa klædebunaden deira, og korleis dei saag ut?" Han svarar: "Eg vart ikkje so reint forhufsa, at eg ikkje agta paa slikt som eg visste du vilde spyrja etter. Dei var ikkje langt fraa sætri, og dei heldt paa og aat dagverd." Helge spurde um dei sat i ring elder ut fraa einannan. Han sagde dei sat i ein ring og paa salom sine. Helge sagde: "Seg meg no korleis dei saag ut; eg vil vita um eg kann gjeta meg til kven detta kann vera." Guten segjer: "Der sat ein mann i ein maala sål; han hadde blaa kappa; han var stor og manneleg, vikut og noko tannber." Helge segjer: "Denne mannen kjenner eg vel av det du segjer; du hev set Torgils Hallason vestantil Hordadal; men kva kann den kjempa vilja oss?" Guten sagde: "Næst honom sat ein mann i ein gyllt sal; han hadde raud skaralkskjortel og gullring paa armen, og eit gullband var knytt um hovude hans; han hadde gult haar, som lokka seg heilt ned aat aksiom; han var ljøsleitt og hadde kroknasa, men som stod noko upp framautil; had hadde væne, blaa, ljose, kvasse augo, breid skalle, og var rund i kjakom; han hadde brunklipt haar; han var herdebreid og tjukkfallen um bringa; han hadde overlag fagre hender og sterke armar, og all hans aatferd var fin, og det maa eg segja til slutt, at eg hev aldri set so staut ein mann i alle maatar; han var reint ungvoren og, so skjegghaari hans var berre smaae endaa. Han saag ut som han var troten av sorg." Daa svara Helge: "Nøgje hev du set paa denne mannen, og det maa vera mykje til kar; men ikkje kann eg hava set honom. Men eg trur eg kann gjeta meg til kven det er; eg trur at det hev vore Bolle Bolleson; for det er meg sagt, at han er ein emneleg mann." "So sat der ein mann i ein blank sill; han hadde gulgrøn kjortel, og paa handi hadde han eit stort fingergull. Denne mannen var overlag væn og laut vera ung

endaa; haare hans var brunt og fall fagert, og han var i alt ein framifraa fin mann." Helge svarar: "Eg trur eg veit kven denne mannen er, som du no hev fortalt um; det er visst Torleik Bolleson. Du er ein klok kar og gløgg til aa sjaa." "Næst honom sat ein mann i blaa kjortel og svart brok, med belte um live; han hadde eit rett-skore og smalt, men fagert and lit, og kvitt haar, og tedde seg fint." Helge svarar: "Denne mannen kjenner eg; eg hev set honom med han var reint ung; det lyt vera Tord Tordson, fosterson hans Snorre gode. Dei hev mykje fint folk vestfjordingarne. Men kven fleire var der?" "So sat der ein mann i ein skotsk sal, graa i skjegge og myrk i brunom, med stridt, svart haar, og ikkje mykje ruvande, men djerv saag han ut; han hadde ei graa skinnkappa yver seg." Helge svarar: "Det skynar eg greidt, kven denne mannen er; det er Lambe Torbjørnson fraa Laksaadal; men ikkje veit eg kvifor han er med desse brørom." Guten sagde: "So sat der ein mann i stand-sal, med ei blaa hettekappa utanpaa og sylvring paa handi; han saag ut som ein bonde og noko-lite til aars; han hadde myrkt krulla haar og eit ær i andlite." "No versnar fraasegni mykje," svarar Helge, "der hev du set Torstein svarte, maagen min, og visst tykkjer eg det er underlegt, at han er med i denne ferdi; ikkje vilde eg heimsøkja honom paa slik vis. Men kva er det so meir?" Han svarar: "So sat der tvo menner; dei var like og saag ut til aa vera midalders menner og dugande karar; dei kådde raudt haar og var frek-nuto i andlite, men saag godt ut likevel." Helge sagde: "Det er godt aa sky na, kven desse mennerne er; det er Aarmodsønerne, Halldor og Ørnolv, fostbrørne hans Torgils. Du er god til aa skilja folk. Men hev du no rekna alle dei mennerne du saag?" Han svarar: "Enno er ikkje tale fullt. Næst dei sat ein mann som snudde seg utor ringen; han hadde spongbrynja og staalhuva paa hovude, og brote paa huva hans var ei hand breidt; han hadde ei blank øks paa oksli, med egg som visst var ei aln lang. Denne mannen var svartøygd og saag ut som ein viking." Helge svarar: "Denne mannen kjenner eg vel av det du segjer; det hev vore Hunboge den sterke, son hans Alv fraa Dalom, og vandt er det meg aa skyna kva dei vil. Men det er visst, at mykje utvalde menner hev dei til den ferdi." Guten sagde: "Endaa sat der ein mann næst denna sterke mannen: han hadde svartbrunt haar, var tjukk og raud i andlite og hadde store augnebruner, han var vel-so medels høg." Helge sagde: "No tarv du ikkje segja meir um honom; det hev vore Svein, bror hans Hunboge. Me lyt finna paa eikor raad mot desse mennom; for det trur eg, at dei vil hava fat i meg, fyrr dei fer utor herade, og det er dei mennerne i denne ferdi som vilde tykt det skaplegt, um dei hadde raaka meg noko fyrr. No skal dei kvinnorne som er her paa sætri skunda seg og hava paa seg karmannsklæde, og taka dei hestarne som er her ved sætri og rida so hardt dei kann til vinterhusi; kanskje dei som sit og lurer paa oss ikkje vert vare um det er karar elder kvinnor som rid. Dei lyt gjeva oss lite tid, fyrr me kann faa mannskap aat oss; men daa er det ikkje so visst, korleis det gjeng." Kvinnorne reid daa burt, 4 i lag.

Torgils tviler for at Helge kunde ha fenge spurt til dei; han bad dei taka hestarne sine og rida paa, so hardt dei kunde, og so gjorde dei. Men fyrr dei steig til hest, kom ein mann ridande burtaat dei og for ikkje dult; han var liten paa vokster og ovende kvik og hadde ein lettvint hest. Han helsa kjent paa Torgils. Torgils spør honom etter namn og ætt, og kvar han kom ifraa. Han heitte Rapp, sagde han, og hadde mor-aetti si i Breidafjorden, og der var han oppvaksen. "Eg hev namne hans Viga-Rapp," sagde han, "og det fylgjer med namne, at eg er ikkje nokon godfjotting, um eg er liten paa vokster. Paa farsida er eg fraa Sørlande, og no hev eg vore der nokre vintrar. Det hev bore heppeleg til, Torgils, at eg hev raaka paa deg her; for eg etla aa leita upp deg likevel, um eg skulde lote træla noko meir ined det. Men eg er ille ute; eg hev vorte usams med husbonden min; han for ikkje vønt aat med meg, og eg hev det med namne, at eg vil ikkje lata meg soleis neisa av folk, og so tok eg paa honom; men eg trur ikkje han hadde noko mein av det; i alle fall var det lite. Men det var ikkje lang stundi eg freista vera der sidan; for eg tykte meg berga, straks eg kom paa ryggen av denne hesten, som eg tok fraa bonden." Kapp sagde mykje og mangt, men spurde berre um lite, av di dei daa var reide; men han skyna snart likevel at dei etla stemna mot Helge, og det let han vel um og sagde at han skulde ikkje vera den attarste.

Kapittel 64

Dei reid no kvast paa og fram or skogen. Dei saag 4 menner reid fraa sætri; dei dreiv og kvast paa. Daa sagde sume av fylgjesveinom hans Torgils at dei skulde rida etter dei so snøgt dei kunde. Daa segjer Torleik Bolleson: "Lat oss fyrst koma til sele og sjaa kven som er der; for det kann eg aldri tru, at detta er Helge og fylgjesveinarne hans; eg tykkjer det er berre kvinnfolk." Dei fleste sagde honom imot; men Torgils sagde at Torleik skulde raada; for han visste at Torleik var framifraa gløggsynt. Dei snudde seg daa mot sætri. Hopp fer framanfyre og rister spjote som han hadde i handi, og stakk fram fyre seg og sagde at no galdt det aa freista seg. Helge og dei som var hjaa honom vart ikkje var dei, fyrr dei var ved sele og hadde teke hus paa dei; dei stengde døri og tok vaapni sine. Hopp spring straks upp aat sele og spurde um reven var inne. Helge svarar: "Det er fulla difor du tykkjer han er noko av eit skadedyr, han som bur her inne, at han kann bita dei som kjem for nær hola," og dermed stakk han spjote ut um selsglug-gen og gjenom Hopp; han fall daud til jordi. Torgils baud dei fara varleg og agta seg for aa lida skade faa-nyttes; for me hev magt nok," sagde han, "til aa vinna sele og raada paa Helge der som han no er komen, for eg trur ikkje her er mange menner imot oss." Sele var bygt um ein aas som laag paa gavlveggjom, og aasendarne stod ut, og det var berre einlagt tak paa huse og ikkje grasgrott. Daa sagde Torgils at nokre menner skulde gaa burtaat aasendom og taka so hardt i at aasen laut rjuka elder innrafterne gaa av; nokre skulde passa paa døri, um dei vilde freista koma ut. Dei var 5 der inne i sele: Helge og Hardbein, son hans, som var 12 aar gamall, og so saugjætaren hans og tvo andre menner, som hadde kome til honom døn sumaren og var fredlause; den eine heitte Torgils, den andre Øyolv. Torstein svarte og Svein Dala-Alvson stod utanfor selsdøri; men dei andre reiv take av sele og hadde skitt arbeide millom seg; Hunboge den sterke og Aarmodsønerne tok i den eine aasenden, og Torgils og Lambe og Gudrunsonerne i den andre; dei tok no so hardt i aasen so han rauk av. Med det same stakk Hardbein atgeiren sin utor sele gjenom eit hol i døri og raaka Torstein svarte i staalhuva; atgeiren gjekk gjenom og inn i skallen, so det vart eit ovleg stort saar. Daa sagde Torstein, som sant var, at der var folk der inne. Daa sprang Helge ut um døri so djervt at dei som nærast stod kvakk undan. Torgils stod daa mer ved, og hogg etter honom med sverde; det raaka honom i oksli, og det vart eit stort saar. Helge snudde seg daa mot honom og hadde ei vedøks i handi. "Enno torer gamlen sjaa mot vaapn," segjer han og heiv øksi mut Torgils so ho raaka honom i foten, og det vart eit stort saar. Daa Bolle saag detta, daa fer han mot Helge med Fotbit i handi og stakk sverde gjenom honom; det vart banesaare hans. Fylgjesmennerne hans Helge sprang straks utor sele, og med dei Hardbein. Torleik Bolleson sette imot Øyolv; han var ein sterk mann. Torleik hogg til honom med sverde og raaka honom i laare ovanfor knee og tok av foten; han fall daud til jordi. Men Hunboge den sterke sprang mot Torgils og hogg til honom med øksi, raaka honom i ryggen og kløyvde honom midt i tvo. Tord katt stod nær ved der Hardbein sprang ut, og vilde straks gaa paa honom; men daa Bolle saag dette, sprang han burtaat og baud honom ikkje gjera Hardbein nokon skade. "Her skal ingen mann gjera skamverk," sagde han, "og Hardbein skal hava grid." Helge hadde ein annan son, som heitte Skorre; han var til fostrings paa England i søre Reykjardal.

Kapittel 65

Etter dette reid Torgils og fylgje lians derifraa og yver halsen til Reykjardal, og lyste der desse draapi paa seg. Sidan reid dei same leidi vestetter som dei hadde fare vestantil. Dei stadna ikkje fyrr dei kom til Hordadal. Dei segjer no korleis det hadde gjenge dei paa ferdi. Det gjekk stort ord av denne ferdi, og folk tykte det var mykje til storverk, naar slik ei kjempa hadde falle som Helge var. Torgils takkar mykje dei som hadde fylgt honom, og det gjorde Bollesønerne og. Dermed skildest dei som hadde vore med Torgils paa ferdi. Lambe reid vest til Laksaadal og kom fyrst til Hjarðarholt og fortalde frendarne sine der vel um det som hadde hendt i Skorradal. Dei let ille um ferdi hans og lasta honom mykje for det; dei sagde han hadde dømt seg meir i ætt med Torbjørn skrjup enn med Myrkjartan irarkonge. Lambe vart vreid og sagde det hōvde seg ille for dei aa klandra honom; "for dykk hev eg

fritt undan dauden," sagde han. Sidan skifte dei ikkje mange ord med einannan; for dei vart ikkje blidare av detta nokon av dei. Lambe reid heim til garden sin.

Torgils Hallason reid ut til Helgafell, og med honom Gudrunsønerne og Halldor og Ørnolv, fostbrørne hans. Dei kom til Helgafell seint um kvelden, etter alle hadde lagt seg. Gudrun stod opp og baud folk staa opp og gaa til handa. Ho gjekk til stova og helsa paa Torgils og dei alle og spurde kva tidend dei hadde. Torgils helsa henne att; han hadde daa lagt av seg kappa og vaapni og sat opp til uppstandarom. Han hadde raudbrun kjortel og eit breidt sylvbelte um live.

Gudrun sette seg ned paa benken hjaa honom. Daa kvad Torgils denne visa:

Heimsøkt hav me om Helge;
ramnen fekk lik aa svelgje.
Fagert vart tune lita
av dei som med Torleik seg kjæta.
Tri let me deran falle,
gode karar alle,
kunnig med vaapn aa tinge.
Hemn for Bolle me fingo.

Gudrun spurde daa vel etter, kva som hadde hendt dei paa ferdi. Torgils svara, etter kvart som ho spurde. Gudrun sagde det var ei radig ferd, og dei skulde hava takk for hemnen. Deretter fekk dei mat, og daa dei var mette, vart dei fylgt til sengs; sov dei daa um natti. Dagen etter gjekk Torgils til Gudrun og vilde tala med henne. Han sagde: "Det hev seg no so, Gudrun, som du veit, at eg hev fullført hemnen du bad meg um, og eg meiner eg hev greidt den vel. Du minnest vel og kva du hev lova meg for det 5 no tykkjer eg eg hev rett til løni." Daa sagde Gudrun: "Det er ikkje so lenge sidan me talast ved, at det skulde hava gjenge meg or minne, og eg etlar fullt og fast aa halda alt det me vart samde um. Men kjem du i hug korleis avtalen var millom oss?" Torgils sagde at det kom ho fulla i hug sjølv. Gudrun svarar: "Eg trur eg lova deg eg ikkje skulde gifta meg med nokon annan mann her i lande enn med deg, eider hev du noko aa segja derimot?" Torgils sagde ho mintest, rett. "Det er vel," segjer Gudrun, "at me minnest eins i dette, og eg vil ikkje lenger dylja det for deg, at eg trur ikkje det er so laga, at eg skal verta di kona. Eg tykkjer eg held alt det eg hev lova deg, um eg gifter meg mod Torkjel Øyolvson; for han er ikkje no her i lande." Daa vart Torgils eldande raud og sagde: "Vel skynar eg kvar denne bylgja kjem veltande fraa; det hev stedt kome kalde raader mot meg derifraa; detta hev Snorre gode funne paa." Dermed spratt Torgils straks opp og var rasande vond; han gjekk til fylgje sitt og sagde at han vilde rida derifraa. Torleik likte det ille, at dei hadde stelt det so at Torgils ikkje skulde faa det som han vilde, men Bolle heldt med mor si. Gudrun sagde dei skulde gjeva Torgils gode gaavor og soleis gjera honom blid att, men Torleik meinte det vilde ikkje hjelpa; "for Torgils er mykje for storfelt ein kar til aa vilja slaa seg til ro med smaating i detta," sagde han. Gudrun sagde at so fekk han trøysta seg heime. Torgils reid no fraa Helgafell, og med honom fostbrørne hans: han kom heim til Tunga, garden sin, og var storleg ille nøgd.

Kapittel 66

Den vinteren fekk Usviv sott og døydde. Det tyktest stor skade, for han hadde vore ein framifraa klok mann. Usviv vart lagd i grav ved Helgafell; for Gudrun hadde daa late byggja ei kyrkja. Same vinteren fekk Gjest Oddleivson sott, og daa det leid til enden, daa kalla han til seg Tord laage, son sin, og sagde: "Eg kjenner det paa meg, at denne sotti vil skilja oss. Eg vil de skal føra meg til Helgafell, foldet vil verta den største heilagdomen her i bygdum; eg hev ofte set ljøs der. Deretter døydde Gjest. Det hadde vore ein kald vinter, med mykje is, og Breidafjorden hadde lege langt utyver, so det ikkje var raad aa koma med skip fraa Bardastrand. Like hans Gjest stod tvo næter paa Hage; men andre natti

vart det so kvast eit ver at all isen dreiv fraa land, og dagen etter var det godt, stilt ver. Tord tok eit skip og førde like hans Gjest um bord; dei for sudyver Breidafjorden um dagen, og kom um kvelden til Helgafell. Der vart Tord vel motteken og var der um natti. Um morgonen vart like hans Gjest lagt i jordi, og han og Usviv kvilde i same gravi. Daa vart spaadomen hans Gjest oppfylt, at det skulde verta stuttare millom dei enn daa ilen eine var paa Bardastrand og den andre paa Sæ-lingsdalstunga Tord den laage for heimatt, straks alt var fraa seg gjort; men natti etter vart det eit rasande ver, so all isen dreiv til lands att, og det heldt seg lenge slikt um vinteren, at ikkje skip kunde fara der; tykte folk detta var sers merkelegt, at det laga seg so dei fekk fara med like hans Gjest, naar det ikkje var framkjømt korkje fyrr elder sidan.

Kapittel 67

I Langadal budde ein mann heitte Torarin; han var godordsmann, men ikkje megtug. Son hans heitte Audgisl; han var ein radig kar. Torgils Hallason tok godorde fraa dei. Audgisl for aat Snorre gode og sagde honom den uretten dei hadde lide, og bad honom um hjelp. Snorre svara berre vel, men gjorde ikkje mykje av dot. Han sagde: "Den lange Hallaslampen held seg fram og vert mykje til kar no! Skal Torgils daa aldri raaka paa nokon som ikkje vil tola allslags av honom? Ja visst er han stor og glup, det er lett aa sjaa; men det hev nok hendt, at slike menner som han hev kome til Hel dei og." Snorre gav Audgisl ei sylvslegi øks, daa han for.

Um vaaren drog Torgils Hallason og Torstein svarte sud til Borgarfjorden og baud sønerne hans Helge og andre frendarne hans bøter. Det vart forlik, og det vart sett ei stor bot paa dei; Torstein reidde ut dei tvo tridjepartarne, og Torgils skulde ut med ein tredje-part; det skulde han greida paa tinge. Um sumaren reid Torgils til tings. Daa dei kom til raune ved tingvollen, saag dei eit hardla stort kvinnfolk koma gangande mot dei. Torgils reid imot henne; men ho veik undan og kvad detta:

Faare paa ferd,
um fremst dei seg trur
og vel seg varar
for Snorres velor!
Ingen kann vara seg;
raadvis er Snorre.

Dermed gjekk ho sin veg. Daa sagde Torgils: "Sjeldan gjekk det so, med eg hadde lukka med meg, at du for fraa tinge naar eg for til tings. Torgils reid no til tings til budi si, og i fyrstningi var tinge stilt. Ein dag bar det so til paa tinge, at mannsklaede vart uthengde til turkings. Torgils hadde ei blaa hekla; ho var breidd ut paa budveggen. Folk hørde at Hekla kvad detta:

Heng paa veggen vaat
hekla, veit um daad.
Oftast turr paa ting ho var aa sjaa;
ikkje dyl eg, no ho anna peikar paa.

Detta tykttest eit stort under. Dagen etter gjekk Torgils vestyver aai og skulde reida ut boti til sønom hans Helge; han sette seg ned paa flatberge ovanfor buderne; med honom var Halldor, fostbror hans, og fleire til. Sønerne hans Helge kom til møte. Torgils tok no til aa rekna sylve. Audgisl Torarinson gjekk der frammed dei, og i det same Torgils nemnde elleve, daa hogg Audgisl til honom, og alle tykttest høyra at hovude nemnde elleve, daa det fauk av halsen. Audgisl sprang til budi aat Vatnsfjordingom, men Haldor sprang straks etter honom og hogg honom i hel i bud-døri. Denne tidendi kom til budi hans Snorre gode, at Torgils Hallason var drepen; men han svara: "Du hev visst ikkje set rett, det var fulla Torgils Hallason som var draapsmannen." "Hovude fauk endaa av skrotten,"

segjer mannen. "Daa lyt det vel vera sant," segjer Snorre. For dette draape vart det gjort forlik, som so ga hans Torgils Hallason fortel.

Kapittel 68

Same sumaren som Torgils Hallason vart drepen kom eit skip til Bjarnarhamn; det aatte Torkjel Øyolvson. Han var daa so rik at han hadde tvo knarrar ute; den andre kom til Bordøyre i Rutsfjord; baae var ladde med timber. Daa Snorre gode spurde at Torkjel var komen, reid han straks til skips. Torkjel tok imot honom ovleg blidt; han hadde mykje drikke med seg um bord og sparde ikkje paa det; vart daa og mangt tala dei imillom. Snorre spurde etter tidender fraa Noreg. Torkjel fortel um alt baade godt og vel. Snorre fortel honom alt det som hadde bore til paa Island, med Torkjel hadde vore burte. „No kom det tyre meg," sa Snorre, "det raade som eg gav deg fyrr du for utanlands, at du skulde halda upp med ferdom og slaa deg til ro og faa deg det gifte som daa vart paa tale." Torkjel svarar: „Eg skynar kva du meiner, og eg hev ikkje skift hug sidan den gongen me talast ved; for eg vil ikkje meinka meg so godt og gjævt eit giftarmaal, naar eg kann faa det." Snorre sagde: "Det byd eg meg til, og det er eg reidug til, aa vera maalsmannen din i dotta. No er og tvo hinder or vegen rudde; fyrst det som tyktest deg verst, um du skulde faa Gudrun; for noer Bolle hemnd, og endaatil hev Torgils fenge sin bane." Torkjel sagde: "Djupt gjeng raaderne dine, Snorre, og det er visst, at eg vil freista naa detta giftarmaale." Snorre var paa skipe i nokre næter; deretter tok dei ein tendring som laag og flaut der ved skipe, og 25 mann, og drog til Helgafell. Gudrun tok overlav vel imot Snorre; ho fagna dei paa det beste, og daa dei hadde vore der ei natt, gav Snorre seg i tale med Gudrun og sagde: "Det er no vorte til di, at eg hev fylgt venen min, Torkjel Øyolvson, hit. No er han hit komen, som du ser, og erendi hans hit er aa bedla til deg. Han er ein gjæv mann, Torkjel; du kjenner hans ætt og haatt; det skortar honom ikkje paa gods, og eg tykkjer ingen mann er so fallen til hovding her vestpaa no, um han vil hava med detta aa gjera. Han er vel vyrd her ute; men mykje meir er han vyrd i Noreg hjaa dei høgste der." Daa svarar Gudrun: "Sønerne mine, Torleik og Bolle, lyt hava mest aa segja i denne saki; men næst dei er du, Snorre, den mannen eg helst vil taka paa raad i dei saker som er meg mykje um aa gjera; for du hev lenge gjeve meg heppelege raad." Snorre sagde han tykte det var sjølvsagt, at ho ikkje skulde visa Torkjel fraa seg. Deretter sende Snorre bod paa sønerne hennar Gudrun, sagde dei saki og synte dei for ein studnad dei kunde faa av Torkjel, som var so rik og kunde sjaa til dei med so mykje, og tala tint um detta. Daa svara Bolle: "Mor mi skynar nok dette best, og eg vil samtykkja i det ho vil; men visst tykkjer eg det er raadlegt aa sjaa mykje paa det, at du Snorre er fyretalsmann for dette; for du hev gjort oss storleg vel paa mange maatar." Daa sagde Gudrun: "Mykje lyt me lita paa di umsut i denne sak, Snorre, for raaderne dine hev stødt vore til lukka for oss." Snorre talde til, alt det han kunde, og det vart avgjort, at det skulde verta giftarmaal millom Gudrun og Torkjel. Snorre baud seg til aa halda gjestebode heime hjaa seg. Torkjel likte dette vel; "for det skortar ikkje meg paa raad til aa leggja til so mykje de vil," sagde han. Daa sagde Gudrun: "Eg vil at dette gjestebode skal vera her paa Helgafell; eg tykkjer ikkje det hev stort aa segja aa hava kostnaden med di, og eg vil ikkje krevja korkje av Torkjel elder andre at dei skal hava stræv med dette." "Ofte syner du det, Gudrun," segjer Snorre, "at du er ei storfelt kvinna." Det vart daa til di, at brudlaupe skulde staa paa Helgafell 6 vikor fyre vinternæterne. Snorre og Torkjel for daa burt, Snorre heim, og Torkjell til skipe sitt; han for av og til um sumaren; sumtid var han paa Tunga, sumtid ved skipe.

Det leid no til gjestebode. Gudrun hadde det annt baade med tillaging og tilstellingar. Snorre kom til lage med Torkjel, og dei hadde innpaa 60 mann; det var mykje utvalt folk, for dei fleste hadde lita klæde.

Gudrun hadde bedt mest 100, ho og Bolle og Torleik og fyrebodsmennerne gjekk imot Snorre og fylgje hans og tok vel imot dei. Hestarne og utanpaaklædi deira vart tekne fraa dei, og dei vart fylgt inn i stova; der vart dei sessa paa den høgste benken, medan dei som Gudrun hadde fekk den lægste.

Kapittel 69

Denne hausten hadde Gunnar Tidrandebane vorte send til Gudrun, at ho skulde gjeva honom hjelp og opphald. Ho hadde og teke mot honom; men namne hans var halde dult. Gunnar hadde vorte dømd fredlaus for di han hadde drepe Tidrande Geiteson fraa Krossavik, som det er fortalt i Njardvikingasoga; han laut gøyma seg vel; for mange stormenner hadde ettor-maal der. Den fyrste kvelden i brudlaupe, daa folk gjekk stad og vilde tvaa seg, stod ein stor mann ved vatne; han var baade akslebreid og bringebreid; han hadde hatt paa hovude. Torkjel spurde kven han var. Han gav seg eit namn som han syntest. Torkjel sagde: "Du segjer ikkje sant; du er meir likt til aa vera Gunnar Tidrandebane; men er du so stor ei kjempa som folk segjer, daa kann du ikkje vilja dylja namne ditt." Daa svara Gunnar: "Du tek det kvast; eg trur ikkje helder eg tarv dylja meg for deg; du hev kjent mannen rett; men kva hev du no tenkt deg ti! aa gjera med meg?" Torkjel sagde at det skulde han straks faa sjaa, og baud mennerne sine at dei skulde taka honom. Men Gudrun sat inne paa tverpallen og hjaa henne andre kvinnor med lin paa hovude, og straks ho vart var detta, steig ho ned av brudbenken og ropte paa mennerne sine, at dei skulde hjelpa Gunnar, og baud dei ikkje spara nokon mann som vilde brjota freden der. Gudrun hadde mykje fleire folk, og det snudde seg no annarleis enn Torkjel hadde meint. Snorre gode gjekk i millom og bad dei stilla denne stormen. "Du Torkjel skal ikkje leggja deg so hardt i dette," sagde han; "no kann du sjaa kor mykje til menneskje Gudrun er, naar ho tek magti fraa oss baae." Torkjel sagde han hadde lova namnen sin, Torkjel Geiteson, at han skulde drepa Gunnar, um han kom der vestpaa, "og han er min gode ven," sagde han. Snorre sagde: "Det er mykje sterkare band som bind deg til aa gjera som me vil, og det er raadlaust anna for di eigi skuld; for du fær aldri ei slik kona som Gudrun, um du leitar vidt." Daa Snorre sagde detta, og Torkjel saag det var sant, spakna han, og Gunnar vart fylgd burt um kvelden. Lage gjekk baade godt og gildt, og daa det vart slutt og dei skulde fara, gav Torkjel Snorre og alle stormennerne overlag store gaavor. Snorre bad Bolle Bolleson heim til seg, og baud honom vera hjaa seg so lenge han berre vilde. Bolle tok imot det og Reid heim til Tunga.

Torkjel busette seg no paa Helgafell og tok styringi der, for han var likso skapleg til di som til aa fara paa kjøpferd. Han let straks same hausten riva ned skaalen, og sette upp ein ny til vinteren, og den var baade stor og røseleg. Samlive var kjærlegt og godt millom Torkjel og Gudrun. Vinteren leid. Vaaren etter spør Gudrun kva han vil gjera for Gunnar Tidrandebane. Torkjel sagde ho fekk raada for di; "du hev teke det so hardt," sagde han, "at du vert fulla ikkje nøgd, minder han vert sømeleg fylgd av garden." Gudrun sagde han hadde gjete rett; "eg vil," sagde ho, "at du skal gjeva honom eit skip og so mykje føring attaat at han ikkje tarv sakna noko." Torkjel log og svara: "Stortenkt er du i mangt, Gudrun, og dette høver vel med ditt lag aa vera paa; eg skal gjera som du vil med dette." Og so vart gjort. Gunnar takka mykje, daa han tok imot gaava; "eg vert fulla aldri so langhendt," sagde han, "at eg kann faa lønt dykk all den hjelpi de hev gjeve meg." Gunnar for fraa lande og kom til Noreg til gardom sine. Gunnar var storleg rik; han var ein retteleg stormann og ein god kar.

Kapittel 70

Torkjel Øyolvson var ein stor hovding; han vart svært vensæl og mykje vyrd, og han vart ein megtug mann i herade og førde mange saker; men um ting-trætterne hans er her ingenting fortalt. Paa Snorre nær vart Torkjel den megtugaste mannen i Breidafjorden so lenge han livde. Han sat godt paa garden sin; han bygde alle husi paa Helgafell store og sterke; han merkte og grunnvollen til ei kyrkja, og lyste til, at han etla faa seg kyrkjetimber. Torkjel og Gudrun fekk ein son, som fekk namne Gjelle; han vart snart ein emneleg gut.

Bolle Bolleson var sumtid i Tunga, sumtid paa Helgafell; han stod seg ovleg godt med Snorre. Torleik Bolleson var paa Helgafell. Dei brørne var store og dugande menner; men Bolle var den fyrste i alt. Torkjel var god med stykbornom sine. Bolle var no 16 vintrar, og Torleik 20; daa sagde Torleik aat mor si at han vilde fara utanlands. Eg leidest av aa sitja heime som kvinnfolk." sagde han; "eg vilde ynskja eg kunde faa raad med aa fara utanlands." Torkjel svara: "Eg trur ikkje eg hev vore motviljug mot dykk brør, sidan eg vart stykfar dykkar. Eg tykkjer det er rimelegt nok, at du er huga paa aa sjaa andre folks seder; for eg ventar du kjem til aa verta halden for ein hæv kar, kvar du kjem i lag med dugande menner. Torleik sagde han hadde ikkje mykje gods; "for uvisst er det, korleis det lagar seg for meg," sagde han; "eg er ung og uvitug i mangt." Torkjel sagde han skulde faa det som han vilde. Sidan kjøpte Torkjel aat honom eit skip som stod uppe paa Dogurdarnes; han fylgde honom til skipe og budde honom vel til heimantil med alt. Torleik for daa fraa lande um sumaren. Daa han kom til Noreg, var kong Olav den heilage hovding yver lande. Torleik for straks aat kong Olav. Han tok vel mot honom; han kjendest ved ætti hans og baud honom til seg. Torleik takka for bodi. Han var hjaa kongen um vinteren og vart hirdmannen hans, og kongen vyrde honom mykje. Han fekk ord for aa vera ein hæv kar, og han var kjaa kong Olav nokre vintrar.

No er aa fortelja um Bolle Bolleson. Den vaaren daa han fyllte det 18de aare, sagde han aat Torkjel og mor si at han vilde dei skulde løysa farsarven hans. Gudrun spør kva han etla seg til, med di han kravde gods av dei. Bolle svarar: "Eg vil faa meg ei kona, og eg vil faa deg Torkjel til aa vera min hjelpesmann, so det kunde lukkast." Torkjel spurde kva det var for ei kvinna han vilde beda um. Bolle svarar: "Ho heiter Tordis og er dotter aat Snorre gode; ho er den kvinna som eg helst vil hava, og fær eg ikkje henne, vil eg ikkje gifta meg snøgt. Det er meg og mykje um aa gjera, at detta gjeng godt." Torkjel svarar: "Det er ikkje meir enn skyldnaden min, at eg hjelper deg med dette, naar det er deg um aa gjera, og eg hev den voni, at Snorre straks vil gjeva sitt samtykkje til det; for han ser nok at bode er godt, naar det er du." Gudrun sagde: "Det vil eg segja beintfram, Torkjel, at eg vil ikkje spara noko, so Bolle kann faa det gifte som han vil, baade av di eg elskar honom mest, og han hev vore den trufastaste av bornom mine til aa gjera etter min vilje." Torkjel sagde at han etla seg til aa løysa Bolle ut vel; "det er mange grunnar som gjer det rimelegt; for eg trur det vil løna seg godt aa kjøpa hans venskap," sagde han. Lite etter drog Torkjel og Bolle med mange mann til Tunga. Snorre tok godt og blidt imot dei og synte dei rett godviljen sin. Tordis Snorresdotter var heime hjaa far sin; ho var ei væn og framifraa kvinna. Og dei hadde ikkje vore i Tunga mange dagar, fyrr Torkjel ber fram for Snorre friingi hans Bolle og talar saki hans, at han vil verta maagen hans og faa Tordis, dotter hans, til kona. Snorre svarar: "Detta er eit godt bod, slikt som eg kunde venta det av deg, og eg vil ikkje svara anna enn godt paa det; for eg tykkjer Bolle er ein overlag emneleg mann, og den kvinna tykkjest meg godt gift som fær honom. Men det lyt mest staa til Tordis sjølv, korleis ho likar det; for ho skal ikkje faa annan mann enn ho sjølv vil hava." Friarbode kjem for Tordis; men ho svarar at ho vilde gjera som far hennar vilde, og ho var meir huga paa aa verta gift med Bolle i si eigi heimbygd enn med ein ukjend mann lenger undan, og daa Snorre saag at det ikkje var henne imot aa taka Bolle, so vart dette avgjort, og ho vart fest aat honom. Snorre skulde halda brudlaupe hjaa seg, og det skulde staa ved midsumarsleite. Dermed reid Torkjel og Bolle heim til Helgafell, og Bolle var no heime, til brudlaupstidi kom. Torkjel og Bolle drog no heimantil, og med dei alle dei som dei vilde hava med seg, og det var baade mykje og gjævt folk. Dei reid av stad og kom til Tunga, og vart der ovleg vel mottekne; der var mykje folk og eit gasta lag. Daa lage var slutt, for folk heim att. Snorre gav baade Torkjel og Gudrun sømelege gaavor. Bolle vart att i Tunga, og det vart snart stor elsk millom honom og Tordis. Snorre gjorde seg ogso mykje fyre, at Bolle skulde hava det godt, og var jamvel betre mot honom enn mot bornom sine egne. Bolle var honom mykje takksam for di, og let vel um korleis han hadde det i Tunga den vinteren.

Sumaren etter kom eit skip fraa have inn i Kvitaa; det halve aatte Torleik Bolleson, det andre halve nordmänner. Daa Bolle fekk spurt det, reid han straks sud til skipe; vart daa brørne glade, daa dei møttest. Bolle var der nokre dagar, og so reid baee brørne vest til Helgafell. Baade Torkjel og Gudrun tok blidt imot dei og baud Torleik vera der um vinteren. Det tok han imot. Torleik vart verande paa Helgafell ei tid, reid so sidan til Kvitaa og let setja upp skipe og flytja varorne sine "der vest. Torleik hadde vunne mykje baade gods og æra; for han hadde vore i tenest hjaa den gjævaste kongen, Olav Haraldson. Han var no paa Helgafell um vinteren, men Bolle i Tunga.

Kapittel 71

Vinteren etter Torleik var heimatt-komen, kom brørne jamnan saman og talast ved, og ikkje heldt dei gaman korkje med leikar elder onnor moro. Ein gong, som Torleik var i Tunga, tala dei heile jamdøger med einannan. Snorre tyktest daa skyna at dei hadde noko stort fyre seg. Han gjekk daa til dei; dei helsa venleg paa honom og slutta straks samtalen. Han helsa dei att og sagde: "Kva er det tor raader de hev fyre dykk, so de korkje lær sova elder eta?" Bolle svarar: " Dette er inkje raader; det hev ikkje stort aa segja, det nie røder um." Men daa Snorre skyna at dei vilde halda det dult for honom alt det dei tenkte paa, og han ottast for at det som dei tala so mykje um var slikt so det kunde koma mykje ugreda utor det, um det fekk framgang, daa sagde han aat dei: "Ikkje trur eg det er korkje tullsnakk elder gamansegner de held paa so lenge med, og um so er, so skal eg ikkje lasta dykk for det; men gjer so vel og seg meg det, og dyl det ikkje for meg! Det kann ikkje verta verre av di me alle er med paa aa avgjera denne saki; for eg vil aldri staa imot at det fær framgang som dykkar æra kann veksa ved." Torleik tykte at Snorre heldt med dei, og sagde honom i faa ord kva dei etla seg til aa fara mot Olavsønerne og ikkje spara dei; for no meinte dei dei var ikkje laakare dei enn Olavsønerne, daa Torleik hadde vorte hirdmann hjaa kong Olav, og Bolle maag aat ein slik hovding som Snorre. Snorre svara som so: "De hev fenge hot nok for draape hans Bolle, daa Helge Hardbeinson bømte for honom; det hev vorte ugredt nok fyrr millom folk, so det er paa tid det vert slutt ein gong." Daa svarar Bolle: "Kva slag, Snorre! Du er ikkje so kvass med hjelpi no som du letst i stad. Ikkje skulde Torleik enno hava sagt deg kva me etla oss til, um han hadde samraadt seg med meg um det fyrst. Og naar du segjer at Helge vart til hemn for Bolle, daa er det alle kunnigt, at det vart bømte for draape hans Helge; men far min er ubømte." Daa Snorre saag at han ikkje kunde faa dei paa andre tankar, daa baud han seg til aa søkja forlik med Olav-sønom helder enn aa taka til manndraap, og det var brørne nøgde med. Snorre reid daa til Hjarðarholt med nokre mann. Halldor tok vel imot honom og baud honom vera. Snorre sagde han skulde rida heim-att, men at han hadde ei erend som det var skyldnaden hans aa bera fram. Dei tok daa til aa talast ved, og Snorre kom daa fram med erindi; han hadde vorte var det, sagde han, at Bolle og Torleik ikkje lenger var nøgde med di at Olavsønerne ingi bot hadde lagt for far deira. "Men no vilde eg freista aa faa forlik," sagde han, "og faa visst um det ikkje skulde verta ende paa all denne frende-ulukka." Halldor tok detta godt upp og svara: "Det veit eg vel, at Torgils Hallason og Bollesønerne etla seg til aa yverfalla meg elder brørne mine, til du fekk dei til aa leita seg hemn ein annan stad, so dei let hemnen raaka Helge Hardbeinson i staden. For detta hev du fortent takk av os frendar, kva du elles hev gjort oss imot fyrr." Snorre sagde: "Eg tykkjer at det er mykje um aa gjera, at det gjeng godt med erendi mi, og at eg kann faa stelt det so at det vert trygt forlik millom dykk frendar; for eg kjenner dei mennerne som hev med dykk aa gjera i denne saki, so eg veit dei vil halda vel alt det som dei vert forlikte med dykk um." Halldor svarar: "Det vil eg ganga med paa, so sant brørne mine vil, aa leggja bot for draape paa Bolle, etter som dei menner dømer som til di vert tekne; men daa krev eg at ingen skal verta dømd fredlaus, og so krev eg undanteke godorde mitt og garden min, like eins dei gardarne som brørne mine bur paa, og det vil eg hava gjort fast, at dei skal hava dei fritt og frelst for den avgjerdi som i saki vert teki. Og so skal kvar taka sin skyns-mann." Snorre svarar: "Detta er eit godt og gjævt bod, og detta vil brørne taka ved, um dei vil sæta mitt raad noko." Snorre reid daa heim og segjer brørne korleis det hadde gjenge med erendi hans, og at han ikkje vilde hava noko med saki aa gjera, um dei ikkje samtykte i dette. Bolle bad honom raada for det, "og det vil eg", sa han, "at du

Snorre skal vera skyns-mannen vaar." Daa sender Snorre bod aat Halldor, at dei hadde samtykt i forlike, og bad honom velja ein skynsmann til aa møta med honom. Halldor valde daa til skynsmann for seg Steintor Torlaakson fraa Øyro. Forliksmøte skulde vera paa Draugar paa Skogastrandi, fire vikor etter sumarmaal. Torleik Bolleson reid til Helgafell, og det er ikkje meir aa fortelja fraa vinteren; men daa det leid til den tidi som avtala var il møte, daa kom Snorre gode med Bollesønom, 15 mann i alt, og likso mannsterk kom Steintor til møte. Snorre og Steintor tok daa til aa talast ved; dei vart samde um saki og fekk forlik i stand; men ikkje veit me kor mykje dei lagde vit; berre det er oss agt, at hoti vart utgreidd som ho skulde, og semja haldi. Paa Torsnesting vart pengarne utreidde. Halldor gav Bolle eit godt sverd, og Steintor Olavson gav Torleik ein skjold, som og var mykje verd. Sidan vart tinge slutt, og baae partarne tykte dei hadde aera av denne saki.

Kapittel 72

Etter at dette forlike var gjort, daa Torleik hadde vore tvo vintrar paa Island, lyste Bolle til, at han etla seg utanlands. Snorre talde ifraa og sagde: "Eg tykkjer det er eit stort vaagespel korleis det gjeng deg; men stundar du paa aa raada yver meir enn du nu gjer, daa vil eg lata deg faa gard og grunn og hjelpa deg til, so du kann setja bu for deg sjølv og dermed faa hovdingskap og vyrndad i alle maatar, og det trur eg skal verta ei lett sak; for dei Heste menner hev godvilje til deg." Bolle svarar: "Eg hev lenge havt hug til aa koma til sudland! ein gong; for den mannen tykkjest ikkje vita mykje, som ikkje er kjend vidare enn her paa Island." Daa no Snorre saag at Bolle hadde sett seg detta fyre, so det ikkje kunde nytta aa telja ifraa, daa baud han honom aa taka med seg so mykje gods som han vilde til ferdi. Bolle sagde han vilde gjerne hava mykje gods med seg; "eg vil ikkje liva paa naade hjaa nokon mann," sagde han, "korkje her elder utanlands." Deretter reid Bolle sud til Borgarfjorden til Kvitaa, og kjøpte halvt i eit skip aat seg og bror sin, so dei skulde eiga det ihop; so reid han heim att. Bolle og Tordis hadde ei dotter, som heitte Herdis; denne gjenta baud Gudrun seg til aa fostra. Ho var aarsgamall daa ho kom til Helgafell; Tordis var og der lange leite, og Gudrun var overlag kjærleg mot henne.

Kapittel 73

Baae brørne for no til skipe. Bolle hadde mykje gods med seg. Dei reidde skipe og sette til havs; dei fekk sein bør og var lenge paa have; um hausten tok dei Noreg nord ved Trondheim. Kong Olav var aust i lande; han sat i Viki og hadde stelt seg paa aa hava vintersæte der. Daa no brørne spurde det, at kongen ikkje kom nord til Trondheim den hausten, daa segjer Torleik at han vil sigla austpaa aat kong Olav. Bolle svarar: "Eg er lite um aa reka kjøpstad-millom ved hausttider; det vert berre naud og møda. Eg vil sitja her i byen i vinter; det er meg sagt, at kongen vil koma her nord til vaars; men kjem han ikkje, daa vi eg ikkje setja meg imot at me fer aat honom." Bolle fekk raada; dei rudde no skipe sitt og tok herberge uppe i byen. Det synt seg snart, at Bolle var ein mann som vilde tram og vera framum andre; det lukkast honom og; for mannen var gjev mild, og han fekk snart stor vyrndad i Noreg. Bolle heldt sveit um vinteren i Trondheim, og naar han gjekk til samanskotlag, var det lett aa sjaa, at mennerne hans hadde betre khr.de og vaapn enn anna byfolk; han gjorde og utleggi aaleine for alle mennerne sine, naar dei sat i lagi. Og paa same visi var han romhendt og stormannsleg i alt. Han og bror hans var no i byen um vinteren. Denne vinteren sat kong Olav aust i Sarpsborg, og det spurdest astantil, at det var ikkje von til han vilde koma der nord. Tidleg um vaaren gjorde brørne skipe sitt rei-dugt og for aust med lande; det gjekk radt med ferdi, og dei kom aust med Sarpsborg og for straks til kong Olav. Kongen tok vel imot Torleik, hirdmannen sin, og fylgje hans, og spurde so kven han var, denne staute mannen som var i lag med Torleik. "Det er bror min," svara Torleik, "og han heiter Bolle." "Visst er han ein grepa kar," sagde kongen. Kongen baud dei vera hjaa seg; det tok dei imot med takk, og var hjaa kongen um vaaren. Kongen tykte godt um Torleik, som han fyrr hadde gjort; men likevel mætte han Bolle mykje meir; for han, tykte han, var reint framifraa. Daa det leid utpaa vaaren, talast brørne ved, um kva dei no skulde gjera. Torleik spurde um Bolle vilde fara ut til Island

um sumaren, elder um han vilde vera lenger i Noreg. Bolle svarar: "Eg etlar meg ikkje til noko av dette; sant aa segja, so var det meiningi mi, daa eg for fraa Island, aa fara so langt at det ikkje skulde spyrjast til meg i næraste lande. No vil eg, frende, at du skal taka skipe vaart." Torleik tykte ille um at dei skulde skiljast, men vilde at Bolle skulde raada i dette som i anna. Dette same sagde dei aat kongen og; men han svara som so: "Vil du ikkje vera hjaa oss lenger, Bolle? Eg vilde lika det best, um du vilde vera hjaa meg ei tid, og eg vil gjeva deg same namneboti som eg gav Torleik, bror din." Daa svarar Bolle: "Stor hug hadde eg, herre, til aa binda meg til deg; men fyrst vil eg fara dit eg fyrr hev etla meg, og som eg lenge hev stunda. Men gjeng det meg so vel at eg kjem att, daa vil eg gjerne taka imot detta bode." "Du lyt sjølv raada for ferdom dine, Bolle!" sagde kongen; "for de islendingar er for det meste einvise; men det vil eg segja deg til slutt likevel, at eg tykkjer du Bolle er den merkelegaste mannen som hev kome hit fraa Island i mine dagar." Daa Bolle hadde fenge orlov av kongen, budde han seg til ferdi og gjekk um bord paa ein kogg som skulde sud til Danmark. Um vinteren var han i Danmark; han hadde og mykje gods med seg, og nokre av fylgje-sveinom hans var og med honom paa ferdi. Torleik vart att hjaa kong Olav; men Bolle gjorde si ferd, og vart mykje vyrd av megtuge menner, kvar han kom. Daa han hadde vore ein vinter i Danmark, drog han aat andre land, og gav seg ikkje fyrr han kom ut aat Miklagard. Han var ikkje lenge der, fyrr han vart uppteken millom væringarne. So vidt me hev spurt, er Bolle Bolleson den fyrste nordmannen som gav seg i tenest hjaa Miklagards-kongen. Han var i Miklagard noko-mange aar; han hadde ord for aa vera djervaste mannen, der det galdt, og gjekk jamnan dei fremste næst. Væringarne sette stor pris paa Bolle, med han var i Miklagard.

Kapittel 74

No er aa fortelja um Torkjel Øyolvson, at han sit heime paa garden sin og i hovdingskapen sin. Gjelle, son hans med Gudrun, voks upp der heime; han vart snart karsleg og vensæl. Ein gong, er det sagt, fortalde Torkjel Gudrun ein draum han hadde havt; "eg drømde", sagde han, "at eg hadde so stort skjegg at det rokk yver heile Breidafjorden." Han bad Gudrun raada draumen. "Kva meiner du denne draumen skal tyda?" spurde Gudrun. "Det er greidt aa sjaa, tykkjer eg; magti mi skal rekka yver heile Breidafjorden." "Kanskje," sagde Gudrun: "men helder trur eg det er so, at du kjem til aa duppa skjegge ditt i Breidafjorden." Same sumaren sette Torkjel skipe sitt i sjøen og budde seg til Noregs-ferd. Gjelle, son hans, var daa 12 aar gamall; han fylgde far sin. Torkjel gjorde kunnigt at han etla faa seg kyrkjetimber. han siglde til havs straks han var buen; dei hadde ei god yverferd, men ikkje snøgg; dei tok Noreg nord i lande. Daa sat kong Olav i Trondheim. Torkjel drog straks aat kong Olav, og Gjelle var med honom; dei vart der godt mottekne, og Torkjel vart so mykje vyrd av kongen den vinteren, at det er sagt for visst, at kongen gav honom ikkje mindre gods enn 100 mark Brent sylv. Til jol gav kongen Gjelle ei kappa; det var eit herlegt plagg og ein kosteleg ting. Den vinteren let kong Olav byggja ei tre-kyrkja i byen; det skulde verta ein stor munster og mykje fyre seg gjord. Um vaaren vart det timbre ført til skips som kongen gav Torkjel; det vart stort og godt timber, for Torkjel var sjølv med og tok det ut. Tidleg ein morgon gjekk kongen ut med faae menner; han saag ein mann tippi den kyrkja som dei heldt paa og bygde; kongen kjende mannen; det var Torkjel Øyolvson; han tok maal paa alle dei største stokkom, baade bitarne og stavlæggorne og uppstandarane. Kongen gjekk straks burtaat honom og sagde: "Kva slag, Torkjel! etlar du aa taka etter detta maale det kyrkjetimbre som du vil flytja til Island?" Torkjel svarar at det var meiningi. Daa sagde kong Olav: "Hogg tvo alner av kvar storstokk, og endaa vil den kyrkja verta den største paa Island." Torkjel svarar: "Tak sjølv timbre ditt, um du tykkjer du hov gjeve for mykje; men eg vil ikkje hogga ei aln av det; eg hev raad med aa faa meg anna timber." Daa svarar kongen reint stillferdleg: "Du er ein gjæv kar, Torkjel; men no gjer du deg for stor; for det er ofse av ein bondeson aa vilja kappast med oss. Men ikkje er det sant, at eg vil negta deg timbre, um du kann faa lukka til aa byggja ei kyrkja av det; for ho vert ikkje so stor at alt ovmode ditt fær rom i henne. Men det kjem meg i hugen, at folk kjem til aa faa lite gagn av detta timbre, og at du ikkje fær gjort noko storverk av dot." Dermed vart det slutt paa samtalen; kongen

snudde seg fraa honom, og ein kunde sjaa han tykte det var ille, at Torkjel ikkje wilde sæta det han sagde. Men kongen let ikkje detta koma upp, og han og Torkjel skildest med stor kjærleike. Torkjel steig um bord og sette til havs; dei fekk god br og var ikkje lenge um ferdi; dei kom til lands i Ruta-fjorden. Torkjel reid straks heim til Halgafell, og alle var glade, daa dei saag honom att. Han hadde vunne stor æra av denne ferdi. Han let setja upp skipe sitt og fekk det under tak, og fekk kyrkjetimbre upplagt.

Han sat no heime um vinteren paa garden sin, og hadde mykje folk hjaa seg; han slo stort paa i alt den vinteren, og det var ikkje Gudrun imot; ho sagde at det var det gods var til, at folk kunde verta sterre av det, og det synte seg og, at ho fekk stelt alt paa stor-mannsvis. Torkjel gav den vinteren venerne sine mange kostelege ting soin han hadde havt med seg ut fraa Noreg.

Kapittel 75

Etter jol drog Torkjel heimantil nord til Ruta-fjorden og wilde flytja timbre sitt sudtil. Han reid fyrst um Dalarne, og derifraa til Ljaaskogar, til Torstein, frenden sin, og raadde seg til folk og hestar; sidan for han nord til Rutafjorden og vart verande der ei stund og umraadde seg til ferdi. Han samla aat seg hestar der omkring fjorden; for han wilde ikkje gjera fleire vendingar, um han kunde sleppa. Detta gjekk ikkje sngt. Han hadde stræv med dette alt fram til lang-fasta; daa fekk han det i gang. Han kyrde timbre sudtil med yver tjuge hestar, og lagde det paa Ljaayre; derifraa etla han aa Hytja det til skips ut til Helgafell. Torstein hadde ei stor ferja; den wilde han sjaa til aa faa laant, naar han skulde fara heitnatt. Torkjel var i Ljaaskogar i fasta; for det var god venskap millom dei frendom. Torstein sagde til Torkjel at det fall so laglegt til for dei no aa fara til Hjardarholt; "eg vil kjpa jord av Halldor," sagde han; "for han hev lite lausyre, sidan han lagde ut bterne aat Bollesnerne for far deira, og den jordi er slik at eg helst wilde hava henne." Torkjel sagde han kunde gjerne det. Dei fr heimantil og var i alt vel 20 mann. Dei kom til Hjardarholt, og Halldor tok vel imot dei og let munnen ganga. Det var ikkje mange mann heime; for Halldor hadde sendt mennerne sine nord i Steingrimsfjorden; der hadde det kome ein kval upp paa eign hans. Beine den sterke var heime; han var den einaste som daa var i live av dei mennom som hadde vore hjaa Olav, far hans. Daa Halldor saag Torstein og fylgje hans kom ridande, hadde han sagt til Beine: "Eg skynar greidt kva erend dei frendarne hev; dei vil kjpa jordi mi av meg, og um so er, vil dei beda um aa faa meg i tale, og det er von dei vil setja seg paa kvar si sida aat meg. Men trugar dei meg daa med noko vondt, daa skal ikkje du vera seinare til aa setja paa Torstein enn eg paa Torkjel. Du hev lenge vore oss frendar tru ; eg hev og sendt bod til nraste gard etter folk; eg wilde ynskja det maatte hva so til, at dei kom nett som me slutta samtalen." Daa det leid ut paa dagen, bad Torstein Halldor at dei alle tri skulde gaa til samtala; "me hev ei erend aat deg", sagde han. Halldor hadde ikkje noko imot det. Torstein sagde aat fylgje sitt at det var det same, um dei ikkje gjekk med dei; men Beine gav seg med likevel; for han tykte det saag ut til aa gaa soleis som Halldor hadde gjete. Dei gjekk eit langt stykke burt paa tune. Halldor hadde paa seg ei sauma kappa, som var ihop-fest med eit langt neste, som daa var brukelegt. Han sette sog ned paa vollen, og Torkjel og Torstein paa kvar si sida aat honom, og so nr at kappa hans vart under dei; men Beine stod yver dei med ei stor ks i handi. Daa sagde Torstein: "Det er erendi mi hit, at eg vil kjpa jord av deg; dette vil eg no tala med deg um, av di Torkjel, frenden min, er med meg. Dette tykte eg skulde hva godt for oss baae; for det er meg sagt, at du hev for lite lausyre, men mykje god jord. Eg skal gjeva deg ein smeleg bustad i staden, og so mykje imillom som me kann verta samde um. Halldor letst ikkje so uviljug i fyrstningi, og dei kom innpaa kjpevilkaari, og daa dei tykte det ikkje var mykje som skilde, daa lagde Torkjel seg mykje frami og wilde faa dei forlikte um kjpe. Daa drog Halldor seg meir ifraa; men dei sette dess hardare paa, og vart det til di, at dess meir dei gjekk innpaa honom, dess lenger kom dei fraa einannan. Daa sagde Torkjel: "Ser du ikkje, Torstein frende, korleis dette gjeng? Halldor hev drege saki ut for oss i all dag, og me hev sete her til narr for honom; er du no huga paa aa kjpa jordi, so skal me gaa honom nrare." Torstein sagde daa han wilde hava

greidt svar, og bad Halldor segja beint ut, um han vilde selja jordi aat honom. Halldor svarar: "Eg tenkjer eg tarv ikkje dylja for det, at du kjem til aa fara heimatt i kveld forutan nokon handel." Daa sagde Torstein: "Og eg tenkjer eg tarv ikkje lenger venta med aa segja deg det, som fyrr er paatenkt, at deg er tvo kaar etla; for me trur oss hava magti denne gongen, av di me hev fleire folk. Det eine er det, at du god vi ljug gjeng under paa detta, og daa skal du hava vaar venskap for dot; men det andre er verre, eg det er det, at du mot din vilje gjev meg handi paa at eg skal eiga Hjardarholts land." Daa no Torstein tala so drjuge ord, daa spratt Halldor upp, so hardt at nesti brast or kappa hans, og sagde: "Fyrr skal anna hendast enn eg segjer det eg ikkje vil." "Kva daa?" spør Torstein. "Buløksi aat den verste mannen skal staa i hovude ditt og gjera til inkjes all ofsen og uretten din." Torkjel svara: "Detta er ille spaatt, og so trur eg ikkje det skal gaa; men no trur eg du er so saka, Halldor, at me kann krevja at du yverlæt di jord og ikkje fær noko for henne." Daa svarar Halldor: "Fyrr skal du spennu um heile Breida-fjorden med ei tangflugsu, fyrr eg yverlæt jordi mot min vilje." Dermed gjeng Halldor heim, og no samla seg folk aat garden, dei som han hadde bodsendt. Torstein var hardla vreid og vilde straks gaa paa Halldor. Torkjel bad honom ikkje gjera det; det var det verste tihøve aa gjera det no, sagde han; "men sidan skal eg ikkje draga meg undan eit basketak med honom." Halldor meinte han skulde vera buen til aa taka mot dei; dei kunde koma naar dei vilde. So reid dei burt, og rødde mangt seg imillom um denne ferdi. Torstein sagde det var visst, at det hadde vore ei skrøpeleg ferd; "men kvifor vart du so rædd, Torkjel frende, for aa taka paa Halldor og smyrja upp honom?" Torkjel svarar: "Saag du ikkje Beine, daa han stod yver deg med lyft øks? Det var reint raadlaust; for han vilde straks køyra øksi i hovude paa deg, daa eg saag ut som eg vilde gjera noko." Dei reid no heim; det leid no til siste vika i fasta.

Kapittel 76

Skirstorsdagen tidleg um morgonen vilde Torkjel gjeva seg paa heimferd. Torstein talde ifraa; "det er ikkje likt til at vere er aa lita paa," sagde han. Torkjel sagde at vere var godt nok, "og no skal du ikkje telja meg fraa, frende," sagde han; "for eg vil heim fyre paaske." Torkjel sette no ferja fram og ladde henne; men Torstein bar likso fort ifraa som Torkjel og fylgje hans bar til. Daa sagde Torkjel: "Lat vera med detta no, frende, og heft ikkje ferdi vaar; du fær ikkje raada no denne gongen." Torstein svara: "Han raader no som verste skaden fær, og denne ferdi kjem til aa verta

til stor ulukka." Torkjel ynskte dei maatte møtast vel att Torstein gjekk no heim, og var ikkje glad i hugen; han gjekk inn i stova og bad dei leggja under hovude hans, og det vart gjort; tenestgjenta saag at taarorne rann or augom hans ned paa høgjende. Lite etter kom det ei svær vindkule mot huse. Daa sagde Torstein: "Der høyrer me banen hans Torkjel frende."

No er aa fortelja um ferdi hans Torkjel og dei som var med honom. Dei siglde ut etter Breidafjorden um dagen, og var 10 paa skipe; vere vart kvassare og kvassare, og det vart den hardaste stormen fyrr det gav seg. Dei var raske karar og gjorde sitt beste. Torkjel hadde med seg sverde Skovnung; det laag i slira. Dei siglde til dei kom aat Bjarnarøy, og ferdi deira vart se'dd av folk fraa baae sidor av fjorden; men daa dei var komne dit, slo eit vindkast i segle og kvelvde skipe. Der drukna Torkjel og alle dei mennerne som med honom var. Timbre rak inn aat øyom vidt omkring; hyrnestaven rak aat den øyi som sidan heiter Stavøy. Skovnung hadde vore fest inne i ferja; han fanst ved Skovnungssøy.

Same kvelden som Torkjel og mennerne hans hadde drukna um dagen, hende det paa Helgafell, at Gudrun gjekk aat kyrkja, etter folk hadde lagt seg; men daa ho gjekk gjennom kyrkjegards-lede, daa saag ho ein draug standande framfyre seg; han lutte seg yver henne og sagde: "Stort nytt, Gudrun!" Gudrun svara: "Teg still med di, du ulukkespaamann!" Gudrun gjekk aat kyrkja, som ho fyrr hadde etla seg til; men daa ho kom dit, daa tykte ho ho saag at Torkjel og dei andre var heimkomne og stod utanfyre kyrkja; ho saag vatne rann av klædom deira. Gudrun tala ikkje aat dei, men gjekk inn i kyrkja og var der so lenge ho syntest. So gjekk ho aat stova; for ho meinte Torkjel og lagsmennerne hans laut

hava gjenge dit; men daa ho kom inn i stova, daa var der ikkje ein mann. Gudrun vart ille ved av alt dette. Langfredagen sende ho mennerne sine ut for aa lydast etter ferdi hans Torkjel, sume inn aat Strandi, sume aat øyom og aat baae strendom. Laurdagen fyre paaske spurdest tidendi, og tyktest alle stor; for Torkjel hadde vore ein stor hovding. Torkjel var 41 vintrar gamall daa han drukna; det var 4 vintrar fyrr den heilage kong Olav fall. Gudrun tok seg hardt nær av dauden hans Torkjel; men ho bar det som ein kar. Berre lite vart berga av kyrkjetimbre. Gjelle var daa 14 vintrar gamall; han tok daa gardsstyre saman med mor si, og fekk styre yver mennerne; det synte seg snøgt, at han høvde godt til fyremann. Gudrun vart god kristen; ho var den fyrste kvinna som lærde saltere paa Island. Ho var lange leite i kyrkja um næterne og bad. Herdis, dotter hans Bolle, var jamnan med henne dit um næterne. Gudrun heldt mykje av Herdis. Ei natt, er det sagt, drøymde Herdis at det kom ei kvinna aat henne i ei vovi kapp; ikkje saag ho ut berre som eit skrymt helder, tykte ho, og ho tok til ords: "Seg aat bestemor di at eg er ikkje blid paa henne, av di ho kvar natt trakkar paa meg og drøyper paa meg dropar so heite at eg brenn reint upp; men deg segjer eg dette, av di eg likar deg noko betre, endaa det er noko rart ved deg og; men med deg kunde eg nok semjast likevel, naar eg ikkje tykte det var mindre botevon der Gudrun er." Sidan vakna Herdis og sagde Gudrun draumen. Gudrun tykte det var eit godt syn. Um morgonen etter let ho taka upp nokre fjøler av kyrkje-golve, der ho brukte aa falla paa kne naar ho bad.

Der let ho grava ned i jordi, og der under fann dei bein, blaae og stygge; der fann dei og ei bringesylgja og ein stor seidstav; dei tyktest daa vita at ei volva laut vera nedgravi der. Beini vart daa førde langt burt, der ikkje mannafot kunde koma.

Kapittel 77

Daa 4 vintrar var lidne etter Torkjel Øyolvson hadde drukna, kom det eit skip i Øyjafjorden; det aatte Bolle Bolleson; dei fleste av mannskape var nordmenner. Bolle hadde med seg mykje gods og mange kostelege ting som hovdingar hadde gjeve honom. Bolle var so mykje paa stasen, daa han kom heim etter denne ferdi, at han vilde ikkje bera andre klæde enn av skarlak og pell, og alle vaapni hans var gullsette. Han vart kalla Bolle den prude. Han gjorde kunnigt for skips-folke sitt, at han etla seg vest aat heradom sine, og let dei stella med skipe og varom. Han reid fraa skipe sjølv tolvte; dei var alle i skarlaksklæde og reid paa gyllte salar; dei var alle staselege menner, men Bolle mest; han bar pelsklæde som Miklagards-kongen hadde gjeve honom; utanpaa dei hadde han ei raud skarlaks-kappa; han bar sverde Fotbit, med gullsett hjalte og gull vunde handtak; han hadde gyllt hjelm paa hovude, og paa sida ein raud skjold med ein riddar maala i gull. Han hadde i handi ein lause, som bruk var i utlandom, og allstad der dei tok inn gaadde kvinnorne ikkje anna enn Bolle og stasen til honom og fylgje hans. Soleis reid Bolle vest i bygderne, alt til han kom til Helgafell med sine menner. Det var stor gleda for Gudrun aa sjaa Bolle, sonen sin. Bolle drygde ikkje lenge der, fyrr han reid inn til Sælingsdalstunga og raaka Snorre, værfar sin, og Tordis, kona si. Det vart eit gledelegt møte. Snorre baud Bolle til seg med so mange menner som han vilde. Bolle tok med takk imot bode, og var hjaa Snorre um vinteren med dei mennom som hadde fylgt honom nordantil. Bolle vart namnspurd av denne ferdi. Snorre lagde seg ikkje mindre um aa vera blid mot Bolle no enn fyrr, daa han var hjaa honom.

Kapittel 78

Men daa Bolle hadde vore ein vinter paa Island, fekk Snorre gode sotti. Sotti tok honom ikkje hardt straks; han laag noko lenge; men daa sotti voks, kalla han aat seg frendar og skyldfolk, og daa sagde han til Bolle: "Det er min vilje, at du tek bue og hovding-skapen her etter min dag; eg unner deg ikkje mindre vyrdnad enn mine eigne søner, og den sonen min som eg trur er mest til mann av dei, Halldor, er ikkje no her i lande." Sidan døydde Snorre; han var daa 67 vintrar gamall. Det var eit aar etter kong

Olav den heilage var fallen; so segjer Are prest den frode. Snorre vart gravlagd i Tunga. Bolle og Tordis tok ved styre i Tunga, som Snorre hadde sagt, og sønerne hans Snorre fann seg godt i det. Bolle vart ein framifraa hæv og vensæl mann. Herdis Bollesdotter voks upp paa Helgafell og var ei framifraa væn kvinna. Ho vart gift med Orm, son hans Hermund Illugeson; son deira var Kodraan, som vart gift med Gudrun Sigmundsdotter; son hans Kodraan var Hermund, som fekk Ulvheid, dotter aat biskop Runolv Kjetilson; sønerne deira var Kjetil, som vart abbed paa Helgafell, Rein og Kodraan og Styrme; dotter deira var Torvor, som vart gift med Skjegge Brandsson; fraa dei kjem Skogverjaætti. Bolle og Tordis hadde eia son heitte Uspak; dotter hans var Gudrun, som vart gitt med Torarin Brandsson; sonen deira var Brand, som bygde prestesæte paa Husafell; son hans var Sighvat prest, som budde dor lenge. Gjelle Torkjelson vart gift med Valgjerd, dotter hans Torkjel Areson fraa Røykjanes. Gjelle for til Noreg og var hjaa kong Magnus den gode og fekk av honom 12 øyrar gull og mykje anna godt. Sønerne hans Gjelle var Torkjel og Torgils; son hans Torgils var Are den frode; son hans Are heitte Torgils; son hans var Are den sterke.

Gudrun tok no til aa eldast mykje, og livde i slik sorg som nyst er fortalt; ho vart den fyrste nonna og einbuarkvinna paa Island, og det segjer alle, at ho hev vore den gjævaste av dei kvinnorn som daa var jamborne her i lande. Ein gong, er det sagt, kom Bolle til Helgafell; for Gudrun tykte stødt godt lim at han kom aat henne. Bolle sat lenge hjaa mor si, og mangt vart tala dei imillom; daa sagde Bolle: "Vil du segja meg det, mor, som eg stundar paa aa faa visst? Kven mannen hev du elska mest?" Gudrun svarar: "Torkjel var ein megtug mann og ein stor hovding; men ingen var meire til mann enn Bolle og betre fyre seg; Tord Inngunnsen vår den klokaste av dei og den største logmannen; Torvald gjet eg ikkje." Daa svarar Bolle: "Det sky nar eg vel, som du segjer meg um alle mennerne dine, korleis dei var; men enno hev du ikkje sagt meg kven du elska mest; no maa du ikkje dylja det lenger." "Hardt gjeng du innpaa meg med detta, son min," sagde Gudrun; "men skal eg segja det aat nokon, so skal det helst vera aat deg." Bolle bad henne gjeva det. Daa sagde Gudrun: "Den var eg verst som eg elska mest." "Det trur eg," sagde Bolle, "at no hev du sagt di hjartans meinig, og du hev gjort vel, daa du sagde meg detta som eg stunda paa aa faa visst." Gudrun vart ei gamall kona, og det gjeng det orde, at ho vart blind. Ho døydde paa Helgafell, og der kviler ho.

Gjelle Torkjelson budde paa Helgafell til sin alderdom, og um honom er mangt merkelegt fortalt; han kjem fram i mange sogor, um han her er lite gjeten. Han let byggja ei framifraa gild kyrkja paa Helgafell, som Arnor jarleskald vitnar i den arvedraapa som han gjorde um Gjelle, der han kved greidt um detta. Daa Gjelle var gamall og bøygd av aar, gjorde han ei ferd fraa Island. Han kom til Noreg, men dvalde ikkje lenge der; han gjekk sud til Rom og vilde vitja den heilage apostelen Peter. Paa denne ferdi var han lenge burte; sidan drog han sunnantil, og kom aat Danmark; daa vart han sjuk, og laag lenge, og fekk all kyrkjeleg teneste; deretter døydde han, og kviler i Roskilde. Gjelle hadde havt med seg sverde Skovnung, som hadde vorte teke utor haugen hans Rolv krake; men det vart no burte. Daa det spurdest til Island, at Gjelle var daaen, tok Torkjel, son hans, farsarven paa Helgafell; men Torgils, den andre sonen hans Gjelle, drukna ung i Breidafjorden, og alle dei som var paa skip med honom. Torkjel Gjelleson var ein hag og hendig mann, og hadde ord for aa vera framifraa vis.

Her endar saga um laksdølerne.